

HALDNINGAR TIL EUROPEISK INTEGRASJON

EIN KOMPARATIV ANALYSE AV SVENSKE OG NORSKE LÆREBØKER

ANNE JORDAL MYRSET
MASTEROPPGÅVE I SAMFUNNSFAGDIDAKTIKK
PROGRAM FOR LÆRARUTDANNING



FORORD

Denne teksten er utforma med utgangspunkt i retningslinene for masteroppgåve i fag- og yrkesdidaktikk frå Program for lærarutdanning (PLU). Der står det mellom anna at *“Masteroppgaven utgjør 45 studiepoeng, og skal være på ca. 70-100 sider (ca. 30 000 ord) inkludert innholdsfortegnelse, sammendrag og litteraturliste. Vedlegg kommer i tillegg.”* (Retningslinjer for masteroppgaven i fag- og yrkesdidaktikk). Kommande oppgåve er på 34600 ord og 105 sider. Oppgåva har ingen vedlegg.

Sitat og kjeldetilvising er i samsvar med APA-stilen, som er tilrådd av samfunnsvitskaplege fakultet. Referansane ligg føre i laupande tekst. Der sitatteikn er nytta utan at teksten er sett i kursiv er omsynet å utheve viktige omgrep i teksten, eller å vise til omgrep som er konstruerte i ein gjeven samanheng for å setje ulike tilhøve på spissen.

Eg vil rette ein stor takk til rettleiaren min, Svein Lorentzen, for gode innspel til tekst og struktur, samt for å ha formidla kontakt mellom meg og lærarutdanninga i Sverige. Samfunnsfagseksjonen ved PLU skal ha takk for å ha bidrege med økonomisk stønad i samband med reise til Stockholm. Tilsette ved Stockholms Universitet, og då særskild Agneta Bronäs, har vore til stor hjelp, i høve til innsamling av empiri. På svensk side har òg arkivar ved Rättssekretariatet i Skolverket, Gunnar Haglund, gjort ein framifrå innsats for å gjere svenske læreplanar digitalt tilgjengeleg for meg. Tore Krogh Albertsen ved Sverresborg, Trøndelag Folkemuseum, har opna dørene til læreverkarkivet deira, og tilsette ved PLU har opna for utlån frå sine boksamlingar. Eg er takksam. Ein honnør går òg til medstudentar og lærarar for gjennomføring av masterseminar, innspel under arbeidsprosessen, og korrekturlesing.

Anne Jordal Myrset, 2011-05-02
Stubbetorpet, Östra Bleken, Sverige.

SAMANFATNING

Denne oppgåva samanliknar synet på europeisk integrasjon, og nasjonale presentasjonar, i svenske og norske samfunnsfagbøker frå gymnas/vidaregåande skule. Problemstillingane er: *Korleis vert europeiske integrasjonsforsøk, og debattane kring medlemskap i europeiske samarbeidsorganisasjonar, presentert i norske og svenske lærebøker i historie og samfunnsfag i tre ulike tidsepokar? På kva måte vert innslag av det nasjonale presentert i dei respektive landa sine lærebøker, når ein ser det i samband med framstillinga av europeisk integrasjon?*

Både ein vertikal og ein horisontal inngang til analyse er teken i bruk for å svare på desse spørsmåla. Det diakrone perspektivet ser på utviklinga av bøker frå 1960-talet og fram til 2000-talet, medan den synkrone vinklinga dreier seg om likskapar og forskjellar mellom bøker i Sverige og Noreg. Målet er å vise kva bilete tekstene gjev av emna i problemstillinga, og på grunnlag av presentasjonane avdekkje rådande nasjonale og historiske diskursar. Metoden som er nytta er ein kritisk innhaldsanalyse, basert på element frå teorigrunnlaget til Norman Fairclough og Mikhail Bakhtin. Historiske kontekstar er eit avgjerande forklaringsselement i drøftinga av funna.

Analysen peikar mot at det til dels er store forskjellar mellom presentasjonane. Svenske bøker er meir konsensusprega enn norske, og dei uttrykkjer jamt over ei positiv haldning til europeisk integrasjon. Norske bøker er meir opptekne av å presentere norske vilkår og konsekvensar av EEC/EF/EU-debattane. Dei har generelt sett mål om å vise til at debattane om europeisk integrasjon har to sider. Dei to motstridande posisjonane i spørsmålet om europeisk integrasjon får ikkje plass i svenske bøker. Emne om suverenitet og sjølvråderett har vesentleg større plass i dei norske bøkene. Dette heng i stor grad saman med den tunge vekta på den norske Grunnlova. Historiske endringar får klare konsekvensar for grunngevingar og forklaringar på spørsmål knytt til europeisk samarbeid. I tillegg verkar samtidshistorikaren sin ståstad å vere førande presentasjonane. Legitimeringsgrunnlaget for kvifor ein har eit europeisk samarbeid endrar seg difor frå vere økonomisk fundert til å presentere europeisk integrasjon som resultat av eit fredsprosjekt.

INNHALDSLISTE

Forord	III
Samanfatning	V
1. Innleiing	1
1.1 <i>Problemstillingar</i>	2
1.2 <i>Kvifor europeiske integrasjon?</i>	3
1.3 <i>Kvifor lærebøker som primærkjelder?</i>	4
1.4 <i>Tidlegare forskning</i>	5
2. Teori	7
2.1 <i>Tekst og kontekst</i>	7
2.2 <i>Språk og diskurs</i>	8
2.3 <i>Intertekstualitet, genre og dialogisme</i>	10
2.4 <i>Det teoretiske grunnlaget for kritisk tekstanalyse</i>	12
3. Metode	13
3.1 <i>Kritisk tekstanalyse i praksis</i>	16
4. Empiri	21
4.1 <i>Utval i utvalet</i>	22
4.2 <i>Oversyn over læreverk i analysen</i>	23
5. Periodesetting, skulefagleg og historisk kontekst	25
5.1 <i>Historisk kontekst</i>	26
5.2 <i>Europeiske samarbeid</i>	28
5.3 <i>Bakgrunnsdokumenta</i>	32
5.3.1 <i>Norske læreplaner</i>	32
5.3.2 <i>Svenske læreplaner</i>	35
6. Analysedel	39
6.1 <i>Kva fortel bøkene om europeiske samarbeid?</i>	39
6.1.1 <i>Norske bøker frå 1945-1972</i>	40
6.1.2 <i>Norske bøker frå 1973-1994</i>	42
6.1.3 <i>Norske bøker frå 1995-</i>	44
6.1.4 <i>Oppsummering av innhaldet i dei norske læreverka</i>	45
6.1.5 <i>Svenske bøker frå 1945-1972</i>	46
6.1.6 <i>Svenske bøker frå 1973-1994</i>	47
6.1.7 <i>Svenske bøker frå 1995-</i>	49
6.1.8 <i>Oppsummering av innhaldet i dei svenske læreverka</i>	51
6.2 <i>Analysetema I</i>	52
6.2.1 <i>Grunngjeving i norske bøker</i>	52
6.2.2 <i>Grunngjeving i svenske bøker</i>	54
6.2.3 <i>Grunngjevingane i eit samanliknande perspektiv</i>	56
6.3 <i>Analysetema II</i>	60
6.3.1 <i>Tilhøvet mellom fokus på suverenitet og fokus på samarbeid</i>	64
6.4 <i>Analysetema III</i>	72
6.4.1 <i>Innhaldstunge ord nytta som metaforar</i>	73
6.4.2 <i>Drøfting av metaforbruken</i>	77
6.5 <i>Samanfattande drøfting</i>	78
6.5.1 <i>Hovudtrekk</i>	79
6.5.2 <i>Nasjonalt versus europeisk framstilling</i>	81
6.5.3 <i>Legitimering av eksisterande tilhøve</i>	82
6.5.4 <i>Heilagging av institusjonar</i>	84
7 Konklusjon	89

8 Tekstmateriale til grunn for oppgåva	91
8.1 <i>Primærlitteratur</i>	91
8.2 <i>Bakgrunns litteratur</i>	92
8.3 <i>Bakgrunnskjelder</i>	95
8.4 <i>Teori- og metodelitteratur</i>	95
Tabelliste	97

1. INNLEIING

Den 28. november 1994 røysta fleirtalet av norske borgarar (52,5%) mot å bli med i den Europeiske Unionen. Grannane i Sverige røysta same året for ei tilslutning, og gjekk inn i EU i 1995. I 2001 gav Iver B. Neumann ut den vesle boka *Norge - en kritikk. Begrepsmakt i Europa-debatten*, som skildrar ei historisk opptakt til det norske utfallet. Boka er eit resultat av ein diskursanalyse. Neumann presenterer korleis det å ha makt til å definere representasjonane til eit omgrep, i dette tilfellet termen Noreg, gjev evne til å konstruere røyndomsoppfatninga til folk (Neumann, 2001, s. 18). Neumann sitt hovudpoeng er at næringar som materielt sett ikkje er sterke i landet, som fiskeri- og jordbruksnæringa, kunne vinne sympatisørar til nei-sida fordi den norske diskursen har eit vedheng frå nasjonsbyggingstida. Denne diskursen harmonerer, i følgje Neumann, med førestellingar om verda nei-sida var avhengige av, for å vinne fram med EU-motstanden (Neumann, 2001, s. 24). Forfattaren hevdar at nasjonal symbol- og omgrepsmakt har stått sentralt for mobilisering mot EU.

Neumann si tese har ikkje vore fri for kritikk og motsvar. Oddbjørn Melle er ein av dei som har hevda seg usamd i Neumann sitt perspektiv. I følgje Melle held ikkje ideane til Neumann mål av di han samanliknar den norske samfunnsstrukturen, og staten, med den franske. Det Neumann ikkje tek høgde for, er at det ikkje har eksistert noko tilsvarande omgrep til motkultur i Frankrike (Melle, 2004, s. 480). Diskursanalysen til Neumann vert i følgje Melle for snever, av di han ikkje tek omsyn til den særnorske realiteten.

Dersom ein likevel tek utgangspunkt i Neumann si tese om at materielt marginale næringar, gjennom symbolpolitikk, har makta å forlenge diskursen frå nasjonsbyggingstida heilt fram til folkerøystingane i 1972 og 1994, er det interessant å vurdere om dette er reflektert i skule og utdanning. Viss det skulle eksistere ein diskurs som har røter i samla forsvar for nasjonalstaten, vil avartar av han òg kunne lokalisera i samanhengar som har med skulen å gjere.

Skulen har eit daningsmandat, som manifesterer seg gjennom lovgjevinga, dei sentralt utvikla læreplanane, og andre styringsdokument dei tilsette i skulen må basere yrkesutøvinga si på.

Med einskapsskulen i Noreg og Sverige er dette særleg tydeleg. Alle elevar er utsette for tilnærma dei same læreplanane og vedtektene. Måla i læreplanane legg føringar for innhaldet i lærebøkene. Læreverk er difor eigna til å avdekkje sentrale, nasjonale prioriteringar. I følgje Ola Svein Stugu er læreboka det mest sentrale hjelpemiddelet i høve til oppseding av den oppveksande slekta, og er difor ein dugeleg reiskap for å analysere forståingsformer og verdsorienteringar i samtida (Stugu, 2001, s. 250). Svein Lorentzen stør synet gjennom å argumentere for at historiebøker i skulen eit stykke på veg kan lesast som politiske speglingar av samtida si (Lorentzen, 1990, s. 365). Ei slik oppfatning er òg internasjonalt godkjend. I ei guidebok utgjeven av UNESCO, i samarbeid med Georg Eckert Institut für Schulbuchforschung, hevdar forfattaren Falk Pingel at lærebøker i historie og samfunnsfag er reiskapar for å konstruere elevane sine sjølvbilete. Dette skjer gjennom presentasjonar av det nasjonale, i samspel med framstillingar av det komparative motstykket – dei andre (Pingel, 2010, s. 37-38). På bakgrunn av lærebøkene si rolle i meinings- og identitetsdanning kan ein mellom anna reise to forskingsspørsmål.

1.1 PROBLEMSTILLINGAR

Korleis vert europeiske integrasjonsforsøk, og debattane kring medlemskap i europeiske samarbeidsorganisasjonar, presentert i norske og svenske lærebøker i historie og samfunnsfag i tre ulike tidsepokar? På kva måte vert innslag av det nasjonale presentert i dei respektive landa sine lærebøker, når ein ser det i samband med framstillinga av europeisk integrasjon?

Dei to fokusområda i problemstillingane er felt som speglar kvarandre. Europeisk integrasjon, slik området står fram i lærebøkene, er den eine innfallsvinkelen. Framstillinga av integrasjonsprosessane vil samstundes gje føringar for, og bli styrt av, presentasjonen av eins eigen nasjon. Det er naturleg å studere desse områda parallelt, fordi det eine gjev mening til det andre. Reint praktisk er ein måte å studere dette tilhøvet på å setje presentasjonen av nasjonal suverenitet opp mot framstillinga av overnasjonale organ. Denne relasjonen er difor eit av hovudemna i analysen. Det primære målet er å avdekkje kva bilete av røynda og samfunnet som vert skapt i lærebøkene sine presentasjonar. Gjennom å freiste røpe slike bilete kan ein kome nærare inn på dei aktuelle diskursane som representerer nasjonen og samfunnet i ulike periodar av historia.

Samarbeidsorganisasjonane som er aktuelle å sjå på vil fyrst og fremst vere skipingane EEC, EF og EU, samt handelsavtalar som EFTA og den meir omfattande EØS-avtala. Desse samskipnadene har hatt varierende aktualitet til ulike tider. Likevel vil ein kunne avdekkje kva tankar og førestellingar som låg til grunn for diskusjon kring europeisk samarbeid i Noreg og Sverige, sjølv i dei eldste bøkene.

1.2 KVIFOR EUROPEISK INTEGRASJON?

Emne om integrasjon og samfunnsendingar er nært knytte opp mot kulturdebattar. Det går jamt føre seg diskusjonar om forståingane for det nasjonale, og kva plass nasjonale symbol bør ha i det offentlege samfunnet. Den norske "nissehumentaliteten" vert kritisert av krefter som hevdar at globaliseringa krev at ein tonar ned nasjonalstaten si rolle, både politisk og kulturelt. Folkeflyttingar, som resultat av både innvandring og mobilitet innanfor landet, gjer samstundes Noreg stendig meir heterogent. Dette vert tydeleggjort i samband med ulikskapar innanfor kulturuttrykk, aukande religiøst mangfald, og språkleg variasjon.

Den skiftande norske samfunnsrøynda gjev gjødning og vekstvilkår for nye, og fornya, områder for ordskifte. Hausten 2010 var mellom anna ein kulturarvsdebatt kring vern av norske tradisjonar ljossett. I ein kronikk i Aftenposten kritiserte Kent Andersen og Christian Tybring Gjedde det dei meinte var Arbeidarpartiet sin framstøyt for å erstatte "norsk kultur" med "fleirkultur" (Andersen & Tybring Gjedde, 2010). Reaksjonane på førestellinga fekk stor plass i media, og Gudmund Hernes var av dei som svara på kronikken, gjennom å leggje fram prov for korleis det ein oppfattar som norsk kultur i dag eigentleg er ei syntese av fragment frå ei rekkje kulturar og historiske periodar (Hernes, 2010). Ordskifta, den ålmenne trongen til debatt, samt media si interesse knytt til spørsmåla, viser at mange aktørar er opptekne av identitetspolitikk og drøftingar kring kva det norske er.

Ein kan kanskje sjå den store interessa for å debattere norsk kultur i samband med at Noreg framleis er eit av "annleis-landa" i Europa. Noreg står utanfor EU, sjølv om landet er nært knytt til EU gjennom tilslutninga til EØS-avtala, medlemskapen i Schengenområdet, og ulike nivå av deltaking i ei rad av EU sine program, organ og initiativ. Tufta på Noreg likevel formelt står utanfor unionen, er det interessant å samanlikne norske problemstillingar og tilhøve opp mot korleis tilsvarende forhold står fram i medlemsland. Sverige er eit av dei landa det i den samanhengen kan vere gronæmt å jamføre med. Noreg og Sverige er like land

på mange vis. Både er nasjonar der velferdsstaten, og eit sosialdemokratisk grunnsyn, står sterkt. Einskapskulen, eller nyare variantar av han, er dessutan rotfesta i utdanningssystema. Innbyggjarane talar variantar av same språk, deler ei lang grense, og har mykje historie til felles, både når ein går attende til samfunnstilhøva i vikingtida og mellomalderen, og om ein studerer dei skiftande grensene i Skandinavia. Det er på same tid ei rekkje historiske trekk som skil landa frå kvarandre. Noreg vart aldri eit føydalsamfunn slik Sverige vart, noko som har samanheng med geografiske skilnader mellom landa. Sverige har forhistorie som ei europeisk stormakt, og har hatt tettare handelstilknytning til land i sentrale delar av Europa enn Noreg, som tradisjonelt har vore vestvendt. Samstundes står Sverige i eit anna formelt tilhøve til delar av Europa, enn det Noreg gjer, gjennom medlemskapen i EU. Det er difor nærliggande å tru at spørsmål som handlar om europeisk integrasjon, i samspel og konflikt med svensk identitet, vil vere ein del av den svenske diskursen.

I Noreg har debattane kring medlemskap i europeiske fellesskap vore sentrale for det politiske ordsiftet og engasjementet. Spørsmåla om tilslutning har ved fleire høve engasjert til aksjon og generert store medieoppslag. Folkerøystinga om EU-medlemskap mobiliserte langt fleire røysteføre enn ordinære stortings- og lokalval gjer. I 1994 deltok 89,0% i røystinga, medan stortingsvalet 1993 til samanlikning førte under 80% til urnene (Henriksen & Aalandlid, 2006). Tilhøvet til Europa kan difor synast å vere noko folk ser på som viktig for tilveret. Det at spørsmåla om relasjonane til overnasjonale organ verkar å vere så medrivande, og ikkje minst at haldninga til spørsmålet splittar den norske befolkninga i to blokker, gjer teigen til eit interessant forskingsfelt.

1.3 KVIFOR LÆREBØKER SOM PRIMÆRKJELDER?

I denne oppgåva utgjer læreverk til bruk i skulen det empiriske grunnlaget. Gjennom å samanlikne lærebøker frå Noreg og Sverige er målet å undersøkje om det finst indikatorar som byggjer opp under Neumann si tese om at den norske diskursen er sær eigen med eit omgrepsinnhald som framhevar det nasjonale, og på den måten kan bidra til å mobilisere til avstand frå overnasjonale organ. Ein diskusjon kring korleis svenske og norske lærebøker presenterer dei respektive landa sine tilhøve til Europa står sentralt.

Vidare vil oppgåva vurdere korleis presentasjonane i dei ulike landa utviklar seg over tid. Denne diakrone inngangen er teken med fordi dei politiske og formelle tilhøva innanfor

Europa, Noreg og Sverige monaleg har endra karakter opp gjennom historia. Det vil vere eit interessant emne for oppgåva å finne ut om det er dei nasjonale diskursane som hovudsakleg råkar presentasjonen, eller om det er fellestrekk innanfor dei historiske diskursane, sett på tvers av landa, som verkar å vere styrande. Oppgåva har ei avgrensing på studie av tre tidsbilete etter andre verdskrig, både av omsyn til kjeldetilgang, og som konsekvens av dei knappe råmene.

I analysen er eg ikkje ute etter å vurdere lærebøkene som pedagogisk ressurs, men vil snarare sjå på korleis dei speglar samtida si på ulike felt. Kva bøkene kan fortelje om tida dei verka i blir med det den sentrale haldninga. Ola Svein Stugu har skrive at lærebøker gjev eit hovudbilete på nasjonale prioriteringar og at dei viser ”(...) *ein nasjons offentleg autoriserte historiesyn og sjølvfortolking (...)*” (Stugu, 2001, s. 250). Eit studie av lærebøker vert på den måten òg eit studie av skulen, dertil i siste instans eit studie av samfunnet boka verkar i. Barbara M. Wenzeler hevdar at sjølv om elevar vert lærte opp til å tolke skriftlege kjelder med eit kritisk blikk, representerer likevel lærebøker eit unnatak frå oppmodinga om kritisk tolking. Lærebøkene vert ofte ståande som fasit, og det fører med seg at ”(...) *textbooks have immense power over pupils' thinking and understanding*” (Wenzeler, 2003). At lærebøker får ei fasitrolle kan forklarast med at dei er det konkrete elementet lærarane kan teste elevane ut i frå. Wenzeler sin observasjon gjev særleg grunn til å vurdere innhaldet i historie- og samfunnsfagsbøker i ein analyse. Når elevane vert treft av politiske og historiske straumdrag, er det ei viktig oppgåve for dei som vil sysle med innhaldet i skulen og skulefaga å skape medvit kring kva som ligg i dei framstillingane som rår.

1.4 TIDLEGARE FORSKING

I samband med boka *Ja vi elsker... skolebøkene som nasjonsbyggere : 1814-2000*, har Svein Lorentzen gjort ei omfattande lærebokanalyse der han har sett på skulebøker si rolle i nasjonsbygginga (Lorentzen, 2005). Lærebokanalyser er vidare populære i høve til mange emne. Svein Lorentzen, Nils Gruvberger og Vagn Oluf Nielsen har mellom anna sett på korleis historia åt Norden vert presentert i ulike nordiske land sine lærebøker (Nielsen, Gruvberger, Lorentzen, 1990). Relativt snevre tema innanfor lærebokanalyse er dessutan blitt analysert i ei rad masteroppgåver. Både komparative, transnasjonale studiar, og diskursanalyser av bøker i eitt land er omtykte framgangsmåtar.

Det forskingsarbeidet som ligg tettast opp mot det tematiske i denne oppgåva er eit internasjonalt prosjekt med base i Tyskland. I 2011 avslutta Georg Eckert Institut für Schulbuchforschung eit stort, transnasjonalt forskingsprosjekt. Prosjektet har teke sikte på å samanlikne omgrepet Europa i tyske og franske lærebøker på 1900-talet (Lässig et al., 2010). Forskinga har særleg hatt fokus på strategiske val franske og tyske styresmakter har teke, på vegen frå å vere to nasjonar i stendig konflikt med kvarande til å bli felles pådrivarar for eit samla Europa. I læreboksamheng har samarbeidsviljen til Tyskland og Frankrike kulminert i at landa har utvikla eit felles læreverk i historie. Schissler og Soysal si bok, *The Nation, Europe and the World – Textbook and Curricula in Transition*, er eit resultat av dette forskingsprosjektet (Schissler & Soysal, 2005). Det finst likevel ingen lærebokanalyser som har teke hand om å samanlikne Noreg og Sverige i samband med europeiske samarbeidsforsøk.

2. TEORI

Dette kapitlet presenterer ei teoretisk fundert grunngjeving for å nytte kritisk tekstanalyse som metode for analyse av lærebøker. Fyrst vert det gjort greie for korleis oppgåva vil forstå omgrep som tekst og kontekst, og korleis desse elementa står i høve til kvarandre innanfor den teoretiske retninga oppgåva stør seg til. Som basis ligg ideane til Norman Fairclough, som er talsmann for å nytte kritisk tekstanalyse som element i diskursanalysar. Fairclough hentar mykje av forståinga si for korleis språket verkar i bruk frå den russiske lingvisten, Mikhail Bakhtin. Fairclough og Bakhtin sine tankar om korleis språk og diskurs verkar saman er sentrale for analysen. I den samanhengen vert omgrepa intertekstualitet og genre introdusert. Når det gjeld praktisk utføring av analysen rettar oppgåva seg hovudsakleg etter det teorigrunnlaget Wenche Vagle, i samarbeid med Jan Svennevig og Margareth Sandvik, legg fram som relevant for kritisk tekstanalyse. Vagle, Svennevig og Sandvik brukar element frå tenkinga til Fairclough og Bakhtin, for å lage ei konkret teoretisk tilnærming, som eignar seg i overføring til praktisk arbeid med tekst.

2.1 TEKST OG KONTEKST

I denne oppgåva er det skriven tekst som utgjer analysematerialet. Når det er sagt omfattar tekstomgrepet mykje meir enn grupper av skrivne ord. Ein tekst er kjenneteikna ved at han har samanheng, og ein funksjon eller eit formål om å vere kommunikativ. Ut i frå denne definisjonen omfattar tekster representasjonar som til dømes skilt, plakatar, filmar, bilete, samt andre skriftlege einingar (Vagle et al., 1993, s 17). Då teksten skal vere kommunikativ inneber det at han skaper ei mening. Felles for mange teoriar om meningsskapinga til tekster er at dei hevdar at ein tekst kan uttrykkje ulike meningar ut i frå kva for ein kontekst han står i (Vagle et al., 1993, s. 21).

Kontekst viser til den samanhengen ein tekst står i. Denne samanhengen kan vere både språkleg og ikkje-språkleg. Det kan dreie seg om kva kulturelle føresetnader ein har for å forstå teksten, kva fysisk rom mottakarar og sendarar av ein tekst står i, kva sjanger teksten er ein del av, og kva situasjon teksten vert presentert i. Kort sagt omfattar kontekst alt ein treng av forståing og tolkingsgrunnlag for å oppfatte meninga i ein tekst. Ein annan definisjon på kontekst er at konteksten er det ein treng utover ordbok og grammatikkunne for å forstå ei

ytring (Vagle et al., 1993, s. 24). I denne definisjonen ligg det at ytringar kan ha ulike meiningar ut i frå kva vilkår som krinsar om dei. Om ein går til etymologien finn ein at det latinske *Contextus* tyder å binde noko saman (Vagle et al., 1993, s. 26). Konteksten til teksten vert slik det som bind teksten saman med andre omliggjande element for å gje han meining.

Meining er eit sentralt omgrep når ein skal drive med kritisk teksttolking. Eit ord si meining skil seg frå betydinga av ordet, gjennom at betydinga står for ein fast representasjon, medan meininga er noko meir vagt og flytande, som oppstår i ein gjeven kontekst mellom fleire språkbrukarar (Vagle et al., 1993, s. 81). Betyding er altså i følgje Vagle et al. den semantiske sida av språket, medan meininga er den pragmatiske sida. Både vinklingar dreier seg likevel om innhaldssida av teksten. Filosofar og lingvistar er usamde om kor mykje av innhaldet i ei ytring som skrivast til språkssystemet, og kor mykje som vert skapt i den gjevne konteksten der ytringa oppstår (Vagle et al., 1993, s. 82). For å kunne seie noko om meininga ei lærebok uttrykkjer, vert det naudsynt å fokusere på korleis lærebokteksten verkar i bruk. Det føreset ei analyse av teksten i samband med den konteksten han verkar i.

2.2 SPRÅK OG DISKURS

Wenche Vagle et al. hevdar at tekster, og korleis tekster verkar saman med andre element i kring seg, definerast som diskurs (Vagle et al., 1993, s. 35). I følgje Norman Fairclough har kjende diskursteoretikarar, som mellom anna Michel Foucault, ikkje teke nok omsyn til kva rolle skriftlege tekster har i diskursen (Fairclough, 1995, s. 209). Diskurs er eit omgrep det er vanskeleg å definere, i og med at bruken av det sprikjer vidt. Diskurs kan nyttast synonymt med diskusjon i eit snevert bruksfelt, eller ein kan tale om ein medisinsk diskurs, ein skulediskurs, eller ein nasjonal diskurs, for å nemne nokre døme. I ein slik breiare samanheng vil diskursen omfatte alle diskusjonar, oppfatningar, institusjonar og ytterlegare råmer innanfor eit felt. I Fairclough si kritiske studie av språket vert diskurs nytta om språket som sosial praksis (Fairclough, 2001, s. 16). Det inneber at språket er ein del av samfunnet, og ikkje noko som står på sida av det. Difor må ein taka omsyn til at språket vert til i ein sosial prosess, og at det utviklar seg avhengig av ikkje-språklege delar av samfunnet (Fairclough, 2001, s. 19). Meininga til ulike omgrep endrar seg i takt med historia og tilhøva som omgjev språket. Eit døme på dette er at meiningsinnhaldet i ordet ”demokrati” er særskilt ulikt i Noreg i 2011, samanlikna med i den greske antikken. Dertil kan demokrati ha ulik meining for

forskjellige samfunnsdeltakarar i Noreg i dag. På bakgrunn av ei slik godkjenning av språket som eit sosialt avhengig spegel av samtida og samfunnet det verkar i, kan ein hevde at ein analyse av teksten kan avdekkje diskursane teksten er ein del av.

Fullstendige diskursanalyser tek likevel ikkje berre utgangspunkt i tekstleg materiale. I og med at diskursen vert forstått som sosial praksis vil ein måtte innlemme institusjonar og rårer som går langt utanfor det reint tekstlege, dersom ein skal gjere ein diskursanalyse av eit felt. Sjølv om denne oppgåva ikkje vil ha karakter av ein fullstendig diskursanalyse, legg ho teoriar kring språket si rolle i diskursen til grunn. Oppgåva set som vilkår at strukturar utanfor teksten avgjer korleis teksten vert utvikla. Ei lærebok vert i ei slik forståing til i samspel med dei diskursive rårerne som krinsar om konteksten hennar. Forfattarar vil skrive på ein spesiell måte for å spegle røynda ved hjelp av strukturar språket, sjangeren og dei omliggande samfunnsoppfatningane tillèt. Ein av grunnane til at Fairclough hevdar at tekstanalysar bør inngå i vidare diskursanalyser, er at tekster er særskild eigna til å avdekkje diskursar (Fairclough, 1995, s. 188). I følgje Fairclough gjev tekstanalysar moglegheit for å studere sosiokulturelle, komplekse spel, fordi tekster har ei oversynbar form, i motsetnad til andre institusjonar som har ei meir diffus framtoning.

Studiet av tekstar har ei viktig rolle i samfunnsvitskapleg forskning (Fairclough, 1995, s. 208). Tekstar er med på å produsere og reprodusere forstillingar i samtida, og ein kan difor ikkje oversjå elementa som studieobjekt. I samband med lærebokanalyser vert difor kritisk undersøking av tekst eit brukande verkty for å registera og avdekkje sosial endring. Fairclough kjem samstundes med varselskot om at forskarar innanfor samfunnsfag kan bli kritiserte for å redusere all tekst til diskurs, og alt sosialt liv til eigna for diskursanalyse. Særleg gjeld dette for felt som ligg utanfor lingvistikken, slik som samfunnsfaglege emne (Fairclough, 1995, s. 185), og dimed samfunnsfagdidaktikk. Teorien til Fairclough tek likevel utgangspunkt i at alt sosialt liv spinn kring bruken av språket. Refleksivt sett vil då språket i bruk, slik det ligg føre i ein tekst, seie noko om den sosiale røynda teksten verkar i. Samstundes er teksten, og forholdet mellom samfunnet og teksten eit komplekst felt. Ein treng difor ein teoretisk og metodisk base for analysearbeidet.

2.3 INTERTEKSTUALITET, GENRE OG DIALOGISME

Fairclough meiner at ein ikkje kan analysere innhald, utan òg å sjå på forma – teksturen – av ein tekst (Fairclough, 1995, s. 188). Det er dei spesifikke kjenneteikna som pregar ulike sjangrar Fairclough meiner når han talar om intertekstualitet. I kritisk tekstanalyse må ein difor ikkje berre sjå på korleis det språklege systemet og grammatikken er nytta, men og taka omsyn til kva type tekst ein arbeider med, og korleis verkefelta for denne teksten står fram. Ein intertekstuell analyse viser korleis teksten avheng av kulturell og historisk kringsetting, og dei ressursane og formåla som legg grunnlag for utviklinga av sjølve teksten (Fairclough, 1995, s. 189). Den intertekstuelle analysen tek med andre ord innover seg at teksten vert danna innanfor ein diskurs.

Når det gjeld tilhøve mellom tekst og diskurs, er Fairclough og Bakhtin samde om at tekstar har stor innverknad på oppfatningane av røynda. Bakhtin forklarar dette med at teksten transformerar historia, og gjer ho tilgjengeleg for dei som kjem etter. Teksten blir i denne forståinga eit vindauge mot samfunnet han vart til i. På den måten viser Bakhtin at det er eit tett tilhøve mellom tekst og samfunn. Teksten står i eit forhold til dei kjeldene han byggjer på, og dei ytringane som igjen vil bygge på teksten. Dette får vidare føringar både for innhaldssida og presentasjonsforma til ulike tekster. I Bakhtin sine teoriar inngår tekster i eit dynamisk krinslaup av påverknadskjeder.

All menneskeleg, sosial verksemd er knytt til bruken av språk (Bakhtin, 2005, s. 1). Bakhtin hevdar at alle menneskelege ytringar kan sorterast i relativt stabile typar, som kan kallar talegenrar. Dette omgrepet kan omsetjast med ytringstypar. Omfanget av slike er stort, og det er uråd å få oversyn over mangfaldet av talegenrar. Dei spenn frå mellom anna korte, kvardagslege replikkar, til brev, militær kommando, ordtak og brukarretteiingar. Kort sagt omtrent alt som er kommunikativt. Desse genrane har i varierende grad blitt studert ut i frå ulike fagfelt og vinklingar, og er avgjerande nettopp fordi ein stor del av alt forskingsarbeid har språkleg materiale som utgangspunkt (Bakhtin, 2005, s. 4). I følgje Bakhtin er det enklaste å studere ytringane slik dei står fram i dei litterære genrane. Lærebøker fell inn under denne kategorien. Vi snakkar i genrar utan at vi tenkjer over det, fordi genrane ligg innebygd i morsmålet vårt (Bakhtin, 2005, s. 21). At vi pratar i genrar mogleggjer i det heile kommunikasjon. Dersom språket ikkje hadde vore låst i faste mønster, hadde meiningsfull

kommunikasjon blitt umogleg. Ein litterær genre opptre i lag med ein stil som er komplementær til genren. Desse stilane vert ubryteleg knytt til bestemte tematiske einingar, og bestemte kompensatoriske einingar (Bakhtin, 2005, s. 5). I ein læreboksamheng vil dette vise seg gjennom at lærebøkene har eit eige mandat om å rettleie, informere og instruere. Bøkene er vidare planlagt for ein bestemt type lesarar, nemleg elevar i ein viss alder/nivå som har ein bestemt type relasjon til boka.

Talegenrar er overføringsband som leier frå samfunnshistoria og over i språkhistoria (Bakhtin, 2005, s. 7). Dette synet til Bakhtin gjer det aktuelt å studere samfunnsfagbøker med utgangspunkt i kva ytringstypar som oppstår i bøkene. Talegenren i lærebøker er mynta på at lyttaren skal forstå talaren, altså forfattaren, og det er nærliggande å forstå det slik at lyttaren tek opp i seg ytringane til forfattaren og nyttar desse i sine skildringar av røynda seinare. Lesaren vil på den måten svare til teksten, sjølv om svaret ikkje inngår i ein munnleg dialog med forfattaren, men i ytringar framsett i seinare omstende. Denne samanhengen mellom teksten, og den vidare forståinga og bruken av han, kan vise seg i kommunikasjonssituasjonar utanfor skulen, eller i prosessering av informasjon frå andre hald, om emne som svarar til det i ei lærebok. Bakhtin kallar denne vidareføringa av ytringar for ytringskjeder (Bakhtin, 2005, s. 11). Det at ytringar, i dette tilfellet dei i eit læreverk, tek utgangspunkt i andre verk og vil få følgjer for andre ytringar i framtida, er del av Bakhtin si forståing av dialogisme. Det tosidige ved dialogisme botnar i at eit verk ikkje berre er påverka av eit anna, men at det nye verket òg vil få følgjer for korleis det tidlegare verket vil bli forstått, nettopp fordi det då vil eksistere eit nytt verk om tilsvarande emne. Bakhtin hadde denne forståinga for all tekst og tale. I samband med denne oppgåva vil det vere det skriftlege i lærebøkene det er aktuelt å ha ei dialogisk oppfatning av, i og med at andre ytringar ikkje vert analysert.

I studiet av lærebøker vil Bakhtin sin dialogisme bli aktuell fordi innhaldet og ytringane i læreboka blir grunnlaget til elevane for å forstå andre delar av samfunnet. Svært tydeleg blir dette i dei lærebøkene som nettopp har samfunnsforståing som mål, slik som bøkene som vert handsama i denne analysen. I desse bøkene råkar forfattarane elevane med eit formål om å oppdra dei, mane til kritisk tenking, og overføre kunnskap, som dei igjen reknar med at lesarane tek vidare, og kommuniserer på andre felt (Bakhtin, 2005, s. 18).

2.4 DET TEORETISKE GRUNNLAGET FOR KRITISK TEKSTANALYSE

Jan Svennevig et al. nyttar omgrepet kritisk tekstanalyse om ein type innhaldsanalyse som tek utgangspunkt i eit problematiserande språksyn. I denne varianten av analyse spør ein ikkje primært etter kva teksten seier, altså kva som er innhaldet og budskapet i han, men etter korleis ei meining vert uttrykt i gjevne situasjonar (Svennevig et al., 1995, s. 123). Ein kritisk tekstanalyse er samstundes oppteken av å kontekstualisere, gjennom å setje tolking av teksten i samband med mottakarane sin erfaringsbakgrunn, og tolkingssituasjon.

Tekstar er i mange tilfelle, inkludert innanfor læreboksjangeren, reiskapar med mål om å oppmode mottakarar til å utføre handlingar, gje råd om korleis ein skal prosessere tankar, samt stå som representasjonar for røynda. Alle desse felte er døme på ulike meiningsskapande funksjonar. Kva meining tekstane i lærebøker uttrykkjer, vert på grunnlag av dette avgjerande i ei kritisk tekstanalyse av dei. Ein som skapar tekst gjer alltid prioriteringar om korleis vedkommande vil nytte språket for å gje meining til teksten sin. Det vert difor mogleg å sjå på korleis ein tekst gjev meining i ein sosial samanheng.

Bak ideen om kritisk tekstanalyse ligg det implikasjonar om at ein kan avdekkje korleis ein diskurs styrer verdsopfatningane som vert presenterte i teksten. Ei slik forståing forkastar ei oppfatning av tekst som seier at ord får betydning ut i frå kva røynd dei viser til, altså ein korrespondanseteori. Eit ord vil i følgje korrespondanseteorien svare til eit objekt i røynda. Ein annan variant av same forståing er henta frå klassisk retorikk, og vert kalla påkledningsteorien. I denne teorien vert tanken sett på som primær. Språket er tanken sine klede. Påkledinga vert sett på som meir eller mindre vellukka ut i frå kor godt ho speglar tanken (Svennevig et al., 1995, s.125). Kritisk tekstanalyse byggjer snarare på idear om at ord representerer ulike ting for forskjellige folk til ulike tider. Røynda er altså subjektiv, og avhengig av kva erkjenningar og erfaringar ein ber med seg. Eit slikt utgangspunkt er fenomenologisk. Ein nektar ikkje for at den fysiske verda finst, men innser at ein som individ berre kan få kjennskap til verda gjennom å erkjenne ho, og setje representerande ord på ho (Svennevig et al., 1995, s. 126). I kommande analyse vil denne oppfatninga av einskilde ord gje føringar for korleis studiet av det empiriske materialet går føre seg. Oppgåva tek difor utgangspunkt i ord, og ser på dei i høve til setningssamanhengen, den tekstlege konteksten, samt det som er tilgjengeleg av informasjon om forfatarintensjonar og historisk kontekst.

3. METODE

Når det gjeld lærebokanalyse, i likskap med alle forskingsarbeid, vil problemstillingane setje vilkåra for val av metodisk framgangsmåte. Ei utfordring ved lærebokanalyse er at det ikkje finst ein rein metodikk for feltet. I følgje Jason Nicholls ber mange forskingsarbeid med utgangspunkt i lærebøker preg av ei vag drøfting kring metodologi (Nicholls, 2003, s. 11). Falk Pingel, frå Georg Eckert Institut für Schulbuchforschung, tilrår å nytte kombinasjonar av kvalitative og kvantitative forskingstradisjonar i samband med lærebokanalysar (Pingel, 2010, s. 67ff). Metodetriangulering er òg ein tilrådd innfallsvinkel til lærebokforskinga, både frå Europarådet og SN (Nicholls, 2003). Metoden i denne oppgåva vil difor vere eit resultat av inspirasjon frå fleire praktiske innfallsvinklar. Den overordna metoden kan kategoriserast som ein kvalitativ deskriptiv-analytisk metode. Kvalitativ metode er, i følgje Pål Repstad, kjenneteikna av målet om å karakterisere eit fenomen (Repstad, 2007, s. 16). Der metoden vert nytta er det ein føresetnad at ein ser analysematerialet, i dette tilfellet lærebøkene, som historiske kjelder. I samband med historisk forsking ynskjer ein å finne ut om noko fanst, eventuelt kva noko var, og kva det tydde i samtida (Kjelstadli, 2000, s. 183). Denne typen forsking heng nære i hop med den hermeneutiske tradisjonen, der ein søkjer å tolke og fortolke, ikkje berre den uttalte meininga i ein tekst, men òg det implisitte og usagte (Kjelstadli, 2000, s. 123).

Analysematerialet vil bestå av lærebøker, altså tekstar. Det er innhaldet i desse tekstane som er objekt for analyse. Göran Bergström og Kristina Boréus (2009) legg fram innhaldsanalyse som ein variert metodikk, med mange underartar og kombinasjonsmoglegheiter. Årsaka til at metoden i dette arbeidet kan kategoriserast som ei innhaldsanalyse, og ikkje ei fullverdig diskursanalyse, botnar i Krippendorff si avgrensing av innhaldsanalyse, som seier at denne berre tek utgangspunkt i litteratur, og unngår å inkludere institusjonelle tilhøve i analysen (Bergström & Boréus, 2009, s. 45). Innhaldsanalysen er ikkje dimed meir avgrensa enn at forfattarane vedkjenner at han som regel glir over i idéanalyse, og/eller lingvistisk analyse, samt at det eksisterer eit mangfald av mellomformer. Vidare kan innhaldsanalysar romme både kvantitative og kvalitative grep. I samband med den inngangen til lærebokanalyse som er tilrådd internasjonalt, vil ein variant av innhaldsanalyse vere legitim å stø seg på i dette tilfellet. Den diffuse skildringa av kva ei innhaldsanalyse kan innehalde gjer metoden nyttig i samband med forsking på lærebøker, då dette er eit område som manglar klare retningslinjer.

Den versjonen av innhaldsanalyse eg vel i dette arbeidet vert av Svennevig, Sandvik og Vagle kalla kritisk tekstanalyse (Svennevig et al., 1995).

Analysekursen peikar mot å sjå på korleis lærebøkene står fram som presentasjonar for det nasjonale, sett i samband med synet på europeisk integrasjon. Intensjonen vert med det å undersøkje kva som vert uttrykt i lærebøkene. Samstundes er det relevant å ha eit blikk på kva som er utelatt, sidan nett det er vel så viktig for å gje eit bilete av samfunnssynet, og dei gjeldande oppfatningane i den tida lærebøkene vart produserte. Alle resultata som kjem fram av analysen treng likevel ikkje å vere avtrykk av dei intensjonane forfattarane hadde med skrivinga. Sjølv om lærebøker, så framt det finst ein læreplan å relatere til, søker å oppfylle krava i ho, er framleis forfattarane råka av andre samfunnsmessige påtrykk. Gjeldande oppfatningar, og omgrepsforståingar som ein ikkje har eit reflektert forhold til, er med på å påverke framstillingane. Nettopp difor kan det vere naudsynt med ein analyse i ettertida. Gjennom ein slik analyse kan ein kanskje avdekkje ein del diskursive omsyn som var med på å styre skrivemåten, utvalet og presentasjonen i lærebøkene.

Samstundes må ein bere med seg at lærebøkene ikkje er det einaste som avgjer korleis sjølve undervisninga i skulen trer fram. Johan L. Tønnesson hevdar derimot at lærarar sit fast i sterke mønster og ideologiske prioriteringar i høve til historiefaget. Trass i at lærebøker er oppdaterte etter siste reform og læreplan, tyder ikkje det at lærarane legg fram faget annleis enn det dei gjorde før reforma trådde i kraft (Tønnesson, 2002, s. 398). Ein vil likevel kunne analysere læreboka, fordi ein må rekne med at elevane nyttar ho, og at eksamenar og vurderingar tek utgangspunkt i læreboka. Om ein skulle teke omsyn til dei omliggande, reelle faktorane som læreboka verkar i, vil ein dessutan hamne innanfor ei djupare diskursanalyse. I samband med at denne oppgåva søker å ha eit historisk perspektiv vil det føre for langt med ein slik inngang. Samstundes set Bergström og Boréus som vilkår at ein i ei kvar tekstanalyse må ha eit visst innsyn i den diskursen tekstene verkar i (Bergström & Boréus, 2009, s. 49). Denne oppgåva kjem kravet om diskurskjennskap i møte, gjennom å setje læreverka inn i ein skulefagleg og historisk kontekst.

Oppgåva freistar å handsame ei historisk utvikling. Difor må det empiriske grunnlaget relaterast til historiske settingar. Dette krev omsyn til kva læreplaner som var styrande for utgjevinga av lærebøkene, kva historiske rårer som kringsette periodane dei vart skrivne i, og kva politiske føringar som låg til grunn for innhaldet i læreverka. Denne kontekstsetjinga vil

ikkje vere omfattande, og på langt nær innehalde noko djuptgåande analyse av læreplanane i Noreg og Sverige. Oppgåva gjev heller ikkje rom for noko plasskrevjande historisk-politisk drøfting. Historisk og skulefagleg kontekst er likevel med som forklaringsfaktor i høve til funn og val i lærebøkene.

Eit problem med den deskriptiv-analytiske tilnærminga, er at ein kan få vanskar med å kome kravet om moglegheit for å etterprøve forskinga i møte. Då analysen vil byggje på konstruerte kategoriar, finst det ingen garantiar for at andre forskarar ville ha vekt på funna på same måte. Magne Angvik tilrår difor å støtte opp analysen med stendige sitat, slik at ein heile vegen viser at ein har belegg for konklusjonane sine (Angvik, 1982, s. 374). Det faktum at oppgåva baserer analysen på berre tolv bøker, vil dessutan gjere moglegheitene til etterprøving større.

Sjølv om det kvalitative vil få størst plass i analysen, vert kvantitative teknikkar tekne i bruk der det gjeld å telje opp frekvensen av visse typar ord, omgrep og utsegn (Stugu, 2001, s. 250). Ei slik form for metodetriangulering kan vere med på å auke validiteten av funna, då det legg høva for etterprøving betre til rette. Der oppgåva vil vise kor stor plass det er gjeve til EF- og EU-debattane, samt skildringane av europeiske samarbeidsskipnader, vert det kvantitative innhaldet telt opp og sortert i kategoriar. Ei slik oppteljing vil utgjere ei romanalyse. Der oppgåva sett fokus på bruken og hyppigheita av einskildord og -omgrep, blir den praktiske løysinga ei frekvensanalyse (Pingel, 2010). Det er ikkje dimed sagt at ei slik kvantitativ tilnærming møter ideelle krav til objektivitet. Funna vil framleis avhenge av kva kategoriar som ligg til grunn. Likevel er omsynet at det å hente inn moment frå ulike metodar vil vere med på å styrke framstillinga og forskingsprosessen.

Oppgåva vil vidare innebere ein kombinasjon av vertikal og horisontal lærebokanalyse. Det komparative fokuset på Noreg og Sverige, som fordrar eit studie av eit tverrsnitt av lærebøker frå same periode, utgjer ein horisontal front. Målet om å dykke ned i fleire historiske periodar, og studere ei eventuell utvikling over tid, inneber eit vertikalt fokus (Pingel, 2010). Den synkrone og diakrone inngangen til oppgåva vil difor veksle gjennom analysedelen.

3.1 KRITISK TEKSTANALYSE I PRAKSIS

I dette delkapittelet er målet å vise kva for element frå kritisk tekstanalyse som vert nytta for å handsame empirien til oppgåva. Fyrst vert det vist til ein modell, og peika på korleis han illustrerer analysenivåa. Etterpå kjem ei skildring av dei tekstlege mekanismane som ligg til grunn for angrepsvinkelen i analysen.

Å drive med kritisk tekstanalyse er ein samansett prosess som krev at ein arbeider både ovanfrå og ned, og nedanfrå og opp. Å arbeide ovanfrå er å lage seg hypotesar om kva teksten vil seie på grunnlag av den kontekstuelle forståinga ein har. Å arbeide nedanfrå vil seie at ein tek utgangspunkt i teksten, og ser korleis små einingar, som ljodar og ord, er sett saman til setningar og større tekstbrokkar, i ein gjeven kontekst. Jan Svennevig et al. har laga ein modell som viser tilrådde nivå i ein analyse. Han er fritt gjeven att her.

Modell 1: Ein mal for kritisk tekstanalyse

Førebels kontekstforståing →	Tekstskildring	Tekst
	Teksttolking	Tekst + samhandlingssituasjon
	Tekstforklaring	Tekst + samhandlingssituasjon + større sosial kontekst.

(Svennevig et al., 1995, s. 130-131).

Overført til denne oppgåva vil tekst vere det konkrete tekstutvalet. Samhandlingssituasjonen til teksten vil vere teksten, sett opp mot daningsmandatet til skulen, tekstens reine innhald og læreboksjangeren. Den større sosiale konteksten vil spegle dei historiske settingane tekstutdraga verka i, irekna kva læreplaner og formål som var styrande for dei. Den førebelse kontekstforståinga inneber kjennskap til kva verkefelt lærebøkene har, og kva for gruppe av elevar dei er mynta på.

Dette er likevel ikkje ein empirisk realistisk modell. Ein vil aldri arbeide systematisk på denne måten. Ein må heile tida veksle mellom å studere teksten åleine, teksten i samhandlings-

situasjonen, og teksten ut i frå ein større kontekst. Samstundes kan denne figuren vere med på å illustrere dei ulike plana analysen vil trekkje vekslar på (Svennevig et al., 1995, s. 131).

Svennevig et al. (1995) tilrår at ein analyse bør integrere skildring og tolking, i større grad enn kva modell 1 viser. Dette vil oppgåva ta innover seg. Modellen er uansett brukande som mal for mange variantar av tekstanalyse. I kritisk innhaldsanalyse ligg det at ein nyttar språket som analyseobjekt. I denne analysen vil den lingvistiske delen likevel vere avgrensa, og han vil ikkje gå i djupta på alle grammatiske grep. Ein djupare analyse vil føresette større kjennskap til lingvistikken, og dertil vore for omfattande for ei masteroppgåve knytt til eit felt som ligg utanfor språkfaga. Modellen er enkel og open, noko som gjer han smidig og versatil i bruk. Samstundes er han med på å konkretisere den metodiske framgangsmåten, og difor førande for analysen.

Analysedelen vil opne med ein presentasjon av konteksten til, og hovudvinklinga for, kvart læreverk. Etter at læreverkpresentasjonen er sett, går analysen over i ei tematisk inndeling. Det er i denne delen av oppgåva dei reint språklege elementa får relevans for oppgåva. Nokre av emna for samanlikning vert støtta av frekvensanalysar. Desse frekvensanalysane gjer det enklare å lenkje tekstutdrag til einskilde omgrep og utsegn, og å behandle dei samanliknande. I høve til frekvensanalysane er det fyrst og fremst ordnivået i teksten som vert studert.

Eit sentralt element i samband med den komparative delen av analysen, blir å sjå etter overleksikalisering av visse omgrep. Overleksikalisering tyder at eit omgrep, i lag med synonyma til omgrepet, er nytta svært hyppig i eit tekstutdrag. Slik bruk viser at forfattaren er særleg oppteken av å bruke nett det omgrepet, for å referere til ei bestemt side ved røynda (Svennevig et al., 1995, s. 144). I samband med denne oppgåva er det røyndomspresentasjonane som står i fokus, og ein slik framgangsmåte vil difor vere god i høve til problemstillingane.

I teoridelen vart det fastsatt at tekst er kjenneteikna ved at han har samanheng. Det vil seie at ein kan finne element i teksten som viser kvifor han heng saman (Vagle et al., 1993, s. 141). I følgje Vagle et al. kan samanhengen uttrykkast gjennom samanhengsmekanismar, kalla kohesjonsmekanismar (Vagle et al., 1993, s. 141). Ein har to hovudtypar kohesjonsmekanismar, kohesjon og koherens. Kohesjon omfattar dei grammatiske grepa som får ein tekst til å uttrykke samanheng, og som ein eksplisitt kan skilje ut frå teksten. Koherens

er kohesjonsmekanismer der dei oppstår i ein underliggande semantisk samanheng. I høve til koherente samanhengar i teksten, er det altså den implisitte samanhengen i innhaldet som kjem til syne. I denne analysen er det koherente samanhengar som er interessante. Kohesjonsmekanismane kan vere grammatiske eller leksikalske. Eit døme på ein grammatisk kohesjonsmekanisme er at ein refererer til eit substantiv gjennom å nytte pronomer i staden for substantivet (Vagle et al., 1993, s. 148). I ein leksikalsk kohesjonsmekanisme er det derimot den semantiske, altså betydingmessige, identiteten og slektsbandet som skapar samanhengen mellom orda (Vagle et al., 1993, s. 145). Det er dei leksikalske sambandsmekanismane som vert studert i denne analysen.

Den leksikalske kohesjonen kan ein avdekkje gjennom å sjå på referentskoplingane i eit tekstutdrag (Vagle et al., 1993, s. 149). Sentrale omgrep i samband med dei leksikalske referentskoplingane er mellom anna: repetisjon av same ord; synonymi gjennom å nytte ulike ord for å skildre same fenomen; hyponymi som kategoriserer ord som høyrer saman ut i frå om dei står i ei overordna eller underordna gruppe; og antonymi som set motsetnader opp mot kvarandre (Vagle et al., 1993, s. 149-153). Dei leksikalske kohesjonsmekanismane vil særleg bli interessante der analysen tek for seg metaforisk bruk av omgrep. Metaforar kjem inn under synonymi. I følgje Svennevig et al. er det innhaldstunge ord som inngår i metaforar. Døme på innhaldstunge ord er substantiv, verb, adverb og adjektiv (Svennevig et al., 1995, s. 144). For ikkje å nytte for stor plass til denne delen av analysen, er det særleg den metaforiske bruken av adjektiv og adverb som vert presentert i analysedelen. Grunnen til at eg vel å ha eit ekstra fokus på desse ordtypene framfor dei andre ordklassane, er at adjektiv og adverb ikkje er særleg mykje brukt i fagtekstar. Når ein likevel nyttar ord frå desse grammatiske gruppene i er det tydeleg at forfattarane søkjer å særleg understreke dei tilhøva der adjektiva og adverba er i bruk. Årsaka til det er at desse ordklassane er med på å utheve meininga til substantiva eller verba dei er nytta i samband med.

Knytt til vurderinga av metaforbruken, vert det eit poeng å undersøkje kva for referentskoplingar metaforane inngår i. Ei kjede av referentskoplingar er kjenneteikna gjennom at ord som høyrer saman står lenka til kvarandre i ein tekstbrokk. I den samanhengen tek ein mellom anna i bruk leksikalske sambandsmekanismer. Dei innhaldstunge orda i referentskjeda viser på den måten kva teksten handlar om, gjennom at dei står for å lage samanheng i teksten. Referentskoplingane vert òg interessante i den delen av analysen som tek for seg frekvensanalyser av innhaldstunge omgrep og uttrykk, og samanliknar desse med

kvarandre. I desse delane vil analysen til dels presentere kausale setningskoplingar og utheve korleis bruken av leksikalske kohesjonsmekanismer er med på å styre innhaldet i teksten.

Målet med analysedelen kan summerast opp med at han skal vise kva meining tekstane uttrykkjer, gjennom å sjå på kva grep som er gjort grammatisk og språkleg for å få til samanhengar i dei. I tillegg vil eg sjå på korleis læreverka står til dei kontekstuelle føresetnadene sine, både i skulefagleg og historisk samanheng.

4. EMPIRI

I følgje Antoniov og Soysal representerer det nasjonale historiefaget ei godkjenning av at den nasjonen det vert undervist om er ein internasjonal geografisk storleik (Schissler & Soysal, 2005, s. 106). I det ligg at nasjonen har ei sjølvoppfatning som omfattar autonomi og sjølvstende. Dette gjer lærebøker i samfunnsfag til ein gronæm inngang til dei spørsmåla eg søker å svare på. I denne oppgåva ligg både historiebøker og bøker frå andre samfunnsfag til grunn. Desse faga har, og har hatt, ulike namn og varierende plass i skulen. Fagtradisjonane inngår i kontekstsetjinga av periodane eg opererer med, og vil bli gjort greie for etter at periodar og utval er lagt fram. I og med at målet er å avdekkje nasjonal omgrepsbruk, kunne dertil læreverk frå dei store daningsfaga norsk og svensk vore tekne med. Dette ville likevel truleg ført til ein romfrek tekst, som hadde sprengd rāmene for ei masteroppgåve

Analysen omfattar bøker frå vidaregåande skule og gymnas. Grunnen er at fagfeltet samfunnsfag har større plass i desse skuleslaga enn i grunnskulen. Kjeldene vil difor utgjere eit større analyseomfang. Oppgåva tek for seg to læreverk - eitt i historie, og eitt i eit anna samfunnsfag - frå kvart land. Analysen opererer med tre laust fastslegne, historiske periodar, og til saman fire læreverk frå kvar periode. Dette gjev totalt 12 læreverk i analysen. Empirien er avgrensa til hovudbøkene i læreverka. Det vil seie at eventuelle arbeidsbøker og lærarretteiingar er utelatne. Ei slik avgrensing gjer at mykje informasjon kan gå tapt. Utvalet er likevel gjort av omsyn til storleiken på oppgåva. I historiefaget er bøkene i fleire periodar delt i eldre og yngre historie. I dei tilfella der det er deling er det naturleg nok vald å sjå på bøkene i yngre historie.

Dette er eit strategisk utval, og det ligg medvitne val til grunn for innsamlinga. Problemstillinga legg visse føringar for kva utval som blir handsama. Samstundes er utvalet sett til å vere rasjonelt i forhold til dei periodane som er sett. I og med at det er nasjonale diskursar, slik dei står fram i lærebøkene, som er interessante, kunne det vore vilkårleg kva for bøker som vart tekne med i analysen. Likevel er det freista å nytte bøker som var populære i samtida. Det er samstundes knytt utfordringar til å få greie på nett dette, då forlag er varsame med å frigje salstal.

Når det gjeld den praktiske innsamlinga av empiri, er det norske utvalet gjort etter råd og innspel frå lærarar som sjølv har nytta læreverka i undervisningssamanheng, og frå forlagsdirektørar med særleg ekspertise på dei faglege periodane bøkene er henta frå. Læreverka har eg funne i bibliotekarkivet til Trøndelag folkemuseum, Gunnerus vitskaplege bibliotek i Trondheim, og i boksamlinga til Program for lærarutdanning ved NTNU. For å få tilgjenge til dei svenske bøkene vitja eg lærarutdanninga ved Stockholms Universitet. Etter samråd med tilsette der, fekk eg løyve til å kopiere utvalde seksjonar frå svenske læreverk, som har vore mykje nytta i Sverige. Svenske læreplanverk fekk eg hand om gjennom kontakt med det nasjonale Skolverket i Sverige.

4.1 UTVAL I UTVALET

Når ein tek utgangspunkt i lærebøker frå ulike land til forskjellige tider kan det vere vanskeleg å finne innhaldsmessige fellestrekk. I denne oppgåva er det vald å sjå på dei kapitla som omhandlar svenske og norske tilhøve til europeiske samarbeidsorganisasjonar, og presentasjonar av fellesprosjekt i Europa. Reint praktisk omfattar dette det som er skrive om Europarådet, EEC, EF, EFTA, EØS og EU, samt underorgana deira. I analysen vil EG og EF bli nytta om ein annan, men synonymt for den same organisasjonen. EG er den svenske omsetjinga, medan EF svarar til det norske bruksordet.

Det som er skrive om militære samarbeidsorganisasjonar, som dømesvis NATO, internasjonale samanslutningar som SN, eller variasjonar av nordisk samarbeid er ikkje teke med. Avgrensinga er gjort med omsyn til å gjere empirien mogleg å behandle komparativt. Det vil føre for langt å trekkje inn samarbeidsorganisasjonar utanfor dei som berre er europeiske. I og med at utgangspunktet er Noreg og Sverige, er det dessutan vald å utelate dei europeiske samarbeidsorganisasjonane som tidlegare fanst i Aust-Europa og Sovjetsamveldet.

Omfanget av kapitla, samt plassering av analysesekvensane, varierer stort. I nokre bøker er emnet plassert under reine økonomikapittel, medan andre har inndelingar som går på nasjonalt tilhøve til verda, då gjerne sett i samband med menneskerettar og utviklingsarbeid. Storleiken på kapitla varierer òg, noko analysen tek innover seg gjennom å behandle delar av utvalet relativt

4.2 OVERSYN OVER LÆREVERK I ANALYSEN

Norske bøker				
Periode	Historie	Kode	Samfunnskunnskap/-lære og Samhällskunnskap	Kode
1945-1975	Bull, Edvard. (1968). <i>Nordmenn før oss – Norgeshistorie for gymnaset.</i>	NH1	Andenæs Johs., Odd Aukrust, Ingard Hauge. (1971). <i>Samfunnskunnskap for gymnaset.</i>	NS1
1976-1994	Eriksen, Tore Linné, Terje Halvorsen, Knut Einar Eriksen. (1984). <i>Fortid og samtid 2. Norsk historie etter 1850.</i>	NH2	Andenæs Johs, Jan Brøgger, Fritz C. Holte. (1978). <i>Samfunnskunnskap for den videregående skolen.</i>	NS2
1995-	Emblem Terje, Ivar Libæk, Øivind Stenersen, Tore Syvertsen. (2000). <i>Norge 2.</i>	NH3	Emblem Terje, Ivar Libæk, Øivind Stenersen, Asle Sveen, Svein Aastad. (1995). <i>Samfunnslære.</i>	NS3
Svenske bøker				
1945-1972	Nordell, Erik, Jan K.G. Gustafson, Sven-Åke Johansson. (1968). <i>Historia.</i>	SH1	Björkblom, Sixten. (1965). <i>Samhällskunnskap för gymnasiet.</i>	SS1
1973-1994	Samuelson, Sven & Hildingson, Lars. (1985). <i>Forntid till nutid 2.</i>	SH2	Björkblom, Sixten, Anders Altersten, Hans-Olof Hanselid, Kurt Liljequist. (1976). <i>Världen, Sverige och vi.</i>	SS2
1995-	Skrutowska, Karin, Jan Stattin, Gunnar T. Westin, Torbjörn Norman. (1997). <i>Människan genom tiderna.</i>	SH3	Palmquist, Christer & Widberg, Hans Christian. (1998). <i>Millennium – Samhällskunnskap A och BC.</i>	SS3

I analysen vil læreverka bli referert til gjennom kodane denne tabellen presenterer. Kodinga viser kva land bøkene er gjeve ut i, kva fag dei er henta frå, og kva periode dei høyrer heime i. Den fyrste bokstaven indikerer opphavsland. N står for Noreg og S står for Sverige. Den andre bokstaven viser til om boka er ei historiebok (H) eller ei bok for samfunnskunnskap/samfunnslære/samhällskunnskap (S). Talet viser kva periode boka er henta frå. Periodesetjinga er gjort greie for i kapittel 5. Som døme tyder NH2 ei norsk historiebok, frå perioden mellom 1973 og 1994.

5. PERIODESETJING, SKULEFAGLEG OG HISTORISK KONTEKST

Periodane som sett vilkår for behandling av utvalet i oppgåva er gjevne på to grunnlag; eit skulefagleg og eit historisk. Dei skulefaglege periodane blir bestemte ut i frå når ulike reformer trådde i kraft, og medførte nye læreplanar og -bøker i Noreg og Sverige. Dei historiske periodane tek utgangspunkt i hendingar der blikket til Europa blir ekstra tydeleg, og som difor er interessante for jamføringa. Epokane vert grovt inndelt i tida frå etter krigen og fram til EF-røystinga i Noreg i 1972; perioden frå 1973 og fram til EU-røystinga i Noreg og Sverige 1994; og til slutt perioden frå 1995 og fram til i dag. Desse periodane vert kombinert med reformene i gymnaset, og den vidaregåande skulen, i Noreg og Sverige. Todelinga vil føre til at periodeinndelinga vert noko laus og utydeleg. Likevel er omsynet at periodesetjinga vil vere naudsyn, då ho fungerer som rådeverk for utval av lærebøker. Ei periodesetjing vil vidare gjere det mogleg å sjå på utviklinga av skulebøkene. Læreverka frå den fyrste perioden er gjevne ut mellom 1965 og 1971. Frå den andre perioden ligg utgjevingsåra mellom 1976 og 1985, medan den tredje gruppa av lærebøker kom ut mellom 1995 og 2000. Periodane er likevel sett til å vere rommare enn utgjevingsåra. Dette er ein konsekvens av ynskje om å relatere læreverka til dei historiske karmane som laga verkefelt for dei.

Til trass for skilde skulefaglege periodar har ein ikkje nokon garanti om at nye reformer vil resultere i ny undervisning frå lærarane si side. Dette kan ein samstundes korkje finne prov for eller avkrefte, og faktoren må difor stå som ei mogleg feilkjelde i forskingsarbeidet. I og med at Noreg og Sverige er separate statar, og difor har skilde reformperiodar, blir dei skulefaglege periodane noko flytande. Det er likevel henta inn læreverka som ligg tett opp mot kvarandre i historisk tid. Grunnen til at oppgåva kan byggje på så diffuse periodar er at ho ikkje vil romme ein fullstendig diakron analyse, som viser den gradvise utviklinga i bøkene, men heller tre inn i historia i tre ulike tidsbilete, og undersøkje dei rådande førestellingane, slik dei står fram då.

5.1 HISTORISK KONTEKST

Dei historisk definerte periodane er avgrensa med omsyn til hendingar som endra vilkåra for tilhøva til europeiske organisasjonar. Målet er at epokepresentasjonen skal gje eit bilete av samfunnet i Noreg og Sverige, samt greie ut om for korleis dei to landa relaterte seg til spørsmål om europeisk integrasjon.

1945-1972

I tida etter andre verdskrig sto landa i Europa ovanfor store utfordringar. Ein grufull krig var nyss avslutta, og førestellingar om korleis ein for ettertida skulle trygge varig fred i teigen rådde. Denne stillinga vil gjere det interessant å sjå på korleis forsøka med europeisk integrasjon er presentert i lærebøkene dei fyrste tiåra etter krigen. Etterkrigstida hadde ein del likskapstrekk i Noreg og Sverige. Ein hadde ei maktpolitisk tyngd innanfor dei sosialdemokratiske partia, med fleirtal i regjeringane. I Sverige varte eitt-partiregjeringa fram til 1951, då ho vart erstatta av ei koalisjonsregjering (Hedenborg & Kvarnström, 2010, s. 304). Likevel dreiv dei svenske styresmaktene landet etter ein sosialdemokratisk mal. Velferdsstaten voks i baa landa, og den politiske konsensusen var avgjerande. Historikaren Berge Furre har vald å kalle perioden mellom 1952 og 1977 i Noreg for den sosialdemokratiske orden, noko som speglar samhandlinga som rådde i landet (Furre, 2004, s. 149). I Sverige nyttar Susanna Hedenborg og Lars Kvarnström uttrykket ”*en socialdemokratisk skördetid*” (Hedenborg & Kvarnström, 2010, s. 302) om tilhøva som låg til rette for økonomisk vekst og betring av arbeidarrettar, som følgje av etterkrigstida sin høgkonjunktur. Sverige lukkast med å byggje opp og vidareføre industriverksemda si. Bedrifter som baud på varige forbruksvarer ekspanderte kraftig. Døme på desse var Volvo, SAAB, Electrolux, Luxor og Alfa-Laval. Francis Sejersted skriv at ”*Det sosialdemokratiske Sverige ble kort sagt et mønsterland! – frem til omkring 1970-75*” (Sejersted, 2005, s. 242). Noreg mangla ei tilsvarende satsing på internasjonalt konkurranseduglege forbruksvarer, men satsa stort på kraftkrevjande, offentleg initiert metallindustri. Noreg satsa med andre ord på naturlege føresetnadar (Sejersted, 2005, s. 250ff).

I både Noreg og Sverige var tilhøva til det internasjonale samfunnet prega av ei vidare vestvending. Landa følgde vesten sin økonomiske politikk, og vart råka av veksten og høgkonjunktura som fann stad i Vest-Europa (Gustafson, 2007, s. 282). Begge landa

aksepterte Marshallhjelp frå USA i åra etter krigen, og batt seg med det til Atlanterhavsområdet (Sejersted, 2005, s. 223). Noreg vart i tillegg med i NATO. Servicenæringane auka i omfang, i takt med veksten i velferdsstaten (Gustafson, 2007, s. 283). Sjølv om bøkene i analysen er gjevne ut så seint som mellom 1965 og 1971, ligg åra rett etter krigen som eit nært bakteppe. Forfattarane kan samstundes til dels studere perioden på avstand. Ein grensestein, som skil denne perioden frå den neste, er EF-røystinga i Noreg. Opptakten til EF-voteringa bar preg av aksjonar og folkeleg engasjement. Ein fekk ei polarisering mellom motstridande grupper i spørsmålet om norsk tilslutning til den Europeiske Fellesskapen. Hovudtrekk ved denne kampen blir gjort greie for seinare i oppgåva. Før 1973 hadde allereie både Sverige og Noreg knytt seg til frihandelsforbundet EFTA (European Free Trade Association), så det fanst ein viss grad av regulert økonomisk samhandling med nokre av dei europeiske landa.

1973-1994

Oktoberkrigen/jom kippur-krigen i Midtausten 1973 medførte oljekrise, då dei arabiske landa innførte stans i eksporten av olje til vesten. Verknadene av oljekrisa bar bod om at den internasjonale økonomien var i ugreie, og ein opplevde uheldige kombinasjonar av inflasjon og stagnasjon i Europa. Dette førte igjen til arbeidsløyse over heile den vestlege verda. Då gullstandarden vart oppheva i 1971 førte dette til ein ustabil valutakurs, og svingande verditrendar. Krisa avhengigheita av olje hadde skapt, førte til at trua på styring og planar veik (Furre, 2004, s. 222). Den politiske stabiliteten tok òg slutt. Det voks fram nye særgrupper innanfor miljøpolitikk og feminisme (Furre, 2004, s. 261), både i Noreg og Sverige. I Sverige braut den gamle partiloyaliteten saman, og omgrep som ”*politikerförakt*” (Hedenborg & Kvarnström, 2006, s. 317) oppsto. I Noreg var verknadene av debattane kring EF-saka store. Arbeiderpartiet sto svekka etter EEC-striden, og nye politiske parti kom til. På 1980-talet fekk høgrebølgja ein oppsving. Retninga hadde vore synleg i Noreg alt frå slutten av 1970-talet, då motkonjunkturpolitikken vart oppgjeven (Furre, 2004, s. 149). Spekulasjonar på børsen førte til ”jappetid” og ”kredittkalas”, etter at dereguleringa av kredittmarknaden var ferdigstilt. Auka grad av privatisering fann òg stad i Sverige i dønningane etter dei nyliberalistiske bølgiene (Hedenborg & Kvarnström, 2006, s. 318). Sverige vart råka av høg arbeidsløyse og kraftig rentestiging. Dei økonomiske vanskane kulminerte i åra 1991-1993. I 1991 var løysa oppe i 10%. Sejersted går så langt som til å kalle kriseåra ”*Sveriges annet Poltava*” (Sejersted, 2005, s. 504). Med det peikar han på at den økonomiske krisa sto sidestilt med slaget i 1709,

som markerte slutten på Sverige si europeiske, industrielle stormaktstid. At folketrygda vart så godt som avvikla var eit drastisk tiltak for å snu den negative trenden.

1995-

Sverige gjekk inn i EU frå nyttår 1995 (Hedenborg & Kvarnström, 2006, s. 324), medan Noreg vart ståande utanfor unionen. I baa land var folkerøystingar i framkant av utfallet formelt rådgjevande. Noreg oppretta ein tett samarbeidssituasjon med EU. Integrasjon i høve til unionen auka, i samband med tilslutninga til EØS-avtala hausten 1992 (Tamnes, 1997, s. 159). Innvandringa frå ikkje-vestlege land heldt fram med å stige i både Sverige og Noreg, noko som førte til fleire utfordringar for samfunnsordninga, men òg til vidare perspektiv (Furre, 2004, s. 340). Velferdsstaten hadde vekse seg stor, og hamna stendig under meir debatt og press (Furre, 2004, s. 324). Kostnadane ved velferdsordningane vart fokusert, i samband med at fleire nytta seg av dei økonomiske stønadsordningane. Globaliseringa held fram, og den auka kontakten førte til meir fokus på felles utfordringar i verdssamfunnet. Miljøpolitikk gjekk i den samanhengen over frå å vere eit interessefelt for særgrupper på syttitalet, til å bli ein hovudarena for nær alle politiske parti. Dette skjedde òg på same tid i Sverige (Hedenborg & Kvarnström, 2006, s. 326). Den bipolare maktbalansen som hadde rådd etter andre verdskrig vart erstatta av ein meir unipolar maktstruktur, etter slutten på den kalde krigen. I følgje Furre dreidde norske utanrikspolitiske prioriteringar seg kring fire aksar: økonomisk politikk, forsvarspolitikk, humanitærpolitikk og miljøpolitikk (Furre, 2004, s. 345). Etter at Sverige gjekk inn i EU, vart felles europeisk fredsbevarande arbeid eit nytt politisk spørsmål (Hedenborg & Kvarnström, 2006, s. 330). Dette var eit brot med den gamle nøytralitetshaldninga, som sto djupt rotfesta i Sverige (Hedenborg & Kvarnström, 2006, s. 329-330).

5.2 EUROPEISK SAMARBEID

Som ein bakgrunn for analysedelen verkar det vere fornuftig å presentere nokre grove historiske riss over korleis kontakten mellom Noreg, Sverige og Europa, har stått fram etter krigen. Dette er på langt nær nokon fullverdig presentasjon, men søker å gje eit grunnlag som kan drøftast opp mot eventuelle funn i analysen.

I følgje den britiske historikaren, Eric Hobsbawn, var det to hovudgrunnar til at tanken om

europaisk samarbeid vart styrkt gjennom auka grad av fellesinstitusjonalisering etter den andre verdskrigen. For det fyrste innsåg dei tidlegare sterke statane i Europa at dei hadde misst maktposisjonane sine etter dei to verdskrigane. Sovjetunionen og USA sto fram som hegemoniske aktørar i ei bipolar maktpolitisk røynd. Dei europeiske moglegheitene for å få auka politisk gjennomslag, låg difor i tettare økonomisk samarbeid mellom statane i regionen. Forsøket på å erstatte kjenslene av tilhørsle til nasjonar og statar, med ein styrkt europeisk lojalitet viser, i følge Hobsbawm, kor tungt fallet etter den andre verdskrigen var (Hobsbawm, 2003, s. 24). Den andre motivasjonen var at dersom Vest-Tyskland og Frankrike gjekk inn i eit tett økonomisk samarbeid, ville det ikkje vere mogleg for den eine parten å angripe den andre (Hobsbawm, 2003, s. 246-247). Slik vart EEC (den Europeiske Økonomiske Fellesskapen) eit fredsprosjekt tufta på etterpåklokskap etter to enorme katastrofar.

Noreg ynskte tidleg å ha moglegheit for innpass på den europeiske samarbeidsarenaen, og endra grunnlova i 1962 slik at eit framtidig medlemskap kunne late seg gjennomføre. Interne gnissingar mellom politikarar, og mellom ulike grupper av folket, var likevel store. Sjølv om protestane mot EFTA-avtala hadde vore lågmælte, vart EEC-medlemskapen heftig debattert. EEC bygde på Romatraktaten frå 1957. Han slo fast planar om felles arbeidsmarknad og fri flyt av kapital, noko som i praksis førte til at retten til å etablere føretak vart grenselaus. Ikkje minst var ein framtidig felles jordbrukspolitikk ein del av avtala. Det som kanskje skapte dei hissigaste ordskifta var ”overnasjonaliteten”, som førte med eit eventuelt medlemskap, i og med at EEC-domstolane kunne overprøve dei nasjonale domstolane (Furre, 2000, s. 203). Røystene i Noreg stilna i høve til EEC-spørsmålet etter at Charles de Gaulle i 1963, og ved seinare søknad i 1967, stengde for britisk medlemskap og utviding av samanslutninga.

Den Europeiske Fellesskapen vart etterkvart samleeeininga for fleire økonomiske samarbeidsområde. I 1969 abdiserte de Gaulle, EF opna dørene for utvida medlemstal, og spørsmålet om tettare kontakt med Europa kom attende med auka styrke. Noreg fornya søknaden frå 1967 i 1970. Frå 1969 og fram til 1972 skugga EF-debatten over alt anna i norsk politikk (Furre, 2000, s. 210). Verknadene var store. Statsministeren, Trygve Bratteli, stilte i 1971 kabinettsspørsmål på medlemskapen i EF (Tamnes, 1997, s. 163). Dette understreka kor viktig saka var for styresmaktene. Ei folkerøysting enda med knapt fleirtal til nei-sida, og regjeringa Bratteli måtte taka avskjed. I følge Rune Slagstad var utfallet av EF-voteringa ein

kulminasjon av samfunnskritikken som hadde bløma på 1960-talet. Den politisk-økonomiske eliten vart nedkjempa av ein populistisk koalisjon med tyngdepunkt i folkedaninga sine ulike tradisjonar (Slagstad, 1998, s. 429). Furre framhevar alliansen mellom verdikonservative bygdefolk med nær tilknytning til primærnæringane, og byradikale, som fann ein felles fiende i trugsmålet mot sjølvråderetten (Furre, 2000, s. 210). Rolf Tamnes hevdar at striden fram mot 1972 var så sterk at han står som ei kollektiv generasjonsoppleving for dei som levde på den tida (Tamnes, 1997, s. 159).

Hausten 1992 sendte Noreg inn ein ny søknad om tilslutning til EU. Ja-sida, med hovudtyngd i Europarørsla, partiet Høgre, store delar av Ap, og nesten heile Frp, ynskte tettare tilknytning til Europa enn det EØS-avtala fordra. Eit rådande argument var at Noreg uansett vart råka av mange EU-avgjerder, og at eit medlemskap ville gje landet innverknad på vedtektene. Fredsprosjektet, som følgde med forpliktande samarbeid, var òg eit argument. Dette vart vidareført i den solidariske oppmodinga om at Noreg måtte bidra til å løfte fattige land i Europa, som Spania og Portugal, ut or økonomisk uføre. EU som maktpolitisk motsvar til USA-dominans var vidare eit innlegg i debatten. Nei-sida hadde si tyngd i Nei til EU, Sp, SV og RV, i tillegg til store delar av Venstre og Krf. Miljøorganisasjonane sluta seg til, og det gjorde òg LO, trass i spenningar internt i organisasjonen (Furre, 2004, s. 346-348). Sjølvråderetten, argumentet om at EU som økonomisk tanksenter i Europa var hemmande for utjamninga mellom nord og sør, miljøomsyn, auka byråkratisering, og kulturell forvitring var alle viktige saker for nei-sida. Store demonstrasjonar og politisk mobilisering vart for alvor sett i gong i 1994. Utfallet vart nok ein gong knapt fleirtal til nei-sida, noko som sto i konflikt med haldningane til den politiske eliten (Sejersted, 2005, s. 505).

Sverige gjekk inn som aktør i store økonomiske samarbeidsorganisasjonar, som styrkte vestvendinga, etter den andre verdskrigen. Landet fekk Marshallhjelp frå USA, vart medlem av OEEC, sluta seg til GATT-avtala i 1950 og verdsbanken året etter. I tillegg gjekk Sverige med på handelsavtala EFTA i 1959 (Berggren & Greiff, 2000, s. 276). Til liks med Noreg var Sverige interessert i økonomisk tilknytning til den europeiske marknaden, men Sverige var samstundes skeptiske til å inngå i eit samarbeid som kunne truge det samstemte politiske idealet om nøytralitet. Nøytralitetspolitikken sto som ein hyrnestein i den svenske utanrikspolitiske lina, og politiseringa av den europeiske fellesskapen gjorde difor at Sverige vegra seg mot å søkje om medlemskap i EEC. ”*Vi är inte beredda att tubba på neutraliteten,*

och vi är inte beredda att föra en politik som skulle sätta den i tvivelsmål” (Sejersted, 2005, s. 502) uttrykte Olof Palme i 1971.

Som nemnt måtte svenske politikarar gje opp den tradisjonelle ”*folkhemspolitik*en” (Berggren & Greiff, 2000, s. 273), i samband med dei økonomiske vanskane landet opplevde tidleg på 1990-talet. EG vart sett på som ein redningsplanke for det kriseråma Sverige (Sejersted, 2005, 504). Den borgarlege samarbeidsregjeringa til Carl Bildt sette seg føre å sluse Sverige inn i EG, men måtte gå av før tiltaket vart gjennomført. Då etterfølgjaren, Ingvar Carlsson, og sosialdemokratane tok over i 1994, var likevel det fyrste dei gjorde å setje i verk ei folkerøysting om EU-medlemskap. Hedenborg og Kvarnström (2010) forklarar avgjerda om folkerøysting som eit resultat av indre spenningar i det sosialdemokratiske partiet, noko som gjorde at vedtaksmakta vart lagt i hendene på det svenske folket (Hedenborg & Kvarnström, 2010, s. 323-324). I årsskiftet 1994/1995 vart Sverige medlem av EU, etter eit resultat der ja-sida vann med 52,3% mot nei-sida sine 46,8% (Hedenborg & Kvarnström, 2010, s. 323-324).

I tillegg til dei økonomiske behova, var ideen om EU som eit europeisk fredsprosjekt med på å legitimere at Sverige kunne underleggje seg eit medlemskap (Hedenborg & Kvarnström, 2010, s. 329-330). Argumentet om at tettare tilknytning til EU ville svekkje den svenske utanrikspolitiske lina var difor på vikande front. Sejersted hevdar at Carlsson tolka om EG-spørsmålet. Spørsmålet vart gjort økonomisk, og ikkje politisk (Sejersted, 2005, s. 504). Spenningane mellom ja- og nei-sida i Sverige er ikkje særleg fokusert i svenske ålmenne historiebøker for universitetsstudentar, noko som gjer at dei splittande argumenta i debatten kjem i skuggen. I arkiv frå SVT kjem det likevel fram at debattane i 1994 var prega av diskusjon kring dei demokratiske endringane knytt til politiske vedtekter, økonomiske spørsmål og forsvarsspørsmål (SVTplay, öppet arkiv, Ja eller nej till EU, 1994). I ei bok om Sverige si rolle i EU skriv Lee Miles at andre historikarar har nedprioritert spenningane som låg mellom innbyggjarar, og internt i interesseorganisasjonar, i samband med haldingane til medlemskap i EU. I følgje Miles hadde prominente, politiske leiarar ei avgjerande rolle i å påverke korleis EU-debatten sto fram i Sverige. Miles hevdar at dette var med på å nøytralisere dei som var i opposisjon til fullt medlemskap i organisasjonen (Miles, 2005, s. 13).

5.3 BAKGRUNNSDOKUMENTA

Ei utfordring som oppstår i samband med komparasjon av lærebøker frå to land, er at skuleslaga og skulestrukturen i Sverige og Noreg har endra seg over tid, og ikkje er samanfallande. Med romme periodar er det likevel råd å lage nokolunde parallelle epokar. Det felles gymnaset i Sverige, og den vidaregåande skulen i Noreg, kom fyrst på 1970-talet i både landa. I tida før 1973 vert det teke utgangspunkt i dei vidaregåande skuleslaga med mest ålmennefag og/eller samfunnsfag, med mål om å få tilgang på bøker med mest empirisk relevant materiale. Nye reformperiodar styrer elles epokegjeringa. Dette delkapittelet femnar om ein presentasjon av innhaldet i dei styringsdokumenta som la føringar for læreverka i dei ulike periodane.

5.3.1 NORSKE LÆREPLANER

1945-1972

Den fyrste perioden omfattar bøker som kom etter at Gjelsvikutvalet vart oppretta i 1962 (Mediås, 2010, s. 53). Desse bøkene fylgjer undervisningsplanar for gymnaset frå 1950. I undervisningsplanane står det at

”Opplæringa i historie og samfunnslære i gymnaset har til føremål: Å orienterere elevane, (...) Å vekke sans for dei viktigaste drivkreftene i samfunnsvokstere i fortid og notid med tanke på å fremje samkjensle hos elevane med det samfunn og den verd dei lever i. Å lære elevane å arbeide rasjonelt med emne frå historie og samfunn” (Undervisningsrådet, 1950, s. 68).

Undervisningsplanen legg òg føringar for pensum, som må vere godkjend for bruk i skulen. Planen detaljstyrer vidare innhaldet i bøkene, samt regulerer sidetal for kvart emne. Det er fastsett at elevane skal ha ei lærebok i nordisk historie på om lag 200 sider, og ei lærebok i samfunnslære på om lag 100 sider. Undervisningsrådet viser til innstillingar frå Plankomiteen, som legg band på korleis framstillingsforma i lærebøkene skal vere samla om hovudliner og hovudpersonar, samt prøve å få med konkrete detaljar, diagram, bilete, kart osv., for *”å få ei framstilling som fangar hugen til elevane og kan få noko å seie for tanke- og kjensleliv hos dei”* (Undervisningsrådet, 1950, s. 68-69). Det er lagt vekt på å presisere kva praktiske råmer

som skal liggje til grunn for undervisninga, samt kome med forslag om korleis ein kan leggje opp undervisninga reint pedagogisk.

1973-1994

I 1976 kom ein ny læreplan for den vidaregåande skulen (L76) (Mediås, 2010, s. 54). Den nye læreplanen braut med den gamle utvalsskulen, og fremja at den vidaregåande skulen skulle vere open for alle, sjølv om det enno ikkje fanst garantiar om at alle skulle få skuleplass. Gymnaset vart del av den meir omfattande vidaregåande skulen same året. Dei nye fagplanane vart etter 1975 rettleiande, og ikkje styrande, slik førre planar hadde vore. Det innebar at *”ein ikkje [skal] sjå på [planane] som minstekrav, men rammer som ein kan velje stoff innfor”* (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1976, s. 5). I L76 vart historie ein underdisiplin av samfunnsfaget. Både historie- og samfunnskunnskap vart undervist i dei siste to åra av vidaregåande (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1976, s. 95). Under mål med samfunnsfaget vert det slege fast at elevane mellom anna skal

”tilegne seg kunnskap om menneskenes liv i forskjellige historiske perioder og deler av verden og få forståelse av hvordan vår egen tids samfunnsformer og kultur er blitt til; få en innføring i det moderne norske samfunns økonomiske, sosiale og politiske forhold; få en analytisk og ansvarsbevisst holdning til samfunnsspørsmål, respekt for vår egen kultur og vårt eget samfunn og for andre kulturer og samfunn i fortid og samtid, samfølelse med mennesker som lever under andre livsforhold og toleranse overfor annerledes tenkende” (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1976, s. 97)

Under samfunnskunnskap er emnet ”Internasjonal politikk” sett som valfritt. Under emnet er mellom anna følgjande delemne lista opp *”Den suverene stat, suverenitet og overnasjonale organer, suverenitet og internasjonal økonomi”* (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1976, s. 102) I samband med historiefaget skal Nordens historie vere obligatorisk i alle år. *”Hovedvekten legges på norsk historie, men de øvrige nordiske land trekkes inn der det er naturlig”* (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1976, s. 102).

1995-

I 1994 vart rett til treårig vidaregåande opplæring lovfesta i samband med lanseringa av reform 94, som batt dei ulike linene i vidaregåande opplæring tettare saman. Den gamle gymnaslina fekk då meir til felles med yrkeslinene (Mediås, 2010, s. 54). Bøkene i den siste perioden er laga på bakgrunn av måla i R94. Om historiefaget står det at

”Historie er et kulturfag som legger grunnlaget for en felles kulturell referanseramme og gir bakgrunn for egne valg. Gjennom historiefaget kan den enkelte utvikle identitet og tilhørighet. Samtidig møter vi gjennom arbeidet med dette faget ulike kulturer og tradisjoner som både gir nye impulser og grunnlag for kritisk refleksjon”(Kirkeutdannings-, og forskningsdepartementet, 1996).

Under emnet nyare historie er måla mellom anna att

”Elevene skal ha kunnskaper om sentrale samfunnsendringer i Norge og kunne sette dem inn i en nordisk og global sammenheng, kunne gjøre rede for hvordan samfunnsutviklingen har virket integrerende, hvordan den har skapt sosial og økonomisk likhet og ulikhet og hvordan den har skapt kulturell samhörighet eller avstand, kunne gjøre rede for hovedtrekkene i Norges politiske og økonomiske forhold til andre land, kunne drøfte Norges plass i verdensøkonomien og kunne gjøre rede for endringer i Norges rolle som deltaker i det internasjonale samfunn” (Kirkeutdannings-, og forskningsdepartementet, 1996).

Samfunnslære kjem under vidaregåande kurs 1. Det vil seie at det er elevar som går andre året på vidaregåande som tek dette emnet. Generelt om faget står det at

”Norge har lange demokratiske tradisjoner å ta vare på. Et moderne og levende demokrati forutsetter evne til kritisk tenkning, deltakelse og engasjement fra det brede laget av befolkningen. Her har skolen en viktig og utfordrende oppgave. Vi lever i dag i et verdenssamfunn der alle er avhengige av hverandre og som krever at vi kan

samhandle på tvers av folkeslag og nasjoner. Vi vet at dagens samfunn kan skape avmakt og avstand. Verden forandrer seg raskt, informasjonsstrømmen er stor og globale samfunnsproblemer angår oss mer enn noen gang. Dette fører lett til skiller mellom dem som forstår og kan nyttiggjøre seg kunnskaper og dem som gir opp. En slik utvikling er en fare for demokratiet” (Kirke- utdannings-, og forskningsdepartementet, 1994).

Eit av dei generelle måla med samfunnslære er at elevane skal *”ha innsikt i politikk og samfunnsliv for å kunne ivareta og videreutvikle vårt demokrati”*, og eit anna er at dei skal *”forstå viktige sider ved internasjonal samhandling for å trygge vår felles framtid”* (Kirke- utdannings-, og forskningsdepartementet, 1994). Under emnet om det internasjonale samfunnet skal elevane *”kjenne til hovudtrekkene i verdensøkonomien med spesiell vekt på forholdet mellom rike og fattige land, peke på problemer og drøfte løsnings”* (Kirke- utdannings-, og forskningsdepartementet, 1994).

5.3.2 SVENSKA LÄREPLANER

1945-1972

Bøker frå denne perioden byggjer på Läroplan för gymnasiet, 1965. I følgje forordet til denne planen peikar han seg ut som meir detaljert enn forgjengarane sine, med mål om å lette planlegginga til lærarane. Det er likevel poengtert at lærarane sjølv sit med stort ansvar i høve til utval og komplettering av planen (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 9). Gymnaset i Sverige var på denne tida treårig, forutan teknisk linje som var fireårig. Differensieringa innanfor gymnasiet innebar at ein kunne velje liner. Fyrste år kunne ein velje mellom humanistisk-samhällsvetenskaplig, økonomisk, naturvetenskaplig og teknisk line. I andre og tredje årskurs vart humanistisk-samhällsvetenskaplig line delt i humanistisk eller samhällsvetenskaplig line (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 69). Historieboka som vert nytta i analysen er laga for Hum-Sh- lina. Samhällskunskap var eit fellesfag for alle linjene i årskurs 1., og boka i analysen er tilpassa dette felleskurset. Historiefaget er delt opp i hovudemna ålmenn og nordisk historie, men boka eg ser på sett seg føre å presentere både desse emna under eitt. Under mål med undervisninga står det at

”Undervisningen i historia har till uppgift att vidga och fördjupa kunskaperna om

väsentliga epoker och förlopp i allmän och nordisk historia, att ge insikt om hur vår egen tids samhällsformer samt dess kultur- och levnadsförhållanden vuxit fram samt att ge kontakt med historiskt källmaterial och därvid grundlägga och utveckla förmågan att kritiskt och nyanserat bedöma uppgifter, sammanhang och problem i det förgångna och nutiden” (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 177)

Tiden efter 1945 kjem inn som emne på årskurs 3, Hum-Sh. (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 180). Den europeiske einskapstanken er eit delemne under denne perioden. Det er presisert at emnet skal sjåast i eit globalt perspektiv (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 186).

For samhällskunskap er mål med undervisninga

”att ge kunskaper om befolkning, bebyggelse, näringsliv, ekonomi samt sociala och politiska förhållanden i nutiden, att skapa förståelse för samhällets funktion och föränderlighet samt att på grundval av förvärvade kunskaper och färdigheter söka klargöra vissa viktiga samhällsfrågor” (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 226).

Handelshinder, verdshandel og internasjonalt økonomisk samarbeid, samt internasjonale organisasjonar som er økonomisk viktige (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 226ff), er emne som skal vere med i undervisninga. Alle linene tek stort sett for seg same stoff (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 230). I forslag til lærarane står det at

”Om internationella samarbetsorgan behandlas (...) bör tyngdpunkten ligga på deras verksamhet snarare än på organisationsformerna. De europeiska samarbetsorganen får ytterligare politiskt intresse, om de ses mot bakgrunden av funktionalism respektive federalism i efterkrigstidens Europa och om de praktisk-politiska åtgärderna ses i det perspektivet.” (Kung. Skolöverstyrelsen, 1965, s. 238).

1973-1994

Sverige fekk eit bortfall av den gamle fackskolan og yrkesskolan i 1970, då desse vart toårige liner på den felles *gymnasieskolan*, og ein fekk læreplan for gymnasieskolan (Lgy70) i 1970. Denne planen består av ein ålmenn del, og spesielle delar for kvart fag. I den fyrste utgåva av Lgy70 er det presisert at seinare supplement vil kome som konsekvens av korleis læreplanen verkar, ”*med hänsyn till erfarenheterna vid läroplanens tillämpning*” (Kungl Skolöverstyrelsen, 1970, s. 5). Bøker til bruk i analysen etter denne planen vil spenne frå utgjevingsåra 1976-1985. Lgy70 er mindre detaljert enn læreplanen frå 1965, men hovudtrekk innanfor formåla samsvarar med forgjengaren. Under mål med historieundervisninga for dei treårige linene står det at:

”Eleven skall genom undervisningen i historia vidga och fördjupa kunskaperna om väsentliga epoker och förlopp i allmän och nordisk historia, skaffa sig insikt om hur vår egen tids samhällsformer samt dess kultur- och levnadsförhållanden vuxit fram samt stifta bekantskap med historiskt källmaterial och därvid grundlägga och utveckla förmågan att kritiskt och nyanserat bedöma uppgifter, sammanhang och problem i det förgångna och nutiden” (Kung. Skolöverstyrelsen, 1970, s. 177).

”För perioden efter 1945 orientering om väsentliga händelseförlopp och utvecklingslinjer sedda i globalt perspektiv” (sic.) (Kung. Skolöverstyrelsen, 1970, s. 177) er eit av hovudmomenta

Måla med samhällskunskap er at eleven skal

”skaffa sig kunskaper om befolkning, bebyggelse, näringsliv, ekonomi samt sociala och politiska förhållanden i nutiden, förvärva förståelse för samhällets funktion och föränderlighet samt på grundval av förvärvade kunskaper och färdigheter analysera och diskutera samhällsfrågor” (Kung. Skolöverstyrelsen, 1970, s. 178).

Eit av hovudmomenta er: *”Internationell politisk och ekonomi”* (Kung. Skolöverstyrelsen, 1970, s. 178). Planen skil seg med andre ord lite frå forgjengaren sin, i høve til dei faglege måla han sett opp.

1995-

Når det gjeld den tredje historiske perioden fekk Sverige ny læreplan i 1994. Ein er i Sverige i gong med planlegginga av ein ny læreplan, som skal gjelde frå 2011, men han er ikkje teken i bruk enno. Bøker som vart nytta i åra etter 1994 er difor vald som empiri. Bøkene i analysen høyrer til *Samhällsvetenskapsprogrammet på gymnasiet*, og følgjer deira plan. Måla for historiefaget er at

”eleverna genom studier inom valda områden skall fördjupa och vidga sitt historiemedvetande och stärka sin förståelse för egen och andras identitet. Kursen skall bidra till att eleverna skapar en kritisk och analytisk hållning främst till historiska framställningar men också till andra påståenden som möter dem i samhället” (Skolverket, 1997, s. 41).

Nøkkelomgrep innanfor historie er sett som *”historiemedvetande, identitet, nutidsförståelse, kritiskt sinne och emancipation”* (Skolverket, 1997, s. 139)

Under samhällskunskap A er målet at

”eleverna skall få fördjupa och strukturera sina kunskaper om samhälle, arbetsliv och ekonomi genom studier av skilda samhällsfrågor. Eleverna skall få reflektera över, analysera och diskutera samhällsförhållanden i Sverige och andra länder. Eleverna skall också få möjlighet att fördjupa sig i någon samhällsfråga av särskild betydelse för deras respektive studieinriktning. Kursen skall genom såväl innehåll som form bidra till att förmedla och hos eleverna förankra de värden som vårt samhällsliv vilar på” (Skolverket, 1997, s. 69).

I B- og C-kursa er målet at måla i A skal utvidast (Skolverket, 1997, s. 70 og 72). Utviklinga innanfor samfunnsfaget skal vere at elevane går frå å skaffe seg medborgarkunnskap over til evne til å fordøye komplekse spørsmål (Skolverket, 1997, s. 151).

6. ANALYSEDEL

Denne delen av oppgåva analyserer empirien med bakgrunn i problemstillingane. Gjennom å presentere korleis kvar bok legg fram dei setningane det er sett på, samt drøfte desse i ljøs av ulike analytiske innfallsvinklar, er målet å dra einiskilde konklusjonar kring kva bilete tekstane gjev av europeiske samarbeidsforsøk, og det samfunnet dei søker å skildre. Del 6.1 handsamar bøkene kvar for seg. Frå 6.2 og utover tek analysen sikte på å samanlikne innhaldet i bøkene. Samanlikninga er tematisk strukturert. Det vil seie at ho tek utgangspunkt i ulike emne, ser på desse gjennom bruk av metodikk tilmåta kritisk innhaldsanalyse, og på den måten analyserer korleis dei ulike bøkene speglar dei utvalde emna. Vidare vert det sett på dei ulike funna komparativt. Komparasjonen er støtta av matriser og tabellar, som skjematiserer samanlikningsgrunnlaget, og viser kvifor vinklingane er interessante for oppgåva. Oppgåva tek for seg tre ulike analysetema. Analysetema 1 ser på grunngevingane som er nytta for å forklare oppkomsten av europeisk samarbeid i dei forskjellige bøkene. Analysetema 2 samanliknar bruken av innhaldstunge ord i bøkene, i samband med emna samarbeid og sjølvstyre. Analysetema 3 jamfører korleis innhaldstunge ord vert nytta metaforisk i dei ulike bøkene. Til slutt vert dei ulike emna dregne saman i ei felles drøfting.

6.1 KVA FORTEL BØKENE OM EUROPEISK SAMARBEID?

Målet er i denne delen å gjere greie for, og til dels drøfte, hovudinnhaldet i bøkene som vert analysert. I tillegg vert bøkene sett i kontekst, i høve til kva som er uttalte mål med verka, slik desse er presentert i fororda. Vidare vert bøkene vurdert i høve til kva intensjon faga bøkene verkar i skal ha, om ein samanliknar med mål i læreplaner og styringsdokument. Målsetjinga er å gje eit overordna bilete av korleis kvar av bøkene er strukturert. Denne framlegginga vil utgjere eit grunnlag for å forstå konteksten til kvar bok i den andre delen av analysen, der komparasjon på tvers av bøkene finn stad.

6.1.1 NORSKE BØKER FRÅ 1945-1972

NH1: Nordmenn før oss

Forfattern bak denne læreboka er historikaren Edvard Bull d.y. Boka kom ut for fyrste gong i 1948, medan den utgåva som ligg til grunn for analysen er frå 1968. Ho er ajourført, og oppdatert med eit nytt kapittel om tida etter den andre verdskrigen. Til saman er boka på 325 sider, og er gjeve ut på Johan Grundt Tanum forlag.

Kapittelet der debattane kring europeisk samarbeid kjem inn er kalla "Vår tid". Historia som vert skildra i dette kapitlet er så ung, at det vert oppmoda om at elevane kan lage si eiga hugseliste over perioden det skildrar. Der det står om tilhøvet til Europa, er debatten om Noreg skal søkje tilslutning til fellesmarknaden EEC i sentrum. I og med at boka kom ut i 1968 grip denne problemstillinga rett inn i dåtidas politiske verd. Debatten vert kalla eit "*utenrikspolitisk problem*" (Bull, 1968, s. 315). Grunngevinga til dei som argumenterer mot tilslutning vert hevda å vere redsel for å oppnå eit forhold av avhengigheit, særleg til Vest-Tyskland og Frankrike. Det blir ikkje spesifisert kvifor det er desse landa som er trekt fram. Då Storbritannia fekk avslag på framstøyten om medlemskap i EEC, vert det skrive at spørsmålet vart uaktuelt i Noreg. Det er òg nemnt at Noreg følgde Storbritannia sitt døme, og sendte ny søknad om tilslutning i 1967. Den einaste eksplisitte uthevinga av tilhøvet mellom Noreg og Storbritannia, er at Storbritannia er hovudlandet i EFTA. At Noreg har eit tett forhold til Storbritannia verkar på denne tida ikkje å vere noko som treng forklaring. Noreg vert nærast presentert som ein skugge av Storbritannia, som følgjer landet i den retninga britane tek. Denne haldninga fell saman med situasjonen i tida. I følgje Tamnes var dei strategiske og historiske banda til Storbritannia sterke, og det var brei semje om å halde på relasjonen (Tamnes, 1997, s. 153).

Boka har i tillegg eit ekstra fokus på Norden, då det står om den seinaste utviklinga i grannelanda. Om Danmark og Europa står det at danskane har dei same problema som Noreg i høve til fellesmarknaden, men at Danmark har enno meir behov for å følgje Storbritannia, fordi dei treng marknad for jordbruksvarene sine. Under avsnittet om Sverige er det nemnt at nøytralitetsståtaden hindrar landet frå å søkje om medlemskap i Fellesmarknaden, men at andre former for tilslutning har vore diskutert. Denne framstillinga harmonerer med kravet i undervisningsplanane om at ein skal vektleggje nordisk historie. Generelt sett ser boka dei europeiske samarbeidsskipingane i samband med økonomiske verknadar.

NS1: Samfunnskunnskap for gymnaset

Denne boka er skriven av Johs. Andenæs, Odd Aukrust og Ingard Hauge. Ho vart gjeve ut på J. W. Cappelens Forlag AS i 1971, og er eit 2. opplag av eit verk som opphavleg kom ut i 1951. I føreordet hevdar forfattarane at dei legg vekt på å leggje fram prinsippspørsmål og problemstillingar (Andenæs et al., 1971, s. 7). Målet er å gje elevane verkty som gjer at dei kan resonnerer kring viktige samfunnstilhøve. For å skaffe eit grunnlag for resonnement, er det òg sett mål om å peike på historisk og kulturell kontekst rundt skipingar og institusjonar. Forfattarane har freista å unngå å fremje politisk syn, men legg vekt på at verdifridom er eit umogleg ideal.

Boka drøftar tydeleg fordelar og ulemper med varebyte, og trekkjer EEC og EFTA inn i den samanhengen. Særleg er det fokus på at toll motverkar spesialisering landa i mellom, og dimed kan føre til vanskar med å opprette effektive storbedrifter (Andenæs et al., 1971, s. 106). Motsvaret til dette argumentet kjem under eit kapittel om inntekt og inntektsfordeling. Med døme i nedgangen for skreddarverksemda i Noreg, er det nemnt at bortfallet av toll etter krav frå EFTA-avtalen har råka norsk industri (Andenæs et al., 1971, s. 115). Ulikskapane mellom tollunion og frihandelsområde vert vidare presentert, og det er skriven at forsøk på å sameine EFTA og EEC er i gong. I den samanhengen er det likevel lagt stor vekt på å leggje fram kva følgjer dette ville fått i EFTA-landa, i samband med at sjølvstyret ville blitt svekkja. (Andenæs et al., 1971, s. 107).

Fokus på sjølvstyre viser seg sterkt, gjennom at det er via eit eige delkapittel til drøftingar kring statssuverenitet. Her er det både peika på at retten til å handsame interne tilhøve utan innverknad utanfrå er eit nasjonal gode, samstundes som at denne påstanden vert kontra med at utviklinga innanfor samferdsel og næringsliv krev samarbeid mellom fleire statar (Andenæs et al., 1971, s. 159). Det er dertil enno ein gong presisert at tollgrenser hindrar økonomisk utvikling. Vidare er det vist til at spørsmålet om statssuverenitet har vore framstående i ordskifta kring Noreg sitt tilhøve til EEC (Andenæs et al., 1971, s. 160). I likskap med i NH1 ligg hovudvekta i NS1 på økonomiske tilhøve, medan det er lite historisk informasjon om korleis og kvifor dei europeiske samarbeidsorganisasjonane vart danna.

6.1.2 NORSKE BØKER FRÅ 1973-1994

NH2: Fortid og samtid 2 – Norsk Historie etter 1850

Læreboka er skriva av Tore Linné Eriksen, Terje Halvorsen og Knut Einar Eriksen. Ho er gjeve ut på Gyldendal Norsk Forlag i 1984, og er ei ny utgåve av eit verk som kom på marknaden fyrste gong i 1977. Boka er tilført kapittel om det siste tiåret, og tilpassa dei seinaste endringane i målsetjingar og læreplaner. Tore L. Eriksen hevdar i innleiinga at kapitlet etter andre verdskrig har fått spesielt mykje plass i høve til kva som er vanleg, fordi han meiner det er viktig for å forstå notida (Eriksen et al., 1984). Boka er supplert med kjeldekapittel, som er meint å gje djupare innsyn i dei ulike emna som vert prioritert. Knut Einar Eriksen har ansvar for perioden der oppgåva sitt analysegrunnlag kjem inn. NH2 er, til liks med dei andre norske historiebøkene i analysen, via til noregshistorie og nordisk historie.

Analysematerialet til grunn for denne oppgåva finn ein under kapitla ”*Vekstsamfunnet og arbeiderpartiets glanstid*”, ”*Borgerlig regjering og EF-kamp*”, samt ”*1970- og 1980-åra: Økonomisk krise og høyrebølge*”. Spørsmålet om Noreg sitt tilhøve til EF vert heile tida sett i samband med korleis det verkar inn på norsk innanrikspolitikk, gjennom konsekvensane saka får for norske parti. Korleis usemja kring EF-deltaking splittar regjeringar og parti er kjerneområde. Det er elles lagt mykje vekt på kva grupper i folket som røysta for og imot EF, og kva som var argumentasjonen på kvar side i debatten. Boka set den såkalla EF-striden til å vere eit vendepunkt, som markerte slutten på stabile norske partiforhold.

I L76 er det fremja at ein skal leggje vekt på nordisk historie. Denne boka legg likevel brorparten av fokuset på norske tilhøve. Den europeiske fellesskapen vert berre presentert ut i frå kva implikasjonar organisasjonen fekk for interne norske forhold. Samstundes må ein sjå dette i samband med den historiske utviklinga i Noreg. Norske historikarar hevdar at det ikkje har vore nokon emne som har skapt så mykje debatt i det politiske Noreg som EF-kampen fram mot 1972 (Sejersted, 2005. Tamnes, 1997). Når historieskriving i stor grad dreier seg om å spegle røynda, vil det vere naturleg at dette kjem til syne i læreboka. Dessutan må ein taka omsyn til at Noreg hadde vore gjennom ein lang periode med politisk stabilitet etter krigen, og at vaklande politiske tilhøve faktisk var ei storhending. På den andre sida er det ikkje teke med noko i direkte tekst om kva EF eigentleg var, og kva som var motivasjonen bak organisasjonen, anna enn det som er framsett som argumentasjonen til ja-sida i debatten. Dette krev at elevane sit med ein del bakgrunnsinformasjon om tilhøva i Europa. EF står på mange måtar fram som noko som berre finst, og som Noreg må ta stilling til.

NS2: Samfunnskunnskap for den videregående skole

Forfattarane bak boka er Johs. Andenæs, Jan Brøgger og Fritz C. Holte. Læreverket er mynta på samfunnskunnskapsfaget for ålmenn studieretning. Det kom ut på J.W. Cappelen forlag i 1978, og er eit 2. opplag. Forfattarane hevdar i forordet at dei har freista å sjå Noreg i 1970-åra i ein større historisk og geografisk setting, samt gjere stoffet meit problemorientert enn det som tradisjonelt har vore vanleg. Dei har òg freista å orientere om ulike synspunkt, men presiserer at vurderingsfrie bøker er ein utopi.

Eit særskild fenomen med denne boka, er at ho har ei innleiing som tek sikte på å setje Noreg inn i ein verdssamanheng, gjennom å peike på korleis Noreg har ei rolle i verdssamfunnet. Det særigne ved Noreg er skjematisk, og det er freista å vise på kva måte Noreg vert sett utanfrå. Det er òg teke med eit utdrag frå ein konklusjon i ei undersøking, som viser at nordmenn syns (for) godt om seg sjølve. Dette er vidare problematisert med sikte på å fremje fordomsfrie ideal. Sjølv om heile dette kapittelet set Noreg i sentrum, fordrar vinklinga eit globalt utgangspunkt.

Kapitla i analysen kjem inn under overskriftene ”*Stat og politikk*”, ”*Internasjonal politikk*”, og ”*Sosialøkonomi*”. Sekvensane som vert studert femner med andre ord fleire tema. Europatilhøvet vert nemnt i samband med korleis EF-striden verka på parti og merkesaker i Noreg. Det vert lyfta fram kva relasjon Noreg har til EF. Vidare er tilhøvet mellom den norske Grunnlova og internasjonale organisasjonar særleg sentrert. Boka gjer greie for korleis formell tilknytning til internasjonale organ får følgjer for endringar i Grunnlova. EF er òg trekt fram under eit avsnitt som tek for seg organisert avviking av toll-og importrestriksjonar.

Grunnlova, i samspel og konflikt med internasjonal lovgjeving, er handsama i eit eige kapittel. Dette vinklar tema over på sjølvstyre. Når ein ser kva læreplana har å seie om dette forholdet vert prioriteringa likevel eit rimeleg grep. L76 skriv, som presentert i kontekstsetjinga, at emne om internasjonal politikk skal fokusere på suverenitet i høve til overnasjonale organ, og internasjonal økonomi. Boka samsvarar difor med måla i læreplanen. Fokuset på suverenitet er altså ikkje noko ein kan avgjere at forfattarane har vald å ha med fordi dei syns det er viktig, men eit felt som er med for å kome læreplanen i møte.

6.1.3 NORSKE BØKER FRÅ 1995-

NH3: Norge 2

Denne boka skal dekkje hovudtrekk i norsk historie mellom 1850-1990. Forfattarane er Terje Emblem, Ivar Libæk, Tore Syvertsen og Øivind Stenersen. Sistnemnte har skrivne den delen eg ser nærare på. Boka har medvite teke med eit breitt utval av kjelder. Døme på kjeldemateriale er utdrag frå avisinnlegg og dagbøker. Forfattarane har vald å fokusere på å trekkje dei lange linene, og framstillinga er kronologisk.

Under kapittelet ”*Vekst og velstand 1945-1972*” er det sett ljøs på forsøka med nordisk samarbeid, og på kva ulike områder samarbeidet har opplevd suksess. Vidare er EFTA og EEC si historie og utvikling gjort greie for. Forsøka på å sameine EFTA og EEC er òg eit presisert område. Under EF-saka er hovudvekta lagt på korleis saka vart splittande for norske, stabile politiske tilhøve. Eit eige avsnitt heiter ”*EF-kampen i 1960-og 70åra*”. Her ligg vekta på kven som var for, og kven som var imot samanslutninga, kva argument aktørane nytta for å grunngje haldninga si, og korleis dei to gruppene organiserte seg. Vidare er det sett ljøs på kva implikasjonar EF-kampen fekk for politiske parti i Noreg. Under kapittelet ”*Olje-Norge*” er det peika på at EF-kampen fekk konsekvensar for utforminga av distriktspolitikken. Her vert det hevda at sigeren til nei-sida leidde til auka fokus på behova til distrikts-Noreg. Mot slutten av boka er EØS-avtala og EU-debatten i 1994 eit emne. Eit sentralt tema, som det er gjeve mykje plass til, er ei drøfting kring kvifor Noreg ikkje hadde opplevd svekka motstand mot EF sidan 1972. I samband med dette er det sett inn eit delkapittel, som punktvis skildrar kva som er spesielt med Noreg, under tittelen ”*Den norske EU-motstanden i et langt perspektiv*”. I temaoppgåvene er det oppmoda om å arbeide med EF/EU i samband med lokalhistorie.

Her er det tydeleg at kampen for og mot den Europeiske Fellesskapen er den prioriterte vinklinga. Dette kan, i likskap med i dei andre norske historiebøkene, ha samband med at boka tek for seg norske tilhøve. EU-voteringa, og diskusjonane i framkant av ho, ligg truleg friskt i minne, og mange av elevane som nytta denne boka på vidaregåande kunne sjølv hugse EU-kampen i 1994. Noreg sitt forhold til EU er enno er oppe til debatt, og mange borgarar har meiningar om kor tett tilslutninga skal vere. Difor er det ikkje overraskande at emnet er fokusert.

NS3: Samfunnslære

Terje Emblem, Ivar Libæk, Øivind Stenersen, Asle Sveen, og Svein Aastad står bak denne boka, som er mynta på fellesfaget for vidaregåande skule, VK1, ålmenn studieretning. Forfattarane tek sikte på å gje grunnleggande basisferdigheiter, og har i tillegg eit ynskje om å gjere elevane aktive i samband med utforminga av deira eiga framtid.

Her står det om EU under kapittelet ”*Internasjonale forhold*”. Det europeiske samarbeidet si historie, og utvikling etter krigen, er fremja. Linene vert drege frå Kol- og stålunionen, via EEC, til EF-samarbeidet, og fram til organisasjonen fekk namnet EU. Elles er det skrive om kva rolle Noreg hadde i EFTA, og har i høve til EU. Det står ingenting om EF/EU-kampen. Norske implikasjonar av EØS-avtalen er vekta. Det er lite diskusjonsstoff i boka, og framstillinga er prega av faktaoppramsing.

I motsetnad til i NH2 og NH3 er det overraskande lite fokus på den såkalla EF/EU-kampen i denne boka. Ei forklaring på dette kan vere at samfunnsfaget er eit dagsaktuelt fag, og at engasjementet kring EF og EU var historisk hendingar, som fann stad under ein avgrensa periode. Forfattarane kan ha vald å prioritere dagens aktuelle tilhøve, på kostnad av det historiske. Dette bortforklarar likevel ikkje at boka skriv om den europeiske historia til organisasjonane. Det kan på bakgrunn av denne prioriteringa sjå ut som om NS3 tek innover seg ei meir europeisk haldning enn mange av dei andre norske bøkene. Samstundes verkar ikkje presentasjonen å vere eit forsvar for europeisk integrasjon, fordi det som er kraftigast presentert er EØS-avtala sine verknadar for norske tilhøve. Likevel er det særeige at boka ikkje nemner dei krasse ordskifta knytte til EF- og EU-røystingane.

6.1.4 OPPSUMMERING AV INNHALDET I DEI NORSKE LÆREVERKA

Dei norske bøkene har primært eit fokus på norske tilhøve. Det norske politiske livet, partiorganiseringane, og interne nasjonale konflikhtar, er emne som vert presentert i samband med dei europeiske samanslutningane. Læreverka har òg generelt fokus på å leggje fram korleis debattane kring europeisk samarbeid sto fram i Noreg. Det inneber at ein får eit relativt grundig innsyn i argumentasjonen til både dei som er for, og dei som er imot, tettare integrasjon i Europa. Sjølv om dei norske læreplanane hevdar at det skal leggjast vekt på nordisk historie, er det ein klår tendens at det er norske tilhøve som har fått mest merksemd når det kjem til europeiske relasjonar.

6.1.5 SVENSKE BØKER FRÅ 1945-1972

SH1: Historia

Boka kom ut i 1968, og forfattarar er Erik Nordell, Jan Gustafson, og Sven-Åke Johansson. Ho er mynta på Humanistiske og samfunnsfaglege linjer på det svenske gymnaset. Innhaldet famnar om perioden etter 1945, samt ei rekkje tematiske studie. Forfattarane har vald å innlemme ei mengd avisutdrag, i samband med framstillinga av etterkrigstida. Dette er gjort for å gje elevane trening i kjeldekritikk, og for å vinkle informasjon alternativt. Det er òg eit mål at elevane skal lære seg å skilje mellom fakta, vurderingar, kommentarar og propaganda. Forfattarane peikar på risikoen for at boka kan innehalde feilvurderingar og subjektive framstillingar, då dette er sentrale utfordringar for samtidshistorikarar. Samstundes gjer dei merksame på at lesarar har plikt til å vurdere boka kritisk.

Analysematerialet finst under kapittelet ”*Organiserat Europa*”. Her er det fokus på utviklinga etter den andre verdskrigen, på kva grunnlag Europarådet, EEC og EFTA vart dana, og kva land som har vore med i dei ulike organisasjonane. Kva som kjenneteiknar toll- og handelsområder er òg drege fram. Under overskrifta ”*Hur har det gått sedan? Läget idag*” vert det peika på at utviklinga har kome langt på det økonomiske området, men at det står att mykje på det politiske feltet, når det gjeld europeisk samordning og integrering. Det er òg framsett at det er eit mål at EEC og EFTA skal sameinast.

Det er lite fokus på særskilde svenske tilhøve. Framstillinga i boka handlar om organisasjonane uavhengig av det dei fører med seg for Sverige. Frankrike si stilling i høve til EFTA-landa sine ynskje om å kome inn i EEC gjer at ”*förhandlingarna ännu inte har lett till resultat*” (Nordell et al., 1968, s. 36). Det kan verke som om forfattarane meiner det er eit tidsspørsmål før ein opplever eit tettare politisk samband i Europa, men det ”*måste också ligga långt i framtiden*” (Nordell et al., 1968, s. 36).

SS1: Samhällskunskap för gymnasiet

Forfattern av denne boka er Sixten Björkblom. Ho vart gjeve ut i 1965 på Almqvist & Wiksell forlag.

Analysematerialet er henta frå kapitlet ”*Sverige och världen*”. Her er det presisert at ein må studere land Sverige er avhengig av, for å forstå Sverige. Under europeisk samarbeid vert det hevda at eit sameint Europa er ein gamal idé, men at han vart vanskelegare å setje ut i livet etter at nasjonalstaten fekk sitt gjennombrot. Etter krigen er Europarådet, EEC og EFTA peika på som variantar av europeisk samarbeid. Fokus ligg på kven som er medlem kor, kva som er rolla til dei ulike samanslutningane, kvifor det oppsto ynskje om å søkje saman, og kva som er utfordringane i høve til samarbeidet.

I likskap med den svenske historieboka frå same periode, verkar Björkblom å peike fram mot tettare integrering i Europa i framtida. Han problematiserer gjennom å vise til at ulikskapane og motsetnadene innanfor Europa er store, men utan å diskutere kva desse variasjonane går ut på. Berre språkbarrierane er trekt fram som eit praktisk problem, og hinder for vidare samarbeid. Dei svenske tilhøva til samarbeidsskipingane er ikkje diskutert eksplisitt, men det er nemnt kor Sverige er medlem. Det er likevel teke med eit avsnitt om Sverige og nøytralitetspolitikken, der det står at ”*Neutralitetspolitiken har varit en naturlig linje att följa för att undvika, att landet dras in i det maktpolitiska spelet*” (Björkblom, 1965, s. 251). Ein kan indirekte finne forklaringa på kvifor Sverige er med i EFTA, og ikkje EEC, då det står at ”*Några stater, som inte ville vara med i en så fast politisk enhet, samanslöt sig i den Europeiska frihandelsassociationen*” (Björkblom, 1965, s. 254). I denne setninga er ikkje omsyn til nøytralitetspolitikken nemnt som eksplisitt årsak til at Sverige ikkje søkte seg til EEC. Det er likevel sannsynleg at det er nøytralitetspolitikken forfattern har i tankane då han skriv om politiske høve her.

6.1.6 SVENSKE BØKER FRÅ 1973-1994

SH2: Forntid till nutid 2

Forfattarane av denne boka er Sven Samuelson og Lars Hildingson. Boka kom ut i 1985. Forfattarane hevdar at dei har prøvd å skrive enkelt og konkret. Målet har vore å lage ei realistisk lærebok.

Analysegrunnlaget finst under kapittelet ”*Västblocket*”. Vekta ligg på at Vest-Europa har vorte eit satellittområde under USA etter andre verdskrig, grunna tilhøvet til NATO. Elles er det presentert at Charles De Gaulle lanserte ein idé om at Europa skulle vere for europearar. For å kome seg unna avhengigheita til USA har ein freista å danne ei økonomisk handelsblokk, EF. I følgje forfattarane var årsaken til at Frankrike lenge nekta Storbritannia tilslutning, at dei såg på britane som USA sine tenarar.

Denne boka skil seg markant frå de andre i analysen. For det fyrste er det lite analysegrunnlag kring europeisk integrasjon i ho. For det andre er presentasjonen av emnet selektiv, då han ser europeiske forsøk på samarbeid som ein protest mot amerikansk dominans. Ingen andre forklaringsfaktorar for kvifor Europa søkte integrering er nemnt. Ei forklaring på kvifor boka står fram som noko tynn i informasjonen, kan ein finne i forfattarane sitt mål om å lage ei realistisk lærebok, som alle elevane skal ha moglegheit til å følgje, uansett fagleg nivå. Læreplanen frå 1970 krev òg at perioden etter 1945 skal sjåast i eit globalt perspektiv (Kung. Skolöverstyrelsen, 1970, s. 177). Å sjå på Europa som eit område i skuggen av ein av den kalde krigen sine hovudaktørar, er ein form for globalt perspektiv. Dette kravet frå læreplanen kan òg vere med på å forklare kvifor det ikkje er gjort greie for Sverige si stilling i høve til Europa.

SS2: Världen, Sverige och vi

Sixten Björkblom, Anders Altersten, Hans-Olof Hanselid og Kurt Liljequist står bak denne boka, som kom på marknaden i 1976. Boka er tilpassa faget samhällskunskap på andre årstrinn ved gymnaset. Dette faget har særleg fokus på økonomi og økonomisk politikk.

EG (Europeiska Gemenskapen) og EFTA vert her presentert som organ for økonomisk samarbeid. Det er fokusert på kva som kjenneteiknar ein tollunion og eit handelsområde, og på kva land som har tilslutning til dei to organa. Vidare er det gjeve mykje plass til å gjere greie for kva utbyte Sverige har av å vere medlem av EFTA, og korleis avtalen mellom Sverige og EG står fram. Utdrag frå denne avtalen ligg dertil med som kjelde. Det økonomiske perspektivet er konsekvent ivareteke, og organisasjonane er òg behandla under eit kapittel om Sverige sin utanrikshandel på 1970-talet. Diagram og figurar stør teksten heile vegen.

Sjølv om læreverket tek for seg økonomisk politikk, kjem det med ein del inngåande

informasjon om dei europeiske organisasjonane. Mellom anna er dei politiske vilkåra for samarbeid ljossett. Korleis det svenske nøytralitetsidealet hindra ynskje om å involvere landet i EEC er òg nemnt. Presentasjonen finn ein hald for i læreplanen, som set internasjonal politikk og økonomi som eit av hovudmomenta (Kung. Skolöverstyrelsen, 1970, s. 178).

6.1.7 SVENSKA BØKER FRÅ 1995-

SH3: Människan genom tiderna

Denne boka kom ut i 1997, på forlaget Natur och Kultur, og er skriven av Karin Skrutkowska, Jan Stattin, Gunnar T. Westin og Torbjörn Norman. Ho er kronologisk framstilt, og inndelt i epokar. Epoken eg skal sjå på er *Tiden efter 1945*. Fokus ligg på område som gjeld menneska direkte, både som individ og samfunnsdeltakarar. Forfattarane hevdar dei er medvitne at ytre, materielle råmer styrer menneska sine livsvilkår til ein viss grad. Eit mål med boka er å gje ei rettviss framstilling av dei ulike sidene ved historia - kulturelle, økonomiske, sosiale, og politiske. Føremålet er å opne elevane sine auger for at historia er eit resultat av ”*alla krafters spel*” (Skrutkowska et al., 1997, s. 3).

Analysematerialet finst under delkapitla ”*Demokratiernas Europa*” og ”*Norden*”. Her er det fokusert på at Europa har freista å hevde si stilling i høve til USA og Sovjetunionen gjennom integrasjon, både militært og økonomisk. Denne integrasjonsideen har gått gradane frå Europarådet, gjennom kol- og stålunionen, til EEC, EF og EU. EFTA er òg teke med som eit alternativ til EEC, men definert som oppløyst etter at dei fleste medlemslanda gjekk inn i EU. EU sine hovudorgan, og oppgåvene deira, er skissert. Den fremste kritikken mot EU er teken med. Valutaunionen er òg eit prioritert felt, sett i samband med at han har skapt krasse ordskifte. Det er vidare presisert at EU-medlemskapen har ført til at Sverige måtte gå bort frå nøytralitetsidealet. Nøytralitetsomsynet er òg peika på som årsaksforklaring for kvifor ikkje Sverige søkte tilslutning til EG tidlegare. Under kapittelet om Norden er det skissert kva formell rolle nordiske statar har, og har hatt, i høve til europeiske samarbeidsorganisasjonar. Denne presentasjonen harmonerer med læreplana sitt hovudmål om at elevane skal skaffe seg notidsforståing (Skolverket, 1997, s. 139). Ein ting som likevel er verdt å merke seg er at læreboka ikkje legg fram noko om ordskifta i samband med EU-tilslutninga. Sverige sin inngang i den europeiske fellesskapen er presentert i få setningar:

”*Efter fullmakt av riksdagen ansökte man om svensk medlemskap i EG i 1991. Detta*

motiverades med att 50 procent av den svenska exporten gikk till länder inom EG och att svenska företag redan fanns i dessa länder. På denna punkt var socialdemokrater och borgerliga eniga och när en borgerlig koalitionsregering trädde till 1991 fortsatte arbeidet med att föra in Sverige i EG/EU. Efter en folkomröstning 1994 skedde detta” (Skrutkowska et al., 1997, s. 331).

Utdraget viser at Sverige sin inngang i EU var demokratisk fundert, med fullmakt frå riksdagen, samt at ei folkerøysting låg til grunn for vedtaket. Det er likevel ikkje skrive noko om kva det svenske folket la til grunn i debatten, og det er heller ikkje nemnt kor jamt resultatet etter røystinga var. Ein får difor inntrykk av at heile Sverige ynskte å bli med i EU. Dette blir dessutan streka under ved at tekstbrokken slær fast at parti, både på høgre- og venstresida av aksen, var samde om å sende medlemssøknad til EG.

SS3: Millenium

Dette læreverket er utforma for A- og BC-kursa i samhällskunskap ved gymnas og vaksenopplæring i Sverige. I forordet står det at *”Den bärande tanken i Millenium är att gå i fyra steg. Från den enskilda individen över samhällsekonomin och vem som bestämmer i politiska och demokratiska sammanheng, till ett globalt perspektiv på olika samhällsfrågor”* (Palmquist & Widberg, 1998, s. III). Millenium er skrive av Christer Palmquist og Hans Kristian Widberg. Dei hevdar at ein i dag, meir enn nokosinne, er avhengig av omverda.

Kapittelet analysen tek utgangspunkt i handlar om EU. Det startar med å konstatere at Sverige er eit lite land, som er avhengig av omverda. Dette er sett som ei forklaring på at Sverige vart med i EU i 1995. Etter ingressen følgjer ei punktvis oppstilling av kva som har hendt i Sverige og EG/EU sidan 1991. Det finst òg ei tidslinje over framveksten av EU. Sidan er tilnærminga mellom aust og vest i Europa presentert, i samband med unionen. Etterpå kjem eit avsnitt som gjer greie for bakgrunnen for eit europeisk samarbeid. Vidare kjem innhaldet i Maastrichtavtalen og Amsterdamfödraget. Dette vert følgd av ei innføring i kven som har makt i EU, der det europeiske rådet og ministerrådet er fokusert. Sidan går boka over i å presentere ulike organ innanfor EU; Europaparlamentet, Den Europeiske kommisjonen, komitear, domstolen, og revisjonsretten. Dineit går vinklinga over på Sverige og EU, kva rolle Sverige har i EU, og at EU slit med ei legitimitetskrise på grunn av lågt valengasjement. Ei punktvis oppstilling av avtalen mellom Sverige og EU er òg med. Her er det presisert at Sverige har rett på militær alliansefridom innanfor unionen. Eit avsnitt handlar om EØS-

avtalen, og avgrensingane han står for. Sidan kjem informasjon om kva ein medlemskap i EU inneber for påverknad, innsyn, kostnad, og gode. Til slutt kjem eit kapittel som tek opp valutaunionen EMU, Schengenavtalen, og diskusjonar rundt korleis framtida til EU vil sjå ut. Boka er rik på skjematiske oppstillingar av figurar og diagram, samt illustrasjonar.

Til liks med den andre svenske boka frå same periode peikar denne seg ut gjennom at ho framsett kritikk mot EU. Samstundes er det ikkje overraskande at eit slikt moment kjem inn etter at Sverige har knytt seg til unionen, og dimed både blir råka av EU-vedtektene og har medavgjerd i utforminga av dei. Grunna eit mål om at elevane skal skaffe seg medborgarkunnskap og evne til refleksjon, må ein presentere tilhøve elevane har moglegheit til å påverke i framtida. Tidleg i kapitlet om EU står det: *”Vad EU-medlemskapet innebär i framtiden vet vi inte särskilt mycket om. Men vi har alla del i det som formar framtiden, oavsett om vi deltar aktivt i utvecklingen eller om vi bara passivt ser på”* (Palmquist & Widberg, 1998, s. 147). Denne setninga peilar inn på hovudemnet historiemedvit i læreplanen. I tillegg kjem ho målet om at elevane skal få analysere og reflektere over samfunnsforhold i Sverige og andre land i møte (Skolverket, 1997, s. 69).

Eit anna likskapstrekk mellom denne boka og SH3, er at ho ikkje fokuserer på dei svenske debattane kring tilslutning eller ikkje til EU. Her kjem det likevel fram at ikkje alle ville delta i unionen, fordi det jamne røysteforholdet er presentert, og at den låge valdeltakinga i EU-vallet er debattert. I samband med debatten om val, og legitimitet gjennom demokratisk deltaking, er det lista opp ein del årsakar som kan vere med på å forklare kvifor få svenskar nytta røysteretten sin i EU-vallet. I denne samanhengen står det at nokon hevda at *”svenskarna, dvs. de som trots allt gick till valurnorna, röstade in representanter som bara vill ordna en ’utträdesbiljett’. Den grupp som vill påverka och utveckla EU försvagades i motsvarande grad”* (Palmquist & Widberg, 1998, s. 156). Dette sitatet viser indirekte at boka vedkjenner seg at det var usemje kring EU-tilslutninga, men det er likevel ikkje lagt fram direkte årsaker til usemja i dette læreverket.

6.1.8 OPPSUMMERING AV INNHALDET I DEI SVENSKE LÆREVERKA

Dei svenske bøkene har fyrst og fremst ein europeisk ståstad i presentasjonane sine. Dei drøfter oppbygginga av organisasjonane, og kva rolle samanslutningane spelar i Europa, men ikkje kva verknader dei europeiske integrasjonsforsøka får for Sverige. Den tettare

integreringa i Europa etter andre verdskrig er lite debattert, men presentert som eit gode. Samstundes er det ikkje lagt skjul på at dei ulike organisasjonane har sine negative sider. Det er ikkje vist til argument mot Sverige si tilslutning til EU i nokon av bøkene.

6.2 ANALYSETEMA I

Historia ein legg som bakteppe for ei hending, er sentral for å skape eit heilskapleg bilete av hendinga sin relevans. Når det gjeld det europeiske samarbeidet, finst det mange ulike måtar å grunnkje oppkomsten av ein tettare integrasjon på. Ein kan hevde at historia er eit sterkt verkemiddel for å legitimere eller svekke tiltrua til eit fenomen. Årsaka er at forfattarar har stor makt til å velje kva historier dei legg til grunn som forklaringar på fenomenet. Dei forskjellige forteljingane om kva som katalyserte eit europeisk samarbeid vil kunne vekke varierte emosjonar mellom tilhøyrarane. Forfattarane sine bakgrunnsforklaringar vil gje føringar for om teksten forsvarar eller går til kamp mot hendinga, gjennom den historiske presentasjonen.

Denne delen av oppgåva tek sikte på å samanlikne dei historiske grunngevingane i lærebøkene. Målet er å sjå kva årsaksforklaringar dei ulike bøkene framsett som europeisk motivasjon for å søkje nærare samarbeid etter den andre verdskrigen. For at det skal vere tydeleg kva som ligg til grunn for drøftinga, vil argumentasjonen bli referert til, før kategoriseringa og systematiseringa av dei ulike argumenta finn stad. Dinstøt følgjer ei samanliknande drøfting av grunngevingane i dei ulike læreverka.

6.2.1 GRUNNGJEVING I NORSKE BØKER

NH1 har ei økonomisk grunngeving for samarbeid. Forfattaren skriv at Fellesmarknaden (EEC) tok sikte på eit meir vidtgåande fellesskap enn berre avvikling av tollsatsane, slik EFTA hadde som mål. ”*Det så ut til at det gav bedre økonomiske resultater*” (Bull, 1968, s. 315). Bull grunnjev altså eit fellesskap som skulle gå vidare enn det økonomiske, med at det ville vere meir økonomisk lønsamt. På den måten kjem han med eit tydeleg forsvar for frihandel. Den økonomiske grunngevinga vert understreka, då det er presistert at Noreg følgde handelspartnaren Storbritannia med søknad om tilslutning til Fellesmarknaden (Bull, 1968, s. 315), og at Danmark ynskte tilslutning fordi dei trengte å trygge avsetning på jordbruksvarene sine (Bull, 1968, s. 317).

NS1 argumenterer òg hovudsakleg økonomisk. ”*I Vest-Europa har arbeidet for å gjere tollgrensene lågare resultert i at det har vorte to store økonomiske blokkar*” (Andenæs et al., 1971, s. 106). Denne utsegna kjem etter ei drøfting av føremonene ved internasjonal handel. Baketter i boka står det dessutan at ”*For å stå sterkare har mange statar i ymse delar av verda i seinare år gått saman i militært og økonomisk samarbeid*” (Andenæs et al., 1971, s. 160). Her står det ingenting eksplisitt om EEC, men drøftingar om Noreg sitt tilhøve til EEC kjem like etter setninga, og ein kan difor lese ho som ei grunngeving for denne samskipnaden.

NH2 nytter fleire grunngevingar for at Noreg søkte seg nærare Europa, men nemner ikkje kvifor eit samarbeid i Europa oppstod i utgangspunktet. Forfattarane presiserer at Noreg søkte tilslutning fordi Storbritannia la om utanrikspolitikken sin, og sendte inn søknad. ”*Den norske og den danske regjeringen fulgte den nye britiske linja*” (Eriksen et al., 1983, s. 195). Samstundes presenterer boka eit bilete av ein plakat frå EF-kampen, sett opp av Arbeidarpartiet, med teksten *Ja til Europa – i samarbeid og fellesskap* (Eriksen et al., 1983, s. 195). Denne teksten er med på å vise at dei generelt formulerte ambisjonane, samarbeid og fellesskap, var motivasjonsfaktorar for å bli med i EF, og noko tilhengjarane av samanslutninga fokuserte på. Under argumentasjonen til ja-sida er det òg nemnt at dei hevda at Noreg var ”*politisk og kulturelt en del av Vest-Europa, og at snever nasjonalisme ikke måtte stå i veien for 'et forpliktende internasjonalt samarbeid'*” (Eriksen et al., 1983, s. 197). At dette er ja-sida sine argument kjem ikkje berre fram av konteksten setninga over står i, men er understreka gjennom at delar av teksten er sett i sitatteikn. Eriksen et al. gjer det slik tydeleg at det ikkje er dei som sett fokus på eit forpliktande internasjonalt samarbeid, men at dette er ja-sida sine ord

NS2 har ikkje noko tydeleg fokus på kva faktorar som ligg til grunn for at Europa har søkt integrasjon. Det er likevel presisert at Noreg er avhengig av omverda, og dette er konkretisert gjennom at ”*Nesten ikke noe land har større utenrikshandel, regnet pr. innbygger, enn Norge*” (Andenæs et al., 1978, s. 13). Her må lesaren likevel sjølv dra band til at dette kan vere ein årsak til at tettare integrasjon fann stad i Europa. Elles er ikkje EF sin oppkomst diskutert.

NH3 legg seg på same line som dei andre norske historiebøkene, når det gjeld fokuset på at Noreg søkte tilslutning til EF av økonomiske omsyn. ”*Da to av Norges viktigste*

handelspartnere og allierte, Storbritannia og Danmark, søkte om medlemskap i EF, vedtok Stortinget i 1962 å gjøre det samme” (Emblem et al., 2000, s. 237). Motivasjonen for europeisk samarbeid finn ein der det er lista opp kva som var ja-sida sine argument i EF/EU-debatten. Der kjem økonomiske argument fram, gjennom at eit medlemskap ville ”*bidra til å øke den økonomiske veksten*” (Emblem et al., 2000, s. 237). Å ”*sikre freden mellom gamle fiender i Europa*” (Emblem et al., 2000, s. 237) var òg eit argument. ”*Samtidig understreket tilhengerne at Norge ville få større innflytelse på den politiske utviklingen i Europa. De så også positivt på EFs regler om at varer, tjenester, kapital og arbeidskraft skulle kunne flyttes fritt over landegrensene*” (Emblem et al., 2000, s. 238).

NS3 er den av dei norske bøkene som tydelegast har ein europeisk ståstad, der dei framsett argument for samarbeid. I motsetnad til dei andre bøkene frå Noreg, er det ikkje berre fokusert på kva argument nordmenn har for og i mot tettare europeisk samarbeid. ”*Et viktig grunnlag for dette samarbeidet var troen på at sterkere økonomiske bånd over grensene ville bidra til å sikre freden mellom gamle fiender*” (Emblem et al., 1995, s. 167). Boka skriv òg at dei overnasjonale EF-organa kom til å bli eit ”*politisk kraftsentrum i Europa*” (Emblem et al., 1995, s. 167). Sjølv om det er implisitt indikerer denne utsegna at det i tillegg til det fredsbevarande og økonomiske argumentet ligg ein politisk motivasjon bak integrasjonen i Europa.

6.2.2 GRUNNGJEVING I SVENSKA BØKER

I SH1 kan ein mellom anna lese at ”*Europa väster om järnridån har under efterkrigstiden känt ett starkt behov av samgåande. Det har gällt i både politiska, kulturella, sociala och ekonomiska frågor*” (Nordell et al., 196, s. 34). Her er det sett ljøs på ei underliggande kjensle av fellesskap, som pregar Vest-Europa som heilskap. Denne tanken vert støtta opp vidare i boka. ”*I europeisk politisk diskussion finns en gammal tanke på ett Europas Förenta stater*” (Nordell et al., 1968, s. 34). Europarådet, som i følgje forfattarane vart skipa på impuls av Winston Churchill, ”*får ses som ett led i en större europatanke*” (Nordell et al., 1968, s. 34). Det vert i tillegg presisert at daninga av EEC hadde ”*Ett ekonomiskt syfte*” (Nordell et al., 1968, s. 34).

I SS1 vert same grunnleggjande fellesskapskjensle fokusert. ”*Tanken på ett enat Europa är gammal.*” (Björkblom, 1965, s. 252). Denne påstanden vert støtta opp med at keisarar og

pavar opp gjennom heile mellomalderen freista å utvide rika sine til å famne om heile Europa. SS1 argumenterer vidare for at *”De sammanhållande banden i det europeiska samarbetet är främst känslan av historisk och kulturell samhörighet. Den demokratiska statsformen, som är den förhärskande i Västeuropa, utgör också en grundval för gemenskapeten”* (Björkblom, 1965, s. 254-255).

SH2 peikar seg ut med ei vinkling som berre går på at Europa søkte saman for å markere avstand til USA. Desse sitata representerer dette synet:

”Segern i andra världskriget hade köpts till ett högt pris. Att resultaten av alla lidanden skulle bli ett Europa som var satellit till USA var det många som reste sig mot. Så småningom kom det amerikanska trycket här och var att kännas utmanande”,
”Det var framför allt den franske presidenten de Gaulle som såg fram emot ett ’Europa åt européerna’ och på olika sätt markerade sin strävan till oberoende av USA.”

”Även ekonomiskt har Europa försökt skaka av sig ett alltför stort beroende av USA. Bildandet av europeiska handelsblock har så småningom lett till skapandet av EG” (Samuelson & Hildingson, 1985, s. 559).

Sjølv om det siste utdraget peikar på økonomiske årsaker, er det framleis målet om å skape uavhengigheit frå USA som er sett som hovudbakgrunnen for å danne EG.

SS2 har eit økonomisk argument for at statar i Europa søkte saman etter krigen. *”Det ekonomiska samarbetet under efterkrigstiden har syftat till att skapa en friare handel”* (Björkblom et al., 1976, s. 140). Målet om å avvikle tollane og skape frihandel er i sentrum.

SH3 er til dels i tråd med SH2 din argumentasjon kring kva som fekk Europa til å søkje integrering. *”Europas stater har efter kriget försökt hävda sin ställning gentemot USA och Sovjetunionen genom en allt starkare samverkan”* (Björkblom et al., 1976, s. 322). Denne boka peikar likevel ikkje berre på at målet var å skape avstand frå USA, men at europeiske statar òg ville unngå å bli avhengige av Sovjetunionen. Ein kan tolke det dit at Europa ville motverke den bipolare maktbalansen, og ikkje som i SH2, unngå å bli satellitt til USA. Mål om å skape varig fred er òg sett opp som bakgrunn for samarbeid. *”... man hoppades att samarbete skulle motverka framtida krig”* (Björkblom et al., 1976, s. 322). Dette blir repetert

seinare i boka, der det står at ”*Fredstanken är viktig*” (Björkblom et al., 1976, s. 323). I tillegg er det økonomiske omsynet teke med under avsnitt om kvifor Sverige søkte medlemskap i EG. Dette ”(...) *motiverades med att 50 procent av den svenska exporten gick till länder inom EG och att svenska företag redan fanns i dessa länder*” (Björkblom et al., 1976, s. 331). Her botnar altså grunnen til at eit europeisk fellesskap finst i at Europa søkte å bli eit uavhengig og sterkt område, der samhald skulle motverke krig. Grunnen til at Sverige gjekk inn i fellesskapen er derimot grunngeve med gode økonomiske utsikter.

I SS3 er det eit eige delkapittel som heiter ”*Varför en europeisk gemenskap*” (Palmquist & Widberg, 1998, s. 148). Her er det presisert at årsakene var både økonomiske og fredssøkande. ”*Efter andra världskriget stod många länder bokstavligen på den ekonomiska ruinens brant och framtidsutsikterna för Europa var allt annat än goda. För att förhindra krig och fortsatt mänskligt lidande fanns det bara ett alternativ. Det alternativet var samarbete*” (Palmquist & Widberg, 1998, s. 148-149).

6.2.3 GRUNNGJEVINGANE I EIT SAMANLIKNANDE PERSPEKTIV

Samanfatta i skjematisk form er det fire hovudgrupper av argument for samarbeid som oppstår; økonomiske, maktpolitiske, kulturelle, og emosjonelle.

Under økonomiske argument kan ein sortere ut tre underkategoriar:

- Kapitalisme er positivt, og samarbeidet er ein veg for å fremje kapitalisme.
- Mål om å skape frihandel og senke tollhinder var grunnlag for samarbeid.
- Samarbeid fann stad fordi det var lønsamt for deltakarlanda (i dette tilfellet Noreg og Sverige)

Under maktpolitiske argument kan ein sortere ut fem undergrupper.

- Ein skulle trygge varig fred i Europa gjennom forpliktande samarbeid .
- Samarbeid fann stad for å skape avstand til USA og Sovjetunionen.
- Daninga av eit politisk kraftsenter i Europa var motivasjonen bak samarbeidet i teigen.
- Samarbeid måtte til for å gje deltakarlanda (Noreg eller Sverige) auka politisk tyngd i verda.
- Å gå inn i eit samarbeid er ein føresetnad for å verne om dei gode relasjonane til land ein vil halde seg inne med.

Under den kulturelle argumentasjonen opererer analysen med ei todeling:

- Samarbeid fann stad fordi land i (vest)Europa har felles idear om demokrati og styresett.
- Samarbeid oppstår fordi landa i (vest)Europa har felles historiske og kulturelle band.

Kategorien emosjonelle argument tek for seg påstandar om at det eksisterer ei kjensle av fellesskap i Europa. Grunnen til at denne oppstillinga skil dei to siste kategoriane frå kvarandre, er at dei kulturelle grunngevingane er meir konkrete enn dei emosjonelle.

Tabell 1: Grunngevingar for at eit europeisk samarbeid har oppstått

Økonomisk		Makt-politisk				Kulturelt			Emosjonelt	
Sunn kapitalisme	Skape frihandel/ avvikle tollsatsar	Mest lønsamt for Noreg/ Sverige	Trygge fred / Motverke krig	Skapa avstand til USA/ Sovjet.	Lage eit politisk kraftsenter	Gje Sverige/ Noreg meir politisk med-verknad	Følgje land ein vil halde seg inne med	Demokrati/ felles styresett og haldningar	Felles historisk og kulturell bakgrunn	Kjensle av fellesskap
NH1	I	I					I			
NS1		I			I					
NH2			*				I	JA	JA	
NS2			*							
NH3	JA	JA	I	JA		JA	I	JA		
NS3		*		I		I				
SH1		I						I	I	I
SS1								I	I	I
SH2		*			I					
SS2		I								
SH3			I	I	I					
SS3		*		I						

Dette symbolet (I) i ruta indikerer at dette er årsakene forfattarane brukar som forklaring. Symbolet (*) viser til årsaker som ikkje er skrive i klårtekst, men som opptrer implisitt. I rutene det står JA, er dette uttrykk for at det er ja-sida i EF/EU-debattane sine argument som blir framsett, og ikkje noko forfattarane nyttar som generelle argument for at eit europeisk samarbeid har oppstått.

Det som peikar seg ut som ein tydeleg tendens, er at dei norske bøkene har størst fokus på kva som er bra for Noreg med å knyte formelle band til Europa. Samstundes må sin sjå dette i samband med at dei norske historiebøkene, til forskjell frå dei svenske, berre har fokus på nordisk historie. Alle desse bøkene vert i undervisninga supplert med læreverk som tek for seg verdshistoria, og difor er det ikkje anna å vente enn at bøkene har eit nasjonalt utgangspunkt. Sjølv om læreplanane for historiefaget hevdar at hovudemne er nordisk historie, viser det seg i praksis at det som regel er norske tilhøve det vert referert til.

Samstundes er dei nyaste norske bøkene, dei som kom ut etter 1994, tydeleg på at ein viktig grunn for å arbeide for europeisk integrasjon, var målet om fred i Europa. Dette har dei felles med dei svenske bøkene frå same periode. I alle dei fire bøkene frå etter 1994 er tanken om at EU oppstod for å trygge fred mellom gamle fiendar, og motverke ny krig, sentralt. I NS3, SS3 og SH3 er nettopp fredtanken presentert som den viktigaste grunnen til at samarbeidet i Europa har oppstått. I NH3 er motivasjonen framsett som eit argument for ja-sida i debatten, men det at argumentet er teke er med i dei heile, viser at det var ein sentral påstand i tida.

I dei norske historiebøkene, NH2 og NH3, kjem grunngjevingane for eit integrert Europa i stor grad under presentasjonen av ja-sida sin argumentasjon for å søkje tilslutning til EF og EU. Grunnen til dette kan som nemnt vere at bøkene tek for seg norsk historie, og ikkje felles historie slik dei svenske gjer. Ei anna forklaring kan vere at forfattarane gjer dette for å kome ideala om objektiv og nøytral historieskriving i møte. I Noreg er enno diskusjonar om samarbeidssituasjonen med Europa oppe til debatt. Grunngjevingane for kvifor det finst eit integrert Europa vart i Noreg nytta av ja-sida i EF/EU-kampen. Viss forfattarane hadde presentert denne argumentasjonen som fakta ville det kanskje kunne bli oppfatta som eit forsvar for eit ja til ein tettare kontakt med Europa. Vinklinga på aktørane i debatten sine argument kan difor vere ein metode for å halde forfattersynspunkt mindre synlege. Dette står likevel i kontrast til at dei svenske bøkene, sjølv frå tida før Sverige vart medlem av EU, ikkje gjer det same. Det er mogleg at ein kan forklare dette med at Sverige ikkje søkte tilslutning til EF på syttitalet, slik Noreg gjorde. Difor fekk ein ingen tilsvarande debatt der. Når det gjeld den siste svenske historieboka vart ho til etter at medlemskapen hadde trådd i kraft. Ein presentasjon av kvifor det finst ein europeisk fellesskap kjem difor ikkje i konflikt med den nøytrale ståstaden ein lærebokforfattar skal streve etter. Presentasjonen av korleis samarbeidsorgana kom til kan snarare fungere som ei grunngjeving for kvifor Sverige er der dei er i dag.

Dei eldste svenske bøkene peikar seg ut gjennom at dei legg fram påstandar om at det eksisterer ein gamal tanke om eit samla Europa. Dei gjer likevel lite for å underbygge påstanden. Sjølv om SS1 hevdar at dette har vist seg gjennom at ”*Kejsare och påvar sökte under medeltiden förgäves utsträcka sitt välde över hela Europa*” (Björkblom, 1965, s. 252), kan det verke noko søkt at det er ein fellesskapstanke i Europa som ligg til grunn for dette. Sitatet kan derimot lesast som eit uttrykk for imperialistisk ekspansjonstrong, som kan vere materielt basert, meir enn emosjonelt. SS1 hevdar vidare at ”*Uppsplittningen på nationalstater har senare hindrat ett enande*” (Björkblom, 1965, s. 252). Inndelinga i nasjonalstatar vert her nytta som kausalforklaring på kvifor ikkje Europa står fram som ei eining. Samstundes må ein sjå denne forklaringa i samband med krava i den gjeldande læreplana. Der er det uttalt at historiefaget skal fremje tanken om eit samla Europa. Ein kan spørje seg kvifor ikkje Europatanken er eit argument i dei nyare bøkene. Ei mogleg forklaring er at ei slik ”europeisk sinnstemning” ikkje let seg prove, og at tanken er rekna som eit ideologisk utgangspunkt. Ein finn heller ikkje noko i dei nyare læreplanane som krev at ein omtalar ein Europatanke. Ei anna forklaring kan hengje saman med auka innvandring til dei nordiske landa, frå områder utanfor Vest-Europa. Dersom ein skal skrive historie for mangfaldet av norske og svenske elevar etter 1990, kan eit argument om ein felles Europatanke verke segregerande for dei elevane som har opphav og kulturell arv i land utanfor regionen. Ein Europatanke, slik han er presentert i dei eldste svenske bøkene, inneber at land i Europa høyrer saman grunna historiske og kulturelle likskapar. Ei tolking blir då at dei landa som er del av andre kontinent ikkje høyrer til i denne vage fellesskapen. I samband med at einskapsskulen har mål om å skape fellesskapskjensle og solidaritet mellom elevane, vil ein kunne oppleve disharmoni mellom mandatet åt skulen og det aktuelle målet i læreplanen.

Dei to seinaste svenske historiebøkene, SH2 og SH3, hevdar at ein hovudårsak til at det oppsto eit tett europeisk samarbeid, var målet om å skape avstand til maktblokkene i verda. SH2 skriv at motivasjonen var å hindre Europa frå å bli ein satellitt til USA, medan SH3 dreg fram både USA og Sovjetunionen som statar Europa ikkje ville knyte seg for mykje til. Ein kan spørje seg om dette uttrykkjer USA-skepsis. I SH2 verkar ei slik haldning å vere tydeleg. SH2 kom ut i 1985, og dermed eit tiår etter at USA hadde tapt krigen i Vietnam. Ein kan kanskje dra band til at SH2 til dels speglar Olof Palme sin tydelege USA-kritikk, i samband med den opne motstanden han reiste mot Vietnamkrigen (Sejersted, 2005, s. 503). Det byrja

òg å bli ei stund sidan Marshallhjelpa var avslutta, og det kunne vore meir opent for å kritisere USA i Sverige. SH2 hevdar at de Gaulle tydeleg freista fjerne seg frå USA. ”*Det skedde genom demonstrativa försök till närmanden till Sovjetunionen*” (Samuelson & Hildingson, 1985, s. 559). Det er likevel ikkje presisert korleis tilnærminga til Sovjetunionen gjekk føre seg, anna enn at Frankrike freista å fjerne seg frå USA. SH3 presenterer Europa meir som ei alternativ maktblokk til dei to supermaktene. Det er mogleg at dette botnar i at boka er så ny at Sovjetsamveldet ikkje lenger representerte ei supermakt, på lik linje med USA. Ingen av dei andre bøkene tek eksplisitt med målet om å hindre USA-avhengigheit, som argument for auka samarbeid. Argumentasjonen til NS3 talar likevel òg mot at EF-organa skapte ei maktpolitisk eining i Europa. ”*Disse overnasjonale EF-organene kom snart til å bli et politisk kraftsentrum i Europa.*” (Emblem et al., 1995, s. 167). Samstundes tek NS3 korkje standpunkt til USA eller Sovjetunionen. NS3 behandlar EF som ei styrke i Europa, men ikkje i høve til dei to supermaktene. Det at både NS3 og SH3 er bøker som kom ut etter at Sovjetunionen vart oppløyst, kan vere ei forklaring på kvifor europeisk samarbeid vert grunngeve med mål om å skape eit politisk kraftsenter.

6.3 ANALYSETEMA II

Denne delen av analysen tek utgangspunkt i to oppstillingar. Tabell 2 er ei samla liste med ord som er lokalisert i dei ulike bøkene. Tabell 2 viser grunnlaget for kva ord/omgrep/uttrykk som er koda under same kategori i tabell 3, og er ikkje eit analyseobjekt i seg sjølv. Forklaringa på kva omgrepa i tabell 2 skal vise til er presisert nedanfor. Grunnen til at ordlista i tabell 2 er teken med er at lesarar skal få greie på kva einingar som utgjer grunnlaget for drøftinga i 6.3.1. Tabell 3 er komparativ, og det er den som vil bli drøfta nærare.

Fyrste kolonne i tabell 2 viser kva for ord og omgrep eg tek for å vere uttrykk knytt til tankar om suverenitet og sjølvstyre, i den samanhengen dei oppstår i analysematerialet. Nokre av desse uttrykka krev nærare forklaring, fordi dei vert oppfatta som uttrykk for tankar om sjølvstyre ut i frå kva kontekst dei står i. Difor er nokre utsegner merkt med *, og har forklaringar under tabellen knytt til seg. Dei omgrepa som finst i andre kolonne i tabell 2 er ord eg oppfattar som skildrande for tankar om samarbeid og einskap.

Grunnen til at desse omgrepa vert presentert i same vending, er at tilhøvet mellom dei er interessant for jamføringa av bøkene. Om ein går i forsvar for sjølvstyre, vil det leie til at ein

nedprioriterer politiske samarbeidsidear, og likeins motsett. Det er ikkje dimes sagt at vinklingar på sjølvstyre og samarbeid ikkje kan finne stad parallelt. Gjennom ei frekvensanalyse av omgrepa vil det likevel vere mogleg å finne ut noko om kor vekta ligg i dei ulike bøkene. Både omgrep om sjølvstyre, og omgrep kring samarbeid, er innhaldstunge ord i dei tekstene eg analyserer. Ved å studere kor hyppig desse orda oppstår kan ein difor seie noko om kva innhaldsfokus som ligg i tekstene. På den måten blir leksikaliseringa av desse omgrepa relevant for å avdekkje delar av røyndomsoppfatningane bøkene gjev.

Tabell 2: Oversyn over omgrep knytt til suverenitet og samarbeid

Omgrep som skildrar tankar om suverenitet og sjølvstyre	Omgrep som skildrar idear om samarbeid og einskap
Overnasjonal/ Överstatliga/ Överstatlighet	Samarbeid/ samarbeite/ Samarbetsform
Avhengighetsforhold	Fellesskap/ Samhörighet
Nasjonale råderett/ Norsk selvråderett	Felles/ Sams/ Gemensam
Sjølvråderetten/ Retten til å rå seg sjølv	Same
Nasjonale kontroll/ Beskytte sitt eget	Samhandel
Avgjørelsesmyndighet	Broslagning
Overdra myndighet/-makt / Avgi myndighet	Tale med én stemme
Makt over kvar einskild stat	Sammenveving/ Samverkan/ Integrasjon
Selvstendighet/ Uavhengighet	Samgåande/ Samanslutning/ Samordnet
Ikkje godkjenner nokon autoritet over seg	Enhetlig
Frihet/ Frihetstradisjoner	Smelte saman til ei eining
Avhengig (...) av internasjonalt varebyte	Tanke om et felles Europa/Europatanke
Utenrikspolitisk handlefrihet	Sammanhållet Europa
Eit stort nasjonalt gode	Enade/ Samde
Hensyn til enkeltstaters interesse	”Harmonisere”
Organ med autoritet over einskildsspørsmål	Europeisk sambandsstat
Statssuverenitet/ Nasjonale suverenitet	Saman/ Enat
Suveräna/ Suveren/ Suverenitet	Setje utlendingar likt med landsens egne borgarar
Områden där Sverige absolut vil bestämma själv	Samråda
Bøye seg for vedtak som har fått fleirtal i (...)	Sammanhållande band
Fellesskapet	
Brist på innsyn i beslutningsprosessen*	
ska vi ha ökade möjligheter att fatta majoritetsbeslut i ministerrådet?***	
att varje medlemsland ska kunna välja vilket eller vilka av EU:s samarbetsområden det vill ansluta sig till***	

* Omgrepet oppstår i samband med Sverige sin kritikk av EU, i høve til at kvart enkelt medlemsland ynskjer meir oppsyn med korleis unionen vedtek saker som rårar dei.

** Dette er oppført som eit sentralt spørsmål om utviklinga innanfor EU. Eg tek det med som utsegn fordi eit ja vil fordre mindre makt til kvart einskild medlemsland.

*** Samanhengen er Storbritannia sitt forslag om at medlemsland innanfor EU sjølv skal kunne velje kva områder dei vil forplikte seg til samarbeid på. Då ei slik ordning vil gje meir suverenitet til einskilde nasjonar, tek eg utsegna med som uttrykk for fokus på sjølvstyre.

Tabell 3: Fordeling av omgrep i lærebøkene

Bøker	Setningar i analysen	Frekvens av suverenitetsomgrep	Frekvens av positivt verdiladde samarbeidsomgrep	Relativ frekvens av suverenitetsomgrep	Relativ frekvens av samarbeidsomgrep
NH1	19	1	1	19	19
NS1	62	17	18	3,6	3,4
NH2	77	4	2	19,3	38,5
NS2	54	6	4	9	13,5
NH3	142	16	8	8,9	17,8
NS3	46	6	14	7,7	3,3
SH1	32	0	12	-*	2,7
SS1	40	1	22	40	1,8
SH2	10	0	0	-*	-*
SS2	69	1	14	69	4,9
SH3	47	1	12	47	3,9
SS3	224	4	51	56	4,4

* Ikkje målbart

Fyrste kolonne i tabell 3 viser til kva bok oppteljinga i tabellen er utført i. Kvar bok har ei rad med informasjon knytt til seg. Informasjonen famnar om kor mange setningar som er teke med i analysen frå boka, tal på suverenitetsomgrep i boka, tal på samarbeidsomgrep i boka, og dessutan kor hyppig desse omgrepa oppstår, i høve til kor mange setningar som er analysert.

Andre kolonne i tabell 3 viser kor mange fullstendige setningar som er objekt for analyse i kvar bok. Setningsopprekning er ein mellom fleire variantar av romanalyse. Det treng likevel ikkje å vere slik at å telje setningar er den beste måten for å finne romanalysegrunnlag. Forfattarar har forskjellig skrivestil, noko som gjer at ulike setningar kan romme varierende grad av informasjon. Bilete, kjelder og illustrasjonar kan dessutan gje mening utanfor teksten, eller i samspel med han. Grunnen til at setningar er vald som komparativt grunnlag, er at å telje opp ord ville gjeve enno mindre mening, og det å telje opp sidetal ville blitt mindre korrekt ettersom skrifttype, setningstettleik, og sideareal varierer frå bok til bok. Årsaka til at ein romanalyse av bøkene er teken med, er at ein då kan sjå frekvensanalysen relativt til

mengde innhald. I tillegg seier kvantitativt innhald noko om prioriteringane i bøkene.

Det som ligg til grunn for setningsteljinga er hovudtekst, setningar i margin, og tekst under bilete og figurar der teksten gjev meining åleine. Det som ikkje er inkludert er overskrifter, kjelder, og tekst som er avhengig av figurar, bilete og diagram for å gje meining. Årsaka til at eg ikkje tek med overskrifter, er at det varierer i kva grad dei gjev meining frittstående. Nokon stader utgjer overskrifta berre eit ord, og ikkje ei fullstendig setning. Kjeldene er ikkje tekne med fordi dei ikkje er skrivne av forfattarane, men henta frå andre hald. Ein må likevel taka omsyn til at forfattarane har hatt ein intensjon i valet av kjelder, samt statistiske framstillingar og bilete. Det blir likevel vanskeleg å konvertere kjeldemateriale og illustrasjonar om til noko som kan setjast på lik line med setningar, og det er difor ikkje gjort noko forsøk på det. Illustrasjonar har ei viktig rolle i heilskapsforståinga av ein tekst. I denne oppgåva er det diverre ikkje funne rom for å inkludere illustrasjonsanalyse.

Tredje kolonne i tabell 3 viser det samla talet på omgrep og utsegn knytt til sjølvstyre, i kvar bok. Om ein tek utgangspunkt i NH3, kan ein sjå at det er 16 omgrep i boka som er koda under tankar om suverenitet. Alle desse er lista opp ein eller annan stad i fyrste kolonne i tabell 1. Fjerde kolonne viser samla tal på dei omgrepa/utsegna som er knytt til fellesskapstankar, innanfor kvar bok. Med NH3 som døme ser ein det oppstår åtte slike omgrep i denne boka.

Kolonne fem og seks i tabell 3 viser den relative frekvensen av dei orda/uttrykka som viser til suverenitet, og dei orda/uttrykka som uttrykker positiv verdi i høve til samarbeid. Desse kolonnane viser altså kor mange setningar som skal til, før det oppstår eit suverenitetsomgrep, eller eit samarbeidsuttrykk. Eit høgt tal på relativ frekvens vil seie at det sjeldan oppstår eit omgrep, medan eit lågt tal vil seie at omgrepet oppstår hyppigare. Med NH3 som døme oppstår eit suverenitetsomgrepsord med i snitt om lag 9 setningars mellomrom, medan eit positivt ladd samarbeidsomgrep oppstår med om lag 18 setningars mellomrom.

6.3.1 TILHØVET MELLOM FOKUS PÅ SUVERENITET OG FOKUS PÅ SAMARBEID

Dersom ein samanliknar bøkene etter opphavsland er det ein klår tendens at omgrep og uttrykk som vinklar fokus over på emne som sjølvråderett og uavhengigheit førekjem

hyppigare i dei norske bøkene. Dei svenske bøkene har derimot jamt over høgare frekvens av ord som fokuserer på samarbeid og fellesskap, i sine tekster om europeiske organisasjonar. I dei svenske bøkene, sett bort frå SH2, oppstår det samla eit fellesskapsomgrep med under fem setningars mellomrom. I NH2 kjem ein derimot opp i nærare 40 setningar mellom kvart tilsvarande omgrep.

I tre norske bøker er tendensen annleis enn i dei andre norske bøkene: NH1, NS1 og NS3. I høve til NH1 må ein taka omsyn til at det berre er 19 setningar som ligg til grunn for analysen, og at det berre oppstår eitt omgrep kring sjølvråderett, og eitt omgrep som skildrar fellesskap. Dersom ein ser omgrepa i kontekst kan ein lese at *”Mange mente at et medlemskap ville føre til at Norge gled inn i et avhengighetsforhold til de store Fellesmarkedslandene, særlig Vest-Tyskland og Frankrike”* (Bull 1968, s. 315). Dette er det einaste døme på argumentasjon i debatten mot medlemskap i Fellesmarknaden. Det er altså spørsmålet om svekka sjølvstyre som står sentralt. Fellesskapsomgrepet oppstår der EEC vert samanlikna med EFTA. Her står det at *””Fellesmarkedet” arbeidet for et mer vidtgående fellesskap [enn det økonomiske i EFTA] og det så ut til at det gav bedre økonomiske resultater”* (Bull, 1968, s. 315). Ein kan oppleve denne setninga som eit forsvar for fellesskapet, men på den andre sida kan ein òg sjå ho som presentasjon av fakta. Det står ikkje i klårtekst at fellesskapen gjev økonomisk vinst, men at det kan sjå slik ut. Dette dømet viser at talmaterialet ikkje treng å fortelje så mykje om kva inntrykk teksten gjev av presentasjonen som heilskap. Samstundes er dette ei av dei bøkene med minst analysegrunnlag, noko som gjer at det vert problematisk å freiste generalisere.

NS1 har nesten lik frekvens av sjølvstyreomgrep og samarbeidsomgrep. I relasjon til dei andre bøkene er frekvensen høg for både typar omgrep. Dei samarbeidsomgrepa som oppstår hyppigast i NS1, er samarbeid og sams. I samband med framlegget om Romatraktaten skriv NS1 at *”Medlemslanda (...) skal setje utlendingar likt med landsens eigne borgarar i alle økonomiske saker”* (Andenæs et al., 1971, s. 107). Denne utsegna dreier seg om fellesdimensjonen og integreringa i EEC, men samstundes verkar ho å ha eit fokus på autonomi. Om ein går inn i setninga ser ein at utlendingar er stilt opp som motstykke til *landsens eigne borgarar*. Ordet borgar er noko som i juridisk samanheng vert nytta for å presisere at ein person innehar visse rettar. At borgarane er *”landsens eigne”* peikar vidare på at ein borgar er ein del av landet sitt, noko som er med på å presisere det særskilde ved Romatraktaten. Setninga kan tolkast som uttrykk for at forfattarane oppfattar ei vedtekt som

sett borgarar på lik linje med utlendingar som oppsiktsvekkande. Denne oppfatninga vert delvis styrkt av det som står under avsnitta om statssuverenitet. Der står det at suverenitet er retten til å ordne opp i interne tilhøve, utan innblanding utanfrå. ”*Denne retten må ein rekne for eit stort nasjonalt gode*” (Andenæs et al., 1971, s. 159). Bruken av bydeforma til det modale hjelpeverbet understreker at denne forståinga er udiskutabel. Ytringa er ikkje noko lesarane skal ta stilling til, men snarare inkorporere. Samstundes legg NS1 vekt på å vise at mangel på samarbeidsevne gjer vedtekter som råkar fleire land vanskeleg å fatte. Stoda for den nasjonale suvereniteten er difor annleis enn før. Dette talar imot ideen om at boka framhevar sjølvråderetten. Det at NS1 har eit eige kapittel om statssuverenitet, viser likevel at fokus på feltet er stort. I dette kapittelet nyttar forfattaren leksikalske kohesjonskoplingar i form av synonym til, og repetisjon av, omgrepet suverenitet sju gonger på 24 setningar. I tillegg inneheld same tekstbrokk fem omgrep som står synonymt med å overdra makt til overnasjonale organ. I kontrast er det berre fire omgrep som inngår i leksikalske koplingar kring samarbeid og fellesskap i drøftinga i same tekstbrokk. Ein kan difor trekkje slutningar om at vekta på innhaldet fremjer omsyn til nasjonal suverenitet, til trass for at stilen er drøftande.

I NS3 finst det relativt fleire omgrep om fellesskap enn om sjølvstyre. Denne boka peikar seg likevel ikkje ut som udelt positiv til europeisk samarbeid, i høve til dei andre norske bøkene. Omgrepet *felles* oppstår mange gonger i ei oppramsing av kva organ og verkefelt som er felles for EU. Samstundes er det skrive med utheva skrift at alle desse organa er ”*overnasjonale*” (Emblem et al., 1995, s. 167). Fellesomgrepa er i stor grad brukt for å forklare at det finst eit formelt samarbeid i Europa. Samstundes er men det presisert at Noreg ikkje slutta seg til EF, til dels fordi EF var prega av mange overnasjonale organ, noko EFTA ikkje var. Under det som står om EØS er det dessutan utheva at det felles regelverket Noreg har slutta seg til, har ført til at ”*hundrevis av lover og forskrifter måtte endres i Norge, og det samme kommer til å skje i årene som kommer*” (Emblem et al., 1995, s. 170). Bruken av verbforma *måtte* kan tolkast som at EØS tvang Noreg til å utføre endringar i lovverket, og viser på den måten ein viss motstand mot styring ovanfrå. Om ein hadde sett Noreg i subjektform, og vinkla påstanden til at Noreg ville endra lover og forskrifter for å tilpasse seg EØS, hadde kanskje innhaldet kunne blitt oppfatta som noko mindre tvangsbasert. Samstundes er systemtvangen eit viktig argument for mange av dei som er i opposisjon til samanslutninga. Sjølv om EØS-avtala sin §93 inneheld avgjerder som trygger reservasjonsretten til deltakarlanda, har ikkje vetoretten vore teken i bruk. Usikkerheit kring

korleis EU vil reagere på eit eventuelt veto frå Noreg er peika på som truleg forklaring på dette (Glasser & Ruud, 2008). Ein kan difor sjå setninga som utilstrekkeleg i høve til presentasjonen av vetomandatet, då ho verkar å vise at Noreg ikkje har noko anna val enn å føye seg etter direktiv frå EU. Vidare er det presisert at EØS avtalen har opna for ”...*fri flyt av varer, tjenester, kapital og arbeidskraft mellom alle land i EF og EFTA. Et felles regelverk skal sikre like konkurranseforhold i næringslivet*” (Emblem et al., 1995, s. 170). Det er likevel ikkje vurdert i kva grad dette er positivt for Noreg, anna enn at det opnar for ein større marknad, noko som kan lesast mellom linene. Om ein har ei grunnleggjande tru på økonomisk liberalisme, vil ein oppfatte desse punkta som eit forsvar for samarbeid og EØS. Det krev likevel eit visst innsyn i økonomisk politikk, og ein gjeven posisjon frå elevane si side. Forfattarane presiserte i forordet til NS3 at dei ville lage ei bok som skulle trygge basisforståinga hjå elevane. Dette harmonerer dårleg med at ein må lese mellom linene, med ei liberalistisk grunnhaldning, for å forstå goda EØS er meint å føre med seg for Noreg.

I NH2 er det dobbelt så stor dekning av omgrep med vinkling på sjølvstyre, som av omgrep som har fokus på fellesskapet i Europa. I tillegg oppstår det eine av to samarbeidsomgrep i ein negativ kontekst: ”*Arbeiderpartiet var lenge skeptisk til et omfattende og politisk samarbeid med Vest-Europa*” (Eriksen et al., 1983, s. 195). Samarbeidet er i denne settinga ikkje eit uttrykk for fellesskapstankar i Europa, men eit tilhøve som Noreg, her representert med regjeringsmakta, ikkje vil opprette til Vest-Europa. Som forklaring på dette ligg følgjande: ”*Den norske holdning kan forklares ut fra Norges nære tilknytning til USA og Atlanterhavsområdet, i tillegg til motviljen mot overnasjonale organer og avståelse av nasjonal råderett*” (Eriksen et al., 1983, s. 195). Dette peikar på at grunnleggjande idear om sjølvråderett har vore eit fellestrekk ved Noreg, og at tankane danar eit grunnlag for ”*den norske holdning*”. Ut i frå denne presentasjonen kan det verke som om det å vere i forsvar for sjølvrådet er noko som står rotfast i det norske folket. Som ei oppfølging av førre setning er det skrive at ”*Det betydde også mye at Storbritannia og de andre nordiske landa i store trekk hadde samme syn*” (Eriksen et al., 1983, s. 195). Det er altså peika på at norske haldningar er prega av motstand mot svekka sjølvstyre, men det vert òg hevda at andre nordiske land deler oppfatninga. I dei svenske bøkene er ikkje eit slikt syn fremja. Dei svenske forfattarane kan ha vald å bortprioritere og presentere den svenske motstanden mot overnasjonale organ. Alternativt er dei felles haldningane ein påstand frå norske forfattarar si side, som skal bidra til å forklare eller legitimere den norske haldninga.

I den andre samanhengen der ordet samarbeid oppstår, finn ein det lenka til ja-sida sin argumentasjon for deltaking i EF. Komplementært står nasjonal råderett lista opp, i samband med nei-sida sine parolar mot eit medlemskap (Eriksen et al., 1983, s. 197). Den norske motstanden mot overnasjonale organ er òg eksemplifisert i ei tekst om nordisk samarbeid, der det er lista opp at ein del borgarlege politikarar var i mot Nordisk Råd, fordi dei framleis bar på noko som nesten vert sett som eit kollektivt minne om overstyring. ”*Unionen med Sverige var ikke glemte*” (Eriksen et al., 1983, s. 189).

I NS2 er tilhøvet mellom omgrep for samarbeid og omgrep for suverenitet nesten jamt. Teksten har likevel eit tydeleg fokus på suverenitet. Gjennom å setje ljøs på implikasjonar ei tilslutning til ein internasjonal organisasjon får for den norske Grunnlova, presenterer og boka ein motstand mot tap av sjølvstyre. ”*Det var derfor nødvendig å forandre Grunnloven hvis Norge skulle slutte seg til EF eller andre internasjonale organisasjoner med overnasjonal myndighet av liknende art*” (Andenæs et al., 1978, s. 181). NS2 har via eit relativt omfattande delkapittel til å diskutere tilhøvet mellom Grunnlova og internasjonale organisasjonar. I ”*Internasjonale organisasjoner og Grunnloven §93*” (Andenæs et al., 1978, s. 180), er det framheva ein diskusjon om kor langt Noreg kan strekke seg, i høve til endring av Grunnlova, for å kome krava til internasjonale organ i møte. Berre det at boka har eit slikt fokus viser at spørsmål om råderett er prioritert. NS2 speglar kor avgjerande feltet er for Noreg, gjennom å gje stor plass til å diskutere politiske situasjonar som kan råke Grunnlova. Dette særnorske fokuset vert støtta opp gjennom vinklinga i NS3, som er drøfta ovanfor.

Sjølv om dei norske bøkene generelt har eit tydelegare fokus på overnasjonale organ og sjølvstyre enn dei svenske, er det ikkje dimed sagt at forfattarane presenterer argumenta for å ikkje gå inn i dette samarbeid som sine. I framlegginga er det i større grad sett fokus på at dette er argument for nei-sida i EF/EU-kampen. I NH3 kan ein lese at ”*Det som framfor alt knyttet EF-motstanderne sammen, var uviljen mot å avgi norsk selvråderett til de overnasjonale organene i Brussel*” (Emblem et al., 2000, s. 238). Det er gjennomgåande i NH3 at det er nei-sida sine argument som krinsar om sjølvrådet, ikkje forfattarane sine. Under eit kapittel om EU-debatten i 1994 er følgjande karakteristikkk framsett om nei-sida sine haldningar. ”*EU-motstanden kan også ha tatt opp i seg andre holdninger som var merkbare i begynnelsen av 1990-årene. Økende innvandring hadde skapt mer fremmedfrykt i befolkningen, og den norske diplomatiske innsatsen i fredsarbeidet i Midtøsten og medaljehøsten under Lillehammer-OL bidrog til å styrke det nasjonale selvbildet*” (Emblem

et al., 2000, s. 281-282). Når boka kategoriserer nei-veljarar som framandfiendtlege og sjølv gode, treng det ikkje å vere positivt at desse karakteristikane vert lenka til ynskje om å halde på sjølvrådet. Snarare tvert om. Rett nok er det ein spekulasjon om EU-motstandarane *kan* ha teke opp i seg desse haldningane, men det gjer likevel ikkje presentasjonen av nei-sida flatterande. Grunnen til at argument er tillagt ja- og nei-tilhengjarane i ein debatt kan vere at forfattarane freistar halde seg nøytrale i høve til europeisk samarbeid, fordi det ikkje er utenkeleg at det vil kome nye debattar kring kva relasjon Noreg skal ha til EU. Forfattarane kunne difor risikert kritikk på grunnlag av at dei forsvarte anten ja- eller nei-sida, gjennom å forfekte argumentasjon som var sentralt i valkampanjane deira.

I dei nyaste svenske bøkene kan det vere ei forklaringsårsak på kvifor overnasjonalitetsomgrepet ikkje står fram som tydeleg i det at forfattarane er ute etter å legitimere Sverige si tilslutning til EU. Likevel er bøkene tydelege på at EU har sine avgrensingar, og at emne som kritiserer drifta av EU er fokusert. I SH3 står det mellom anna at *”EU har kritiserats för sin enorma administration, långsamheten och de många detaljärendena, men även för bristen på insyn i beslutsprocessen”* (Skrutkowska et al., 1997, s. 323). SS3 nyttar følgjande utsegn kring presentasjonen av Sverige sine krav om sjølvstyre innanfor EU: *”Den senare delen handlar om vad Sverige och EU har gemensamma åsikter om, samt vilka områden där Sverige absolut vill bestämma själv”* (Palmquist & Widberg, 1998, s. 157). I staden for å skrive om områder det vil vere høveleg for partane i unionen at Sverige handsamar på eigen hand, vert Sverige presentert som ein til dels trassig aktør, som absolutt vil bestemme sjølv på nokre felt. At denne setninga er med, viser at det finst spenningar innanfor tilhøvet mellom Sverige og EU, men det kan likevel tolkast som om forfattarane går i forsvar for at Sverige bør rette seg etter EU, då dei ikkje legg fram argument i høve til kvifor Sverige vil bestemme sjølv. Samstundes kan denne tolkinga føre for langt. Ein annan måte å sjå utsegna på, er som ein nøytral presentasjon av tilhøvet mellom Sverige og EU.

SH1 har eit gjennomgåande fokus på samarbeid, til trass for at analysegrunnlaget ikkje er det største. Ikkje nokon stad er omgrep om overnasjonalitet eller suverenitet nemnt. Boka peiker òg tydeleg framover mot ei framtid der samarbeidet vil vise seg sterkare, men vedgår at

”I övrigt har utvecklingen inte lett till några varaktiga resultat i riktningen mot ett

politisk sammanhållet Europa. Förverkligandet av Europas Förenta stater måste också ligga långt i framtiden med hänsyn till att det skulle kräva genombrytning av tusenåriga gränser, kulturtraditioner och språkvallar” (Nordell et al., 1968, s. 34-36).

I dette tilfellet kjem Nordell et al. med dryge påstandar. Ein finn ikkje grenser som har bestått i tusen år i Europa, sett bort frå områder der geografiske føresetnadar har danna naturlege grenser. Ein kan likevel ikkje hevde at desse grensene har vore politisk vedvarande. Nordell et al. legg difor ein usann påstand til grunn i argumentasjonen som forklarar kvifor integrasjonen ikkje er komen så langt. At utviklinga er i gong er samstundes presisert, gjennom at forsøka på å sameine EEC og EFTA er i fokus fleire stader i teksten. Denne framtidstrua på sterkare samarbeid kjem òg til syne i SS1. *”Flera försök har gjorts att närma dessa båda sammanslutningar för europeisk integration till varandra, senast genom att medlemmar av EFTA sökt inträde i EEC eller anhållit att bli associerade medlemmar av denna sammanslutning, vilket emellertid hittills inte lett till något resultat”*. (Björkblom, 1965, s. 254). Sjølv om SS1 er tydeleg på at samarbeidet ikkje har kome dit ein vil ha det enno, ligg det i sjølve fokuset at tettare integrasjon verkar å vere noko som vil bli ein realitet i framtida. Det er mogleg at denne optimistiske framtidsvisjonen heng saman med den rådande mentaliteten som følgde høgkonjunkturen og den økonomiske positive utviklinga etter krigen, sjølv om denne boka kom ut tjue år etter andre verdskrig var over.

Sjølv om SS2 har eit uttalt mål om å presentere økonomiske forhold, er samarbeidsdimensjonen tydeleg her òg. Fordelane ved frihandelsområde og tollunionar er i fokus. *”För Sveriges del har det ekonomiska samarbetet i Västeuropa inneburit stora fördelar.”* (Björkblom et al., 1976, s. 142). Diagram og tabellar stør opp om dette. At Sverige ynskjer samarbeid er understrekt. Omsynet til nøytralitetspolitikken er nemnt som forklaringsårsak for kvifor samarbeidet ikkje har vore enno tettare. Der boka skriv om overnasjonalitet er ikkje dette presentert som eit trugsmål mot sjølvråderetten, men som ei utfordring i høve til nøytralitetspolitikken. Under ein sekvens om vilkår for Sverige sin avtale med EEC, er følgjande svenske ynskje for samarbeidsløysing presentert: *”reservation mot sådana former av samarbete på det utrikespolitiska och monetära området, som bl a genom överstatlighet kan äventyra neutralitetspolitiken”* (Björkblom et al., 1976, s. 142). På det økonomiske området verkar Sverige derimot å vere udelt positiv til fellesløysingar, i følgje SS2 (Björkblom et al., 1976, s. 142-143).

SS3, som er boka med klårt mest analysegrunnlag, er òg i forsvar for samarbeid og fellesskap. SS3 opnar med å hevde at *”Sverige är ett relativt litet land som i hög grad ar beroende av vår omvärld. För att inte stå utanför det europeiska samarbetet valde en knapp majoritet av de svenska väljarna att vi skulle bli medlemmar i EU 1995”* (Palmquist & Widberg, 1998, s. 146). Vidare vert det hevda at *”Den europeiska unionen är egentligen bara ett ytterligare steg framåt i det samarbete som delar av Västeuropa påbörjade strax efter andra världskriget. Europa befinner sig nu mitt i en förändringsprocess som av många skäl kan kallas historisk”* (Palmquist & Widberg, 1998, s. 148). I høve til dette verkar det som om gongen i historia kulminerer, i positiv forstand, med daninga av EU. På den andre sida kan det fyrste sitatet vere ein presentasjon av statusen til Sverige, etter den økonomiske nedgangstida tidleg på 1990-talet. Sejersted har skildra denne tida som *”nattsvarta krisåren”* (Sejersted, 2005, s. 504), og hevdar at det var i samband med dei at *”Sverige ble en ganske alminnelig småstat i Europa”* (Sejersted, 2005, s. 504). SS3 legg fram mykje av det fellesskaplege som underforstått positivt, gjennom at det ikkje vert drøfta. Dette gjeld særleg den delen av boka som presenterer EU sine ulike organ, og deira funksjon. Det finst samstundes kapittel der Sverige sin ståstad i høve til EU vert diskutert. I desse delane legg ein ikkje skjul på at det òg er baksider ved unionen. Det er særleg sett fokus på den låge valdeltakinga i EU-vala. EØS-avtala er presentert, men det er i samband med denne eit tydeleg fokus på at avtala har avgrensingar i høve til at *”Norge och Island (...) måste behålla sine gränskontroller mot övriga EES-länder. De får inte heller vara med och fatta beslut, utan måste finna sig i vad EU-länderna kommer fram till”* (Palmquist & Widberg, 1998, s. 157). Det er med andre ord tydeleg presisert at dei EØS-landa, som ikkje er EU-medlemmer, må følgje EU-direktiv. Vetoretten i EØS-avtala er dimed oversett. Det er òg framheva at Sverige betaler meir inn til EU enn dei får attende. Det er likevel ikkje sett på som noko negativt at fordelinga verkar slik. Det er utdjupa at Tyskland betalar klart mest, og at *”Detta måste rimligen påverka maktrelationerna inom EU”* (Palmquist & Widberg, 1998, s. 157). Sjølv om samarbeidsfokuset er underliggande, presenterer boka ei rekkje diskusjonsmoment kring kva som er oppe til debatt i EU. Her er det mellom anna teke med at Storbritannia, på mange felt, ikkje ynskjer eit utvida samarbeid (Palmquist & Widberg, 1998, s. 162). Det er likevel ikkje lagt fram kva argument Storbritannia legg til grunn for dette synet. Det å utelate denne argumentasjonen peikar mot at det er samarbeidet ein vil setje ljøs på.

Tendensen kring samsvar mellom frekvens av omgrep, og innhald i teksten, er mest tydeleg der ein har flest setningar å generalisere ut i frå. I dei svenske bøkene oppstår eit

omgrep/utsegn som skildrar fellesskap mellom 12 og 17 gonger så ofte som eit uttrykk som skildrar idear om sjølvstyre. I dei norske bøkene, sett bort frå NH1, NS1 og NS3, er tendensen motsett, om ikkje så kraftig. I dei av dei svenske bøkene der analysegrunnlaget er størst, er det tydeleg av innhaldet at det er lite fokus på svensk sjølvstyre, og at vekta ligg på fellesskap. Dette har truleg dels samanheng med at svenske historiebøker er skrivne som fellesbøker for svensk historie og verdshistorie. Det er difor kanskje ikkje rom for å fokusere så mykje på ein skilde tema sett frå ein svensk ståstad, som i dei norske bøkene. Dette forklarar derimot ikkje kvifor tendensen er tydeleg i samfunnsfagbøkene òg. I dei nyaste bøkene, som kom ut etter at Sverige hadde gått inn i EU, kan det vere ei forklaring i at svenske bøker ”må” vere med på å legitimere status quo, og at ein ikkje vil kunne gjere det dersom ein fokuserer på at Sverige har misst sjølvstyre på kostnad av tilslutninga til EU. Dette forklarar likevel ikkje kvifor tendensen er tydeleg i dei bøkene som kom ut før EU-medlemskapen.

6.4 ANALYSETEMA III

Ein måte å skape samanheng i tekst på, er å nytte gjennomgåande metaforar. I ulike sjangrar oppstår ofte metaforar, utan at ein registrerer at dei har eit metaforisk innhald. Eit enkelt døme er at ein kan hevde at humøret stig, ein blir opplyfta, og at stemninga etterkvart blir på topp. Metaforen blir at det positive er noko som peikar oppover. Dette er eit døme på at metaforar kan bli nytta utan at forfattaren eller sendaren er medviten bruken, fordi uttrykksforma er ein del av språket. Om ein skal avdekkje metaforar må ein isolere det metaforiske innhaldet frå resten av teksten. På den måten kan ein finne semantiske slektskap mellom ord i teksten. Ein kan vidare studere verdiprega ord, for å søkje svar på kva kjensler forfatarane trekkjer på, i samband med framstillinga. Samstundes må ein setje det metaforiske innhaldet i kontekst for å få eit fullverdig bilete av kvifor metaforbruken oppstår. Under vil metaforane i kvar bok bli presentert relativt isolert, medan drøftinga i større grad vil sjå på metaforbruken i kontekst.

I denne delen av oppgåva vert det sett på den metaforiske bruken av eit utval substantiv, adjektiv, verb og adverb, i samband med presentasjonen av europeisk integrasjon. Særleg er adjektiv og adverb eigna til å studere, om ein vil avdekkje metaforisk bruk. Adjektiv er ein ordklasse som står til substantiv. Difor vert det ofte naudsynt å inkludere dei substantiva adjektiva skildrar, om ein skal studere metaforane. Adverb står til verb, og fungerer ofte forsterkande i høve til handlingar. Fordi adjektiv og adverb som regel fungerer som tilleggsord, og er med på å setje forsterkande fokus på noko, er det verdt å merke seg desse

ordklassane. Målet i denne delen er å vurdere om ordvala kan seie noko om kva verdilading forfattarane legg til grunn i drøftingane og framlegga sine om europeisk integrasjon. Ikkje alle adjektiv og adverb som opptrer i bøkene er tekne med i analysen. Han omfattar berre dømer frå framstillinga. Fyrst og fremst ser oppgåva på dei adjektiva og adverba som er tekne med der dei kunne vore utelatne. Eit døme er at bruken av adjektivet ”ny” ikkje vert analysert, viss ordet er sett i samband med at Noreg leverte ein ny søknad om tilslutning til EEC på 1960-talet. I denne samanhengen vil ikkje adjektivet vise til noko anna enn at Noreg hadde søkt tidlegare. Der adjektiva derimot uttrykker ein viss verdi i høve til det som blir skriva, vil orda vere meir interessante for jamføringa. Målet med denne delen av analysen er å få greie på om lærebøkene skildrar ein harmonisk, nøytral eller konfliktfylt situasjon, der spørsmål om europeisk integrasjon er behandla. Dei orda ser på er utheva med understreking, eller sett i sitatteikn der eg ikkje viser til dei i eit direkte sitat.

6.4.1 INNHALDSTUNGE ORD NYTTA SOM METAFORAR

I NH1 står det om tilslutning til EEC at spørsmålet var ”*brennende aktuelt og voldsomt omstridt*” (Bull, 1968, s. 315). Vidare førte ordskiftet om medlemskapen til ”*bitter agitasjon*” (Bull, 1968, s. 315) på begge sider i debatten. Adjektiva i den fyrste setninga kan ein knyte til øydelegging. Brennande og valdsamt er ord med karakter av potensiale for destruksjon. ”Omstridt” er eit adjektiv som har band til uro. Adjektivet ”bitter” er vidare negativt ladd. Felles for alle adjektiva er at dei kan knytast til uynskte tilstandar.

I NS1 det brukt adjektiv i samband med delkapittelet om statsuverenitet. Her står det m.a. at suverenitet er å rekne for ”*eit stort nasjonalt gode*” (Andenæs et al., 1971, s. 159). Når det gjeld bakgrunnen for å søke statleg samarbeid brukar forfattarane ”*for å stå sterkare*” (Andenæs et al., 1971, s. 160), som motivasjon for dette. I høve til grunnlovsendingane, som måtte til før søknaden om EF-tilslutning kunne finne stad, er adjektivet ”*hard strid*” og ”*hard diskusjon*” (Andenæs et al., 1971, s. 160) nytta. Bruken av ”stort” forsterkar at suverenitet er eit gode. At samarbeid vil gjere statar ”sterkare” viser til at dei blir meir motstandsdyktige, og blir difor eit døme på forsvar for samarbeid. Samstundes er adjektivet ”hard” eit teikn på at sidene i debatten om grunnlovsending var urokkelege. Når hard i tillegg vert kopla til substantivet strid peikar dette på krig.

I NH2 finn ein òg substantiv som metaforar for krigstilstandar, for å skildre debattane om

medlemsskap i EF. Både ”uro”, ”strid” og ”kamp” er nytta om dette emnet (Eriksen et al., 1983, s. 194 og 198). Adjektivet ”slagkraftig”, som vert nytta om organisasjonen ”Folkebevegelsen mot EEC”, peikar òg på krigsvåpen. EF-spørsmålet vert dessutan skildra som noko som har skapt dei ”*største rystelser*” og ”*politisk jordskjelv*” (Eriksen et al., 1983, s. 198) i norsk politikk. Både desse utsegna dreg band til urolege tilhøve.

NS2 nyttar i likskap med bøkene over ordet ”strid” og ”stridsspørsmål” for å skildre EF-debattane (Andenæs et al., 1978, s. 98 og 181). Som i NS1 blir adjektivet ”hard” kombinert med strid og diskusjon, noko som kan peike mot krig. Dei andre adjektiva som kjem til syne i denne boka, er omgrep som skildrar rådane mentalitet mellom menneska på byrjinga av 1970-talet. Der det er tale om motstand mot ekspertstyre og agitasjon for desentralisering, og dette er knytt til motstand mot EF, vert det hevda at nokre menneske kjenner seg ”*maktesløst og fremmedgjort*”. Desse orda skildrar tilstandar ein ikkje ynskjer å vere i. Å vere gjort framand og ikkje ha makt til å involvere seg blir sterke ord for å grunngje bakgrunnen for haldninga til EF. På same tid er dette omgrep som er skildrande for det Sejersted kallar det ålmenne mentalitetsskifte, som fann stad på 1970-talet. Ein fekk i alle høve ei folkereising mot det moderne industrisamfunnet og dei autoritære trekka ved sosialdemokratiet (Sejersted, 2005, s. 502).

I NH3 er ordbruken lik mange av dei andre norske bøkene. I samband med EF-saka ”*raste den mest opphetede innenrikspolitiske debatten som Norge hadde opplevd siden 1884*” (Emblem et al., 2000, s. 237). ”Heit” og ”rasar” er skildringar som ber bod om uro. ”Strid” og ”kamp” er substantiv som òg i denne teksten skildrar debatten. ”Kraftig”, ”opprivande” og ”heftig” er adjektiv som skildrar protestane mot EF. Forhandlingane er ”harde” og motviljen mot europeisk integrasjon var ”sterk”. Samla peikar desse orda mot ein uroleg krigstilstand. I forklaringane på kvifor EF- og EU-motstanden har vore så stor i Noreg, vert ”*inngrodd skepsis mot industrialisering, bykultur, modernisering og ekspertstyre*” (Emblem et al., 2000, s. 281) brukt som skildring av fjellbygder og indre fjordstrøk sør for Nordland. Når noko er inngrodd viser dette til lite mobilitet og vilje til endring. Denne skildringa av bygde-Noreg kan difor verke å peike attende på eit folkeferd som er lite viljuge til å endre seg i takt med tida, og ein kan vanskeleg finne adjektivbruken positiv.

NS3 er meir moderate i metaforbruken i tekster om EF og EU. Boka hevdar at ”*Et viktig grunnlag for dette samarbeidet var troen på at sterkere økonomiske bånd ville bidra til å*

sikre freden mellom gamle fiender” (Emblem et al., 1995, s. 167). Her er styrken knytt til fred, heller enn strid. Sjølv om boka skriv at ”*samarbeidet var ikke knirkefritt*” (Emblem et al., 1995, s. 167), er dette ein moderat bruk av eit adjektiv som peikar på at det finst friksjon i det europeiske samarbeidet. Grunnen til at denne boka ikkje nyttar metaforar kring krig og uro, må ein sjå i samband med at ho ikkje tek for seg EF- og EU-debattane i same grad som dei andre bøkene. Der boka skriv om debatten brukar ho adjektivet ”intens” for å skildre han. Intens er rett nok eit ord som skildrar noko energisk, men vil likevel i mindre grad knytast til krigstilstandar, særleg sidan krigsmetaforane ikkje finn stad i andre referentskjeder i boka.

I SH1 finn ein bruk av eit forsterkande adjektiv i samband med grunnlaget for europeisk samarbeid. Det vert hevda at Europa har kjent eit ”*starkt behov av samgåande*” (Nordell, 1968, s. 34). Boka skriv vidare at denne kjensla ikkje har ført til eit ”*varaktig resultat i riktning mot ett politisk sammanhållet Europa*” (Nordell, 1968, s. 34). Heilskapleg (sammanhållet) er nytta som adjektiv fleire stader. Dette vinklar adjektivbruken over på integrasjon heller enn strid. EFTA-landa har i følge boka ”*varit måna om en sammanslagning*” (Nordell, 1968, s. 36). Bruken av dette adverbet verkar å støtte opp under integrasjonsfokuset, då det tyder at EFTA-landa er svært opptekne av å få til ei samanslåing.

SS1 har òg fokus på fellesskap når dei nyttar adjektivet ”*sammanhållande banden*” (Björkblom, 1965, s. 254) i si skildring av måla til EEC. Samstundes er det presisert at motsetningane mellom landa er ”*ett svært hinder*” (Björkblom, 1965, s. 254). Ordet vanskeleg har likevel ikkje lenka til strid og uro. Boka brukar vidare ”*viktig*” (Björkblom, 1965, s. 254) om Europarådet si rolle. Desse adjektiva er meir nøytrale enn stridsorda i dei norske bøkene. Kraftuttrykket ”*starka*” vert brukt om motsetningar i Europa ein måtte overkomme etter krigen. Men sjølv om motsetningane er store ligg fokus på viljen til å overkomme dei i teksten. Fleire stader er omgrep som presiserer kor viktig europeisk samarbeid, særleg økonomisk, er. ”*Betydelsesfullast är dock det ekonomiska samarbetet*”, ”*Inom båda blocken har avsevärda tullsänkningar företagits*” (Björkblom, 1965, s. 254).

I SH2 er adjektiv- og adverbsbruken meir kraftig:

”*det amerikanska trycket (...) var att kännas utmanande*”, ”*strävan till oberoende av USA (...) skedde genom demonstrativa försök till närmanden till Sovjetunionen*”, ”*ekonomiskt har Europa försökt skaka av sig ett alltför stort beroende av USA*”,

”enigheten har inte varit imponerande” (Samuelson og Hildingson, 1985, s. 559).

Om ein ser på referentskoplingane til desse adverba og adjektiva ser ein at utfordringa (som det amerikanske trykket skapar) fører til demonstrative forsøk på å kome seg unna, for å unngå altfor stor avhengighet. Det er ingen verdiord i denne teksten som i kontekst blir forsterkande positive. Sjølv ordet ”imponerande” står saman med nektingsordet ”inte”. I alt skapar dei forsterkande orda her auka fokus på utfordringar. Denne boka skil seg med det tydeleg frå dei andre svenske bøkene, som er løysingsfokuserte.

SS2 er den av dei svenske bøkene som nemner usemja innanfor EF tydelegast, i ei bilettekst der dei skriv at *”Böndernas protester har ibland tagit sig våldsamma uttryck”* (Björkblom et al., 1976, s. 141). Elles ligg boka på line med å presentere det fordelaktige med samarbeid. Handelen vart *”friare”* (Björkblom et al., 1976, s. 140). *”För Sveriges del har det ekonomiska samarbetet inneburit stora fördelar”* (Björkblom et al., 1976, s. 142). Eksporten har auka *”mycket kraftigt”*. Her finn ein store ord, og til og med dobbel forsterking for å understreke kor positivt økonomisk samarbeid er. Samarbeidet er òg sett fokus på gjennom illustrasjonen av det som *”viktiga beslut”* (Björkblom et al., 1976, s. 142) Orda *”lång och komplicerad”* (Björkblom et al., 1976, s. 142) er nytta for å skildre avgjerdsprosessar, men då desse er kopl med ordet ”viktig” i ei referentskjede, verkar dei likevel å understreke at dette er eit felt det må setjast ljøs på. Frihandel er vidare sett til å skape *”ett bättre konkurrensläge”* (Björkblom et al., 1976, s. 147) til tross for at institusjonen gjer Sverige *”hårdare konkurrens”*. Det er likevel presisert at *”Sveriges andel av EFTA-ländernas import [har] fått en synnerligen positiv utveckling”* (Björkblom et al., 1976, s. 147).

SH3 er moderat i adjektivbruken. På den eine sida verkar samarbeidsforsøk å bli skildra som noko kraftfullt, gjennom at *”Europas stater har efter kriget försökt hävda sin ställning gentemot USA och Sovjetunionen genom en allt starkare samverkan”* (Skrutkowska et al., 1997, s. 322). Arbeidet med dette samarbeidet har fortsatt med *”ny kraft”* (Skrutkowska et al., 1997, s. 323). På den andre sida nyttar boka negative verdiord der ho skildrar kritikken mot EU. *”Kontrollfunktionerna er svaga”, ”EU har kritiserats för sin enorma administration, långsamheten och de många detaljändena”* Tilhøve EU-land i mellom, samt tilhøve til andre land skapar *”kritisk debatt”* (Skrutkowska et al., 1997, s. 323). På vegen mot eit samarbeid er orda noko metaforiske i høve til styrke, men elles er adjektiva i mindre grad representantar for metaforiske bilete. Ein finn derimot ein annan metafor i den historiske

framstillinga av den europeiske fellesskapen i SH3. Her viser bruken av einskilde ord og vendingar i ei leksikalsk kopling, at utviklinga i Europa har vore ei vandring på ein veg mot eit mål. ”*Nästa steg blev derfor en utvidgning av samarbetet*” (Skrutkowska et al., 1997, s. 322). Kausalforklaringa i denne samanhengen er at ”*Unionen blev en ekonomisk och politisk framgång*” (Skrutkowska et al., 1997, s. 322). ”*Den ekonomiska nedgången under 70-talet dämpade takten. Men arbetet på ny europeisk samverkan fortsatte med ny kraft mot 80-talets slut.*” (Skrutkowska et al., 1997, s. 323). ”*Enhetsakten banade väg för det 'Fördrag om den Europeiska Unionen' (EU), som EG:s medlemstater ingick (...)*” (Skrutkowska et al., 1997, s. 323).

Metaforen om historia til europeisk samarbeid som ei vandring i ei retning, finn ein att i SS2. Utviklinga er skildra i denne kjeda av referentskoplingar:

”*Tillkomsten av de båda handelsblocken EEC och EFTA i slutet av femtiotalet var det första steget i den riktningen. Därefter har utvecklingen gått mycket snabbt. Från EFTA:s sida var man redan från början av sextiotalet inställd på att få till en broslagning mellan de två handelsblocken*” (Björkblom et al., 1976, s. 140).

I SS3 finn ein ikkje mange metaforisk lenker i referentskoplingane, der adjektiv og adverb inngår. Det vert slege fast at Sverige ”*i hög grad*” (Palmquist & Widberg, 1998, s. 146) er avhengig av omverda. At EU-spørsmål er ”*stora frågan*” (Palmquist & Widberg, 1998, s. 146), og at forandringsprosessen i Europa etter krigen har vore ”*historisk*” (Palmquist & Widberg, 1998, s. 148). Felles for dei to fyrste orda er at dei peikar på storleik. Ein finn likevel ei rekkje negativt ladde adjektiv, som speglar den drøftande lina boka har lagt seg på i høve til EU. Døme på desse er at EU-Parlamentet ”*är svagare än de nationella parlamenten*” og medverkinga ”*begränsat*” (Palmquist & Widberg, 1998, s. 152). Desse orda står i kontrast til dei store orda ovanfor.

6.4.2 DRØFTING AV METAFORBRUKEN

Samla for dei norske bøkene, men unnateke av NS3, er at alle har ei overvekt av metaforar kring krig og kamp, der det står om EEC, EF og EU. Dette må ein sjå i høve til at det er lagt mykje vekt på debattane om tilslutning i dei norske bøkene. Ein kan kanskje òg sjå bruken av metaforar med kampinnhald, som eit verkty for å skildre kontrasten til tidlegare harmoni og

stabilitet innanfor det politiske Noreg. Dei svenske bøkene har ikkje fokus på debattar kring ja eller nei til samarbeid i Europa. Dette gjev ei viss meining fordi Sverige ikkje søkte om medlemskap før på 1990-talet. Samstundes veit ein at det eksisterte ei viss form for ordskifte, òg i Sverige, i og med at det berre var eit knapt fleirtal for tilslutning til EU. Når dei svenske bøkene likevel i større grad vektlegg samarbeid enn usemje viser dette seg òg ved færre metaforiske referentskoplingar.

At kampsituasjonen til ein viss grad er gjennomgåande i dei norske bøkene kan ha ei historisk forklaring. Sjølv om Noreg har vore eit relativt fredeleg land, har landet likevel måtte kjempe meir enn Sverige, som har hatt ein rotfesta nøytral ståstad i mellomstatlege konflikhtar, sidan krigen med Russland om Finland i 1809. Sverige var ikkje okkupert under den andre verdskrigen, og har heller ikkje vore under framand styre i unionane dei har inngått i sidan mellomalderen. Ei moglegheit er difor at den norske, historiske konteksten har omfatta større grad av kamp og strid, noko som kan ha påverka språkbruken i landet. Når det i tillegg vert referert til situasjonar der sjølvråderetten står i fare for å bli truga, kan det sjå ut til at kampmetaforane blir tekne i bruk på nytt. Samstundes underbyggjer metaforbruken den historiske uroa som faktisk var påfallande i Noreg i samband med EF- og EU-striden.

Fleire av dei svenske bøkene nyttar ein metafor for vandring mot eit mål, der dei omtalar korleis EF/EU vart ein realitet. I tillegg nyttar dei større grad av adverb og adjektiv som går på integrering og samkøying, noko som er presisert ytterlegare i del 6.2 av oppgåva. Vandringsmetaforen er med på å dempe inntrykket av strid i samband med EEC/EF/EU-presentasjonane, men gjev samstundes eit meir determinert inntrykk av europeisk integrasjon, som mål ein gradvis har nærma seg. Samstundes er det viktig å sjå dette i samband med norske bøker sitt fokus på Noreg og innanrikspolitiske tilhøve, i kontrast til svenske bøker, som i større grad ser på europeisk integrasjon frå ein ståstad utanfor Sverige.

6.5 SAMANFATTANDE DRØFTING

I den kvalitative innhaldsanalysen av dei ulike lærebøkene, er det fleire funn som indikerer vesentlege skilnader mellom norske og svenske presentasjonar. Ein finn òg endringar i prioriteringar, ut i frå kva historiske periode bøkene er frå. Denne samanfatinga tek sikte på å drøfte funna i dei tre analysetemaa opp mot historiske, skulefaglege og politiske faktorar.

Fyrst vert hovudtrekka i utviklinga av innhaldet i bøkene lagt fram. Dinest vil desse bli drøfta opp mot tre ulike felt, som kan vere med på å forklare kvifor meininga i bøkene står fram som ho gjer. Det fyrste diskusjonsområdet dreier seg om historiske og politiske forklaringar på kvifor norske og svenske bøker varierer i posisjoneringa mellom nasjonale og globale presentasjonar. Slik omgrepa er nytta i denne oppgåva vil nasjonale presentasjonar omfatte framstillingar av innanrikske vilkår, i samband med spørsmåla om europeisk integrasjon. Globale presentasjonar ser på europeisk integrasjon lausrive frå verknadene prosessen får for landa bøkene er skrivne i. Det andre feltet søker å vise korleis lærebøkene speglar røynda dei vart til i, og vurdere om dei legitimerer eksisterande tilhøve. Dette emnet vil vidare bli diskutert i samband med ståstaden åt samtidshistorikaren. Til slutt kjem ei drøfting kring korleis det oppgåva kallar heilaggjorte institusjonar i Noreg og Sverige, er med på å setje rårer for kva som blir diskutert i bøkene, og kva som blir presentert med ein normativ tendens.

6.5.1 HOVUDTREKK

Eit gjennomgåande trekk er at dei norske bøkene tek meir utgangspunkt i drøftingar kring følgjer for den norske stat, enn dei svenske gjer i høve til Sverige. I historiebøkene kan dette forklarast gjennom at norske bøker har tradisjon for å dele nordisk/norsk historie og verdshistorie i to emne. Dette gjev likevel ikkje svar på kvifor tendensen er likeins i samfunnskunnskapsbøkene. Allereie i samanlikninga mellom bøkene frå den fyrste perioden viser det seg at svenske bøker presenterer Europa som ein region som høyrer saman, og medviten har søkt tettare integrasjon. I dei norske bøkene frå same periode vert ikkje denne historiske fellesskapen nemnt. NH1 går rett på presentasjonen av Noreg si haldning til EEC, medan NS1 peikar på at økonomiske føremon ved å senke tollgrensene har ført til at det ”*har vorte to store økonomiske blokkar*” (Andenæs et al., 1971, s. 106). I den fyrste perioden viser både dei svenske bøkene til ein historisk fellestanke i Europa. Eit av svara på kvifor bøkene fokuserer dette er at gjeldande læreplan legg føringar for det. Seinare læreplaner i Sverige har ikkje med dette målet, og med det forsvinn presentasjonane av ”Europatanken”. I både landa er økonomiske føremoner eit hovudfokus i dei tidlege bøkene. Dette kan ein finne ei historisk forklaring på, i samanheng med at dei økonomiske argumenta til ja-sida var dominerande i tidlegare fasar av EEC-ordskifta (Eriksen & Pharo, 1997, s. 287ff, 307).

I bøkene frå den andre perioden ber både dei norske preg av presentasjonen av EF-debattane.

Dei innanrikske ordskipta, føringane for det politiske indre livet, og årsaksforklaringar som skal skildre kvifor ein har ei polarisering i EF-spørsmålet, er sentrale. Dette har sjølv sagt samband med at EF-voteringa i Noreg faktisk fall saman med relativ politisk instabilitet, og at saka var medrivande. Sverige søkte aldri om tilslutning til EEC, og manglar difor slike problemstillingar. Det kom aldri til strid i Sverige på 70-talet (Sejersted, 2005, s. 503). I dei svenske bøkene frå den same perioden kjem den boka som skil seg mest frå dei andre. SH2 har eit kritisk utgangspunkt, med fokus på det negative ved USA sitt hegemoni, der emne om EF er handsama. Denne boka er utprega problemorientert, og verkar ikkje å ha nokon motivasjon for korkje å forsvare status quo, eller kome med framlegg opp ei betre samfunnsorganisering. SS2 held derimot på den svenske trenden med å konkludere med at frihandel og økonomisk samhandling er eit gode. SH2 har ikkje med noko om svenske tilhøve. SS2 peikar på at årsaka til at det svenske samarbeidet med Europa ikkje har blitt tettare, ligg i kravet om ein nøytral ståstad i utanrikspolitiske spørsmål, noko som potensielt er i disharmoni med dei europeiske målsetjingane.

I den tredje perioden ber svenske bøker naturleg nok preg av at landet har gått inn i EU. Særleg SS3 fokuserer kraftig på EU si oppbygging, og kva verknader unionen får for Sverige. Unionen er presentert som eit gode, men svake trekk ved administrasjonen er drøfta. Ein finn likevel ikkje nokon presentasjon kring interne debattar før folkerøystinga. Bøkene gjev derimot inntrykk av at usemje ikkje eksisterte, fordi emnet ikkje er presentert. SH3 nemner ikkje ein gong det jamne resultatet av folkerøystinga, men fastslær berre at Sverige vart medlem av EU. I høve til at eit relativt knapt fleirtal av svenske borgarar ynskte medlemskap i EU verkar presentasjonen noko mangelfull. Svenske bøker synast å legitimere kor landet står, gjennom å utelate å presentere argumentasjon for og i mot tilslutninga. NH3 har stort fokus på dei to norske sidene i EU-debatten, men er meir oppteken av å finne og vise forklaringar på kvifor Noreg to gonger har sagt nei til å gå inn i EF/EU, enn å legitimere avgjerda. Det er ein drøftande stil i NH3 som spør ”Kva det er med Noreg?”, heller enn å seie ”Slik er det i Noreg.” NS3 er den norske boka med tydelegast europeisk fokus, og utelét å vise til den norske debatten om EU. Ho er likevel i tråd med den førre norske samfunnsfagboka i høve til å leggje vekt på grunnlova. Felles for alle bøkene frå den tredje perioden er at dei viser til europeisk integrasjon som eit fredsprosjekt. I dei tidlegaste bøkene kjem ikkje denne motivasjonen for samarbeid til syne i det heile.

6.5.2 NASJONAL VERSUS EUROPEISK FRAMSTILLING

I samband med fleire analysekategoriar er det slege fast at dei norske bøkene er opptekne av norske tilhøve, medan dei svenske har eit utgangspunkt som er meir generelt. Noko av forklaringa på dette kan ein moglegvis finne i historia. Noreg låg under framand styre i lang tid før landet vart ein sjølvstendig stat etter nyare modell i 1905. Sverige har lange tradisjonar for sjølvstyre, og har dertil hatt ei historisk rolle som ein europeisk maktfaktor. Grunna den norske stillinga som relativt ung statsdanning kan det vere at sjølvstyre enno står som noko ein må framheve og ta vare på. Sverige treng kanskje ikkje å fokusere så sterkt på dette feltet, då landet ikkje har opplevd å bli diktert av ei anna makt i seinare tid. Tilhøva med tysk okkupasjon av Noreg under andre verdskrigen kan vere med på å forsterke dette særtrekket. Ikkje lang tid etter at landet fekk sjølvstende missa Noreg den ferske fridomen sin, og måtte enno ein gong agere på befaling frå ein annan stat. Sverige sto formelt utanfor krigen, og vart aldri okkupert. Desse forskjellane kan ha ført til at autonomi er noko Sverige tek for gjeve, medan Noreg verkar oppteken av å verne om retten til å rå seg sjølve.

Sverige sitt fokus på generell framstilling av europeisk samarbeid, og det norske sjølvfokuset, kan òg ha samanheng med det økonomiske inntektsgrunnlaget for dei to landa. Noreg sine hovudinntekter kjem mykje godt av naturressursar som er tilgjengeleg på norsk territorium, det vere seg olje og fisk. Sverige har ein annan type inntekter som i stor grad byggjer på produksjon, og dimed liknar meir på mykje av industrien på det europeiske kontinentet. I større grad enn Noreg har Sverige evna å byggje opp store selskap innanfor mellom anna telekommunikasjon, elektronikk, samt bil- og flyindustri. I Noreg er altså råstoff knytt til sjølve territoriet eit inntektsgrunnlag. Sverige har, i tillegg til malm og skog, i større grad inntektene sine frå næringar som er mindre knytt til produksjonsstad, og heller til patenterte idear. Dette er sjølvsagt ei sterk enkelgjerding av dei økonomiske tilhøva i landa, men situasjonen kan likevel vere med på å skape ulike haldningar til nasjonalt sjølvstende og deltaking i europeisk integrasjon.

Analysen har vist variasjonane mellom dei to landa si haldning til Europa gjennom å peike på den norske tendensen til å nytte ord som framhevar sjølvstyre og råderett, der dei svenske bøkene har fokus på fellesløysingar og samarbeid. Metaforbruken i bøkene er med på å understreke ein del skilnader mellom landa, i synet på utviklinga av EEC/EF/EU. I SS2 og SS3 er tettare integrasjon i Europa ein veg som vert vandra. I dei norske bøkene, med unnatak av NS3, oppstår det kampmetaforar der EF og EU er debattert. At svenske bøker har ein meir

fredeleg inngang til emnet, vert understreka av at bøkene jamt over er prega av overleksikalisering av omgrep som skildrar fellesskap og samarbeid. Norske bøker har kontrastivt hyppigare bruk av omgrep som skildrar idear om sjølvstyre som verdi. Til ein viss grad kan det verke som om vandringsmetaforen i dei svenske bøkene er med på å svekke moglegheiter for å drøfte kva retning integrasjonen i Europa skal ta. Metaforar kring målretta gange kan motivere ei forståing av at hendingane er deterministiske. At svenske bøker knapt nemner kva som har vore motargumentasjonen mot auka europeisk samarbeid, er med på å styrke denne oppfatninga. Særleg er dette ein påfallande observasjon då ein veit at det var eit knapt fleirtal som røysta for å få Sverige inn i EU, i 1994. Røystene til dei nærare 47 % som hadde eit anna syn på avgjerda er utelatne i dei svenske lærebøkene.

6.5.3 LEGITIMERING AV EKSISTERANDE TILHØVE

Motivasjonen bak å studere lærebøker i denne oppgåva, er rolla bøkene har i det å spegle nasjonale diskursar. I følgje ei slik forståing har prioriteringane i bøkene samband med den historiske perioden bøkene vart til i. Som del av denne funksjonen kan ein vurdere om, og eventuelt korleis, lærebøker søkjer å legitimere den røynda dei presenterer. Eit tydeleg trekk på tvers av alle bøkene, sett bort frå SH2, er at skulebøker i samfunnsfag verkar å forsvare samfunnet slik det står fram i den tida bøkene vart skrivne. Legitimeringsaspektet trer fram både i dei svenske og dei norske bøkene.

Dei eldste bøkene i analysen peikar dei seg ut gjennom å ha det sterkaste fokuset på dei økonomiske verknadene av europeisk integrasjon. Som kontekstsetjinga har vist, var tida etter andre verdskrigen ein periode med optimisme og framdrift. Trua på ei vidare positiv økonomisk utvikling, og betra levekår som eit praktisk resultat, kan ha vore med på å styre kvifor forfattarar i både Noreg og Sverige har vald å fokusere på dei økonomiske årsakene til europeisk samarbeid i denne perioden. Samstundes var faktisk økonomiske spørsmål mest aktuelle som ja-argument for tettare integrasjon (Sejersted, 2005, s. 501). Vinklinga treng difor ikkje ha noko med legitimering å gjere, men kan rett og slett vere eit resultat av at forfattarane har framstilt verda i tråd med kva som sto som argument i debatten om samarbeid i Europa.

I den siste analyseperioden viser det seg at dei svenske bøkene ikkje presenterer argumenta mot EU-medlemskap. Her kan ein ikkje bortforklare den einsidige presentasjonen med at

Sverige ikkje hadde nokon store debattar kring søknad om medlemskap i europeiske samskipnader, slik ein kan gjere i bøkene frå dei andre periodane. Det at opposisjonelle røyster i Sverige ikkje er vektlagt i presentasjonane, kan tolkast som ei implisitt legitimering av EU-medlemskapen. Etter 1995 vart Sverige ein del av EU, noko staten må arbeide ut i frå. Difor kan ein med legitimeringsomsyn hevde at det ikkje er relevant kva motførestellingar som eksisterte i høve til ordninga. Det er ikkje dermed sagt at dei svenske bøkene er einsidig positive i sin presentasjon av EU. Dei er derimot tydelege på å drøfte kva utfordringar som eksisterer innanfor unionen. Røystene til dei som har vore i mot sjølve unionen er likevel ikkje til stades.

I bøkene frå den seinaste perioden kjem grunngevingane for den europeiske fellesskapen sin oppkomst som eit fredsprosjekt til syne. Fredsprosjektet oppstår brått som ei ny årsaksforklaring for kvifor ein fekk auka grad av europeisk samordning. Kvifor oppstår ikkje dette argumentet i dei eldste bøkene? Ein skulle kunne tenkje seg at argumentet burde vere gjeldande i tida tett etter andre verdskrig. Ei av forklaringane kan ha samband med ståstaden åt samtidshistorikaren. Ein som skriv om den nære historia står sjølv midt oppe i utviklinga vedkommande skildrar. I høve til dei som kan betrakte historia på avstand, etter at ein har sett kva resultat ho har ført med seg, vert horisonten til samtidshistorikaren ein annan. For samtidshistorikaren er konsekvensane enno ikkje definert, og dette kan føre til at fokus på akutte behov vert kraftigare ljosssett i presentasjonane. I og med at analysegrunnlaget viser at bøkene som kom tett etter andre verdskrig i stor grad grunnjev europeisk samarbeid med mål om økonomisk vekst, kan det verke som om nett den økonomiske situasjonen var det som sto fram som viktigast og mest prekært etter krigen. I ettertida si evaluering av Vest-Europa finn ein at det ikkje har kome til krig mellom land i denne regionen. Då vert det truleg enklare å sjå freden i samband med skipinga av den Europeiske Fellesskapen og Unionen, og lage ei kausalforklaring som går på dette samanfallet. Eit anna alternativ kan vere at forfattarane nyttar den historiske framstillinga si for å legitimere kor viktig EEC/EF/EU har vore, i og med at organisasjonen no er komen så langt, at ein ikkje ser moglegheit til å bygge ned integrasjonen. Om dette er tilfellet vil fredsprosjektet EF/EU vere eit viktig argument for vidare utviding av unionen.

I tillegg kan det ha vore problematisk å nytte fredsprosjektet som ei grunngeving i periodar som hamna under den kalde krigen, då situasjonen òg i Vest-Europa var svært spent. Fyrst etter Sovjetunionen fall, og den bipolare maktstrukturen vart historie, la ein kanskje merke til

at det faktisk hadde vore fredeleg samverke i Vest-Europa etter den andre verdskrigen. Under den bipolare maktbalansen verka kanskje ein slik situasjon å vere uoppnåeleg, og det ville difor ikkje harmonert med den eksisterande røynda om lærebøker i samfunnsfag skulle hevda at europeiske organisasjonar hadde mål om å skape fred i Europa. I så fall ville ein ikkje sett spor av denne målsetjinga i verkelegheita, og samarbeidsorganisasjonane ville stått fram som resultat av fallerte prosjekt. Det ein derimot kunne avdekkje, var korleis handelssituasjonen i Europa sto fram, og den hadde auka monaleg mellom landa innanfor regionen. Å setje økonomiske grunngevingar for samarbeidet ville slik føre til at samarbeidet verka å vere vellukka utifrå målsetjinga. Eit mål om legitimering av eksisterande tilhøve, i kombinasjon med samtidshistorikaren sine utfordringar med å leve i historia han skildrar, kan vere forklaringa på at fredsmotivasjonen for europeisk samarbeid ikkje kom til syne før i seinare lærebøker.

6.5.4 HEILAGGJERING AV INSTITUSJONAR

I alle samfunnsfaglege lærebøker er det nokre emne som i mindre grad enn andre blir diskuterte og debatterte. Dette gjeld for dei institusjonane som forfattarane, medvitne eller ikkje, søkjer å implementere som ein positiv verdi i elevane si verdsorientering. Denne oppgåva nyttar omgrepet heilagging om den normative handsaminga av slike emne. Omgrepsbruken er i tråd med måten Knut Chr. Clausen har nytta synonymet *sakralisering* i si masteroppgåve, *Samtidsdiagnoser. Sakraliserte verdier og tekstmakt i samfunnsfagbøker* frå 2007 (Clausen, 2007). Denne oppgåva nyttar ikkje heilagging som ein religionsvitskapleg term, men som normativt orienterte presentasjonar av eit emne. I samband med emna som er analysert i desse bøkene er det særleg to institusjonar som verkar å vere heilaggjort. Nøytralitetsidealet i dei svenske bøkene, og grunnlova i dei norske. I tillegg diskuterer dette delkapitlet i kva grad presentasjonane i bøkene er demokratiske.

Heilagging av nøytralitetspolitikken finn stad fordi dette er eit emne som ikkje blir diskutert, eventuelt berre presentert som positivt. Svenske bøker ymtar om at ein nøytral ståstad i høve til maktpolitiske spel er eit urokkeleg element i svensk utanrikspolitikk. Nøytraliteten vert skildra som naturleg, tradisjonell, og eit hinder for å involvere seg i koalisjonar som kan true institusjonen. Bøkene som kjem etter at Sverige har gått inn i EU viser til at Sovjetunionen sitt fall svekka det potensielle trugsmålet mot Sverige, og legitimerer på den måten at det er teke steg bort frå nøytralitetsidealet. Dette punktet er likevel

ikkje vidare drøfta. I SS3 er det understreka at Sverige sine vilkår, i samband med avtalen med EU, inneber full alliansefridom (Palmquist & Widberg, 1998, s. 157). At dette er vekta er med på å styrke dei positive haldningane til nøytralitet som eit svensk særtrekk. Heilagginga av nøytraliteten er samstundes i tråd med svenske tidsbilete. Sverige avsto frå å søkje medlemskap i EEC på 60- og 70-talet, slik Noreg gjorde. Det avgjerande argumentet var omsynet til nøytralitetspolitikken. Francis Sejersted hevdar at det var Sverige, og ikkje Noreg, som var det verkelege ”annleis-landet” i Europa. Han hevdar at nøytralitetsidealet sto så sterkt, at dersom det hadde kome til ei folkerøysting i 1972 i Sverige, ville nei-fleirtalet vore mykje større enn i Noreg (Sejersted, 2005, s. 502).

Der svenske bøker heilaggar nøytralitetspolitikken, kontrar norske bøker med å gjere det same med den norske Grunnlova. Ein faktor som medfører at norske bøker har stort innslag av fokus på sjølvstyre, er nettopp at denne vinklinga oppstår i samband med drøftingar kring grunnlovsendingar. Grunnlova verkar å vere eit så viktig nasjonalt symbol at ein ser det som ei påkravd oppgåve å diskutere mekanismar som kan føre til endringar i ho. Dei svenske bøkene nemner lite om den svenske lovgjevinga i samband med haldninga til Europa, frårekna tilhøve som kan truge nøytraliteten. I SS3 er det nasjonale lovverket nemnt, men i den samanhengen kjem det ikkje til syne noko ynskje om å oppretthalde det slik det eksisterer. Det er heller ei pragmatisk forståing av lovverket som noko som er med på å regulere avgjerdsmyndigheit mellom EU og Sverige, som vert lagt fram. Det norske fokuset kan hengje saman med at den norske Grunnlova er eit kjært nasjonalt symbol. Denne haldninga kjem mellom anna til syne gjennom den storstilte feiringa av 17. mai i Noreg kvart år. Eit eige lovverk er eit viktig element i det å konstituere ein uavhengig stat, og dei norske prioriteringane kan difor peike attende på dei historiske straumdraga som vert diskuterte under 6.5.2.

Eit viktig og uttalt mål i det norske skuleverket er at samfunnsfaget skal ha ein demokratisk funksjon. Dette kjem eksplisitt til syne i R94. I analysen av bøkene kan demokratiopplæringa si stilling i Noreg vere med på å forklare den framståande vinklinga på dei norske EF/EU-debattane, som ein ikkje finn eit svensk motsvar til. Dei norske bøkene har ein demokratisk funksjon gjennom å stille opp motpolar når dei presenterer debattane kring europeisk samordning. I R94 er det demokratiske formålet til skulen særleg fokusert i samfunnslærefaget. Demokrati som mål er derimot ikkje eksplisitt uttalt i dei andre læreveka dei norske bøkene byggjer på. I dei svenske læreplanane er heller ikkje mål om å utvikle

elevane sin demokratiske sans direkte uttalt. Det er likevel mogleg å tenkje seg til at demokratisk tankesett er ein bakgrunnsfaktor for å kunne utvikle kunnskapar om samfunnstilhøve, og evne til deltaking, slik dei svenske læreplanmåla tek sikte på. Den seinaste svenske læreplanen viser dessutan til at samhällskunskapsfaget skal bidra til å forankre dei verdiane som samfunnet kvilar på. Demokrati er eit sentralt omgrep i den samanhengen. I høve til at ein ikkje finn ei drøfting av tilslutninga til EU i dei svenske bøkene, verkar dette målet vere svekka. Uansett vert ikkje føringane i læreplanane tilstrekkelege som forklaringsfaktorar for kvifor dei norske bøkene har ei meir drøftande haldning til europeisk integrasjon, enn det dei svenske har. Ein må tydelegvis sjå stillinga i samband med dei historiske og legitimerande årsakene, som drøftinga har peika på tidlegare.

Dei svenske bøkene er konsensusorienterte, både i innhald og metaforbruk. Dette kjem klårt til syne i den fellesorienterte ordbruken dei legg for dagen. Likevel kan det verke som om samarbeid og fellesfokus skyv dei interne spenningane som eksisterte i landet under teppet. Svenske bøker gjer spørsmålet om integrasjon i Europa til mindre av ein strid, noko metaforbruken er med på å konkretisere. I samband med dette kan ein innvende at ei slik vinkling til dels pasifiserer elevane, når det gjeld å stille seg i posisjon i høve til unionen. Om ein berre får presentert pragmatiske argument, som talar for ein union, er det vanskeleg å sjølv setje seg i opposisjon til ordninga. Sjølv i dei eldre svenske bøkene manglar ein den tosidige presentasjonen av eit europeisk samarbeid. Omsynet til nøytralitetspolitikken er den einaste forklaringa som kjem på kvifor Sverige ikkje har tettare kontakt med Europa. Når det gjeld dei nyaste svenske bøkene vert presentasjonen meir forståeleg, ut i frå at landet er del av ein realitet som omfattar eit medlemskap i den Europeiske Union. Samstundes er det lite i dei to siste bøkene som indikerer at eit knapt fleirtal ynskte Sverige inn i EU. Den svenske opposisjonen har ingen plass i lærebøkene.

På dette området er dei norske bøkene meir demokratiske enn dei svenske. Kanskje kan ein takke den suksessfulle opposisjonen mot EU for at motstridande argument har fått så stor plass i dei norske bøkene? Om ein ser nærare på det reint meiningsbærande i bøkene verkar det likevel som om opposisjonsrørsla har hatt lite å seie for innhaldet. Ein kan ikkje sjå dei norske presentasjonane som eit forsvar for nei-sida i Europadebattane. Nei-sida er derimot presentert i nedsetjande vendingar i NH3, der det å vere nei-veljar vert lenka opp mot rasisme, inngrodde haldningar og sjølvgodheit. Då er det heller meir sannsynleg at det er det norske tilhøvet til Grunnlova i landet, og idealet om demokratisk oppseding, som er med på å styre

den tosidige presentasjonen. Samstundes kan det vere vanskeleg å stille seg nøytral i ei sak som omhandlar medlemskap i ein overnasjonal organisasjon. Forfattarane har òg sjølv ein ståstad i høve til spørsmålet. Dette kan vere med på å forklare kvifor norske forfattarar søkjer å presentere motstridande haldningar til europeisk integrasjon. På den måten kjem ein unna sine egne argument i saka. Uansett verkar den norske presentasjonen meir demokratisk enn den svenske. Etter å ha fått presentert både forsvar for og motstand mot tettare integrering, står ein sterkare rusta til å ta eit medvite val i høve til eigen ståstad kring spørsmålet.

7 KONKLUSJON

Dette prosjektet har teke sikte på å vise korleis europeiske integrasjonsforsøk, og ordskifta kring same emne, er presentert i norske og svenske læreverk. Komplementært er det òg vurdert korleis nasjonale framstillingar har kome til syne i bøkene.

Eit generelt trekk ved lærebøkene, dersom ein ser på den vertikale utviklinga, er at grunnlaget for det europeiske samarbeidet går frå å vere økonomisk fundert, til å bli skildra som eit fredsprosjekt. Då dette er felles for bøker i både landa, kan det til dels forklarast med at samtidshistorikaren står midt oppe i ein prosess, og difor ikkje er i posisjon til å grunnkje ei utvikling. Fredelege tilhøve er noko ein kan sjå attende på, ikkje føreseie. Samstundes står ein slik presentasjon i stil med at dei økonomiske argumenta, og ikkje dei politiske, vog tyngst i dei tidlege fasane av Europadebattane.

Norske bøker peikar seg ut ved å ha større fokus på sjølvråderett og suverenitet enn dei svenske. Til dels har dette samanheng med at Grunnlova er kraftig fokusert i dei norske samfunnsfagbøkene. Trugsmål mot innhaldet i Grunnlova, som t.d. overdraging av makt, er difor debattert. Svenske bøker har eit tilsvarande forhold til sitt ideal om nøytralitetspolitikk. Dette er eit emne som ikkje vert drøfta. Elles legg svenske bøker betydeleg meir vekt på idear om europeisk fellesskap, enn dei norske.

Ein avgjerande forskjell mellom bøkene er at dei norske fokuserer på interne tilhøve, medan dei svenske har eit relativt svakt fokus på kva som går føre seg i Sverige, i samband med presentasjonen av europeisk integrasjon. Det å skrive lærebøker som berre går på norsk historie er kanskje i utgangspunktet eit teikn på ein diskurs som set det særsegne norske i fokus. Samstundes gjer dette at elevane får eit bilete av to motstridande utgangspunkt i synet på europeisk integrasjon når dei les dei norske bøkene. I norske læreverk er argument for og i mot tilslutning til EF og EU presentert. I ingen av dei svenske bøkene står det noko om argumenta som eksisterte hjå dei som ikkje ynskte eit tettare samarbeid i Europa. Dette får det til å sjå ut som om det ikkje har vore nokon debatt om europeisk samarbeid i Sverige. Opposisjonen er på den måten gjort usynleg. Norske elevar får på si side ei demokratisk framstilling av ulike syn.

I samband med metaforbruk viser dei norske bøkene til spørsmål om europeisk integrasjon ved hjelp av ein omgrepsbruk som kan knytast til kamp og strid. Liknande metaforar finst ikkje i Sverige. I nokre av dei svenske bøkene finn ein leksikalske referentskoplingar som viser ein metafor om tettare europeisk integrering som et mål på ein veg som blir vandra. Dette kan verke deterministisk. Samstundes kan det vere at denne metaforen ikkje finst i norske bøker, fordi få av dei gjer greie for korleis samskipnadene har oppstått.

Felles for alle bøkene, sett bort frå SH2, er at dei ser ut til å legitimere status quo i dei landa dei er skrivne. Det kan difor verke som om lærebøker i samfunnsfag er eigna til å spegle den røynda dei vart til i.

8 TEKSTMATERIALE TIL GRUNN FOR OPPGÅVA

Denne oppgåva har teke utgangspunkt i fleire ulike typar litterære kjelder. Læreverka har utgjort primærlitteraturen, då det er dei som har vore utgangspunkt for analysen. Som inspirasjon og inngang til emnet, samt for å skape historiske råmer kring oppgåva, har tematiske og historiske bøker og tekstar fungert som bakgrunns litteratur. Offentlege dokument har hatt ei rolle i å skape ein skulefagleg kontekst for analysen, medan samfunnsfagleg teori- og metodelitteratur har vore eit naudsynt verkty for å lage ei oppgåve med rot i humanistisk forskningstradisjon.

8.1 PRIMÆRLITTERATUR

Andenæs Johs, Jan Brøgger, Fritz C. Holte. (1978). *Samfunnskunnskap for den videregående skolen*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag.

Andenæs Johs, Odd Aukrust, Ingard Hauge. (1971). *Samfunnskunnskap for gymnaset*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag.

Björkblom, Sixten, Anders Altersten, Hans-Olof Hanselid, Kurt Liljequist. (1976). *Världen, Sverige och vi – Grundbok*. Stockholm: AW Läromedel.

Björkblom, Sixten. (1965). *Samhällskunskap för gymnasiet*. Stockholm: Almqvist & Wiksell/Gerbers Förlag.

Bull, Edvard. (1968). *Nordmenn før oss – Norgeshistorie for gymnaset*. Oslo: Johan Grundt Tanum Forlag.

Emblem, Terje, Ivar Libæk, Øivind Stenersen, Tore Syvertsen. (2000). *Norge 2*. Oslo: Cappelen.

Emblem, Terje, Ivar Libæk, Øivind Stenersen, Asle Sveen, Svein Aastad. (1995). *Samfunnslære*. Oslo: Cappelen.

Eriksen, Tore Linné, Terje Halvorsen, Knut Einar Eriksen. (1984). *Fortid og Samtid 2. Norsk historie etter 1850*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Nordell, Erik, Jan K.G. Gustafson, Sven-Åke Johansson. (1968). *Historia*. Stockholm: Läromedelsförlaget Bokförlagen.

Palmquist, Christer & Widberg, Hans Christian. (1998). *Millennium – Samhällskunskap A och BC*. Stockholm: Bonniers.

Samuelson, Sven & Hildingson, Lars. (1985). *Forntid till nutid 2*. Stockholm: Natur och Kultur.

Skrutowska, Karin, Jan Stattin, Gunnar T. Westin, Torbjörn Norman. (1997). *Människan genom tiderna*. Stockholm: Natur och Kultur.

8.2 BAKGRUNNSLITTERATUR

Andersen, Kent & Tybring-Gjedde, Christian. (2010). *Drøm frå Disneyland*. Henta 2010-10-26 frå <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article3783373.ece>

Berggren, Lars & Greiff, Mats. (2000). *En svensk historia från vikingatid till nutid*. Lund: Studentlitteratur.

Clausen, Knut. (2007). *Samtidsdiagnoser. Sakraliserte verdier og tekstmakt i samfunnsfagbøker*. Trondheim: Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet.

Eriksen, Knut Einar & Pharo, Helge Øystein. (1997). *Kald krig og internasjonalisering 1949-1965*. Oslo: Universitetsforlaget.

Furre, Berge. (2004). *Norsk historie 1914-2000*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Glasser, Liv & Ruud, Jørn W. (2008). *Fra EU-direktiv og –forordning til norsk lov*. Universitetet i Bergen: Henta 2011-05-16 frå <http://www.ub.uib.no/fag/rechtsvit/fraEUtilnorsklov.htm#Veto>

Gustafson, Harald. (2007). *Nordens historia. En europeisk region under 1200 år*. Lund: Studentlitteratur.

Hedenborg, Susanna & Kvarnström, Lars. (2010). *Det svenska samhället 1720-2000*. Lund: Studentlitteratur.

Hedenborg, Susanna & Kvarnström, Lars. (2006). *Det svenska samhället 1720-2000*. Lund: Studentlitteratur.

Henriksen, Kristin & Aalandslid, Vebjørn. (2005). *Deltar vi mindre enn før – eller bare på en annen måte?* Henta 2011-05-17 frå <http://www.ssb.no/ssp/utg/200605/13/>

Hernes, Gudmund. (2010). *Et Disneyland i Spania*. Henta 2010-10-26 frå <http://www.morgenbladet.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20100910/OBAKSIDEN/709109993>

Hobsbawm, Eric. (2003). *Ekstremismens tidsalder. Det 20. århundrets historie*. Oslo: Gyldendal forlag.

Lässig, Simone et al. (2010). *Competition and Convergence: Images of Europe in German and French Textbooks From 1900 to the Present Day*. Henta 2010-12-02 frå <http://www.gei.de/en/research/the-european-schoolhouse/europe-and-the-national-factor/competition-and-convergence.html>

Lorentzen, Svein. (2005). *Ja, vi elsker ... Skolebøkene som nasjonsbyggere 1814-2000*. Oslo: Abstrakt Forlag.

Lorentzen, Svein. (1990). *Norden i Norge – Hva norske historiebøker forteller om de nordiske naboland*. I Ahonen Sirkka, Gruvberger Nils m.fl. (1990) *Historiedidaktikk i Norden* 4. Kalmar: Högskolan i Kalmar.

- Mediås, Odd Asbjørn. (2010). *Skolehistoriske holdepunkt*. Oslo: Didakta Norsk Forlag.
- Miles, Lee. (2005). *Fusing with Europe?: Sweden in the European Union*. Cornwall: Ashgate Publishing.
- Neumann, Iver B. (2001). *Norge – en kritikk. Begrepsmakt i Europa-debatten*. Oslo: Pax forlag.
- Schissler, Hanna & Soysal, Yasemin Nuhoglu. (2005). *The Nation, Europe and the World – Textbooks and Curricula in Transition*. New York: Berghahn Books.
- Sejersted, Francis. (2005). *Sosialdemokratiets tidsalder – Norge og Sverige i det 20. Århundre*. Oslo: Pax forlag.
- Slagstad, Rune. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax forlag.
- Stugu, Ola Svein. (2001). *Oppsedande fortidsbilete*. I Historisk tidsskrift Bind 80, (2), s. 247-265. Tangen: Universitetsforlaget.
- SVTplay. (1994). *Ja eller nej till EU*. Henta 2011-01-12 frå [http://svtplay.se/v/1392971/oppet arkiv/ja eller nej till eu - debatt del 1](http://svtplay.se/v/1392971/oppet_arkiv/ja_eller_nej_till_eu_-_debatt_del_1)
- Tamnes, Rolf. (1997). *Oljealder*. Oslo: Universitetsbiblioteket.
- Tønnesson, Johan L. (2002). *Kritikkløse lærebøker?* I Historisk tidsskrift 02/03 frå 2002.
- Wenzeler, Barbara M. (2003). *The Presentation of the Holocaust in German and English School History Textbooks – A Comparative Study*. I *International Journal of Historical Learning, Teaching and Research*. Volume 3 number 2 July 2003. Exeter: History Education Centre. School of Education and Life Long Learning.

8.3 BAKGRUNNSKJELDER

Kirke - utdannings-, og forskningsdepartementet. (1994). *Samfunnslære. Videregående kurs 1*. Oslo: Henta 2011-02-20 frå http://www.udir.no/Artikler/_Lareplaner/Lareplanverket-for-videregaende-opplaring-R94/?id=1120#Felles%20allmenne%20fag

Kirke - utdannings-, og forskningsdepartementet. (1996). *Læreplan for videregående opplæring. Eldre historie. Nyere historie. Felles allmenne fag*. Oslo: Henta 2011-02-20 frå http://www.udir.no/Artikler/_Lareplaner/Lareplanverket-for-videregaende-opplaring-R94/?id=1120#Felles%20allmenne%20fag

Kungl. Skolöverstyrelsen. (1965). *Läroplan för gymnasiet*. Stockholm: Skolöverstyrelsens skriftserie 80.

Kungl. Skolöverstyrelsen. (1970). *Läroplan för gymnasiet*. Stockholm: Utbildningsförlaget.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet. (1976). *Læreplan for den videregående skole. Del 2. Felles allmenne fag*. Oslo: Gyldendal.

Skolverket. (1997). *Samhällsvetenskapsprogrammet*. Stockholm: Norstedts Tryckeri AB.

Undervisningsrådet. (1950). *Undervisningsplaner*. Oslo: Brøggers Boktrykkeris Forlag.

8.4 TEORI- OG METODELITTERATUR

Angvik, Magne. (1982). *Skolebokanalyse som tema for lærarutdanning og forskning*. Norsk Pedagogisk Tidsskrift, 10. Årgang 66. Oslo: Universitetsforlaget.

Bakhtin, Mikhail M. (Omsett av Slaatelid, Rasmus T.). (2005). *Spørsmålet om talegenrane*. Oslo: Pensumtjeneste AS.

Bergström, Göran & Boréus, Kristina (red.). (2009). *Textens mening och makt*. Lund: Studentlitteratur.

Fairclough, Norman. (2001). *Language and Power – Second Edition*. Essex: Pearson Education.

Fairclough, Norman. (1995). *Critical Discourse Analysis – The critical study of Language*. Essex: Pearson Education.

Kjelstadli, Knut. (2000). *Fortida er ikke hva den en gang var – En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.

Pingel, Falk. (2010). *UNESCO Guidebook on Textbook Revision - 2nd revised and updated edition*. Paris/Braunschweig: United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization, and the Georg Eckert Institute for International Textbook Research.

Repstad, Pål. (2007). *Mellom nærhet og distanse – Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo: Universitetsforlaget.

Svennevig, Jan, Wenche Vagle, Margareth Sandvik. (1995). *Tilnærminger til tekst*. Landslaget for norskundervisning. Oslo: Cappelen.

Vagle, Wenche, Margareth Sandvik og Jan Svennevig. (1993). *Tekst og kontekst*. Oslo: Cappelen.

TABELLISTE

Tabell 1: Grunngevingar for at eit europeisk samarbeid har oppstått	57
Tabell 2: Oversyn over omgrep knytt til suverenitet og samarbeid	62
Tabell 3: Fordeling av omgrep i lærebøkene	63